

2022
Stord

Ordføreren

ÅRSMELDING 2022

Me var mange som trudde 2022 skulle vera året der me kom tilbake til «normalen» etter to ekstraordinære år prega av koronapandemien. Men, når me no ser tilbake, vart også 2022 eit ekstraordinært år der hendingar på den internasjonale arenaen påverkar oss også her på Stord.

Året var framfor alt prega av Russland sin brutale angrepskrig mot Ukraina. Som følgje av krigen er millionar drivne på flukt; i 2022 kom 35 000 av dei hit til Noreg. I Stord har me teke vår del av ansvaret i denne situasjonen, og busette i løpet av 2022 over hundre personar totalt, dvs. nesten det dobbelte av det me har busett på det meste nokon gong tidlegare. Me har klart å ta imot dei på ein god måte, takka vera dyktige tilsette i flyktingtenesta vår, samt frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og einskildinnbyggjarar som har stilt opp på ulikt vis. Eg vil nytta høvet til å takka dykk alle.

2022 var også – dels som konsekvens av krigen i Ukraina – prega av energikrise, galopperande straumprisar, generell prisvekst og renteoppgang. Dette har gjort kvardagen utfordrande for mange. Også for den kommunale verksemda har straumpriskrisen, inflasjon og renteoppgang skapt utfordringar ved å gjera allereie stramme økonomiske rammer endå strammare. Likevel leverte kommunen også i 2022 gode resultat og gode tenester til innbyggjarane våre. Kommunebarometeret syner at me gjer det godt samanlikna med dei fleste andre kommunar, ikkje minst om ein ser resultat i forhold til inntektsgrunnlaget. Det handlar framfor alt om at me har mange dyktige tilsette i alle delar av kommunen med stort engasjement for det dei driv med.

Ulike pristildelingar gjennom året vitnar også om kvalitet og god utvikling i tenestene i dei ulike delane av kommunen. I siste kommunestyremøte før jul vart prisen for innovasjon og nytenking tildelt eining for habilitering for innføring av metoden positiv åtferdsstøtte, som har fått svært gode tilbakemeldingar både frå tilsette, brukarar og pårørande. Tidlegare i året fekk kommunen pris både for beste vasskvalitet og beste VA-prosjekt i Vestland fylke, ei velfortent fjør i hatten for den nyetablerte eining for tekniske tenester og den jobben som kontinuerleg vert gjort for å sikra kvalitet og utvikling av vass- og avløpssystemet vårt.

Av andre viktige hendingar i den kommunale verksemda vil eg elles nemna opninga av Gropa aktivitetspark. Parken har verkeleg blitt eit flott tilskot til sentrum og eit anlegg som born og unge bruker og har glede av. Me har også utarbeida planar for heilskapleg utvikling av byromma og hamna i Leirvik sentrum, som legg grunnlaget for å gjera byen vår endå meir attraktiv i åra som kjem.

I september vedtok eit samrøystes kommunestyre ny plan for rehabilitering, helse og omsorg, som legg opp til styrka satsing på førebyggjande helsearbeid, tilrettelegging for at alle skal kunna bu lengst mogleg heime, og bygging av 64 nye sjukeheims plassar innan 2026. Og i juni vedtok me ny samfunnsplan som set retninga for kommunen si utvikling dei kommande 12 åra med overordna mål om at me skal vera eit sterkt regionsenter for Sunnhordland, ein føregangskommune i det grønne skiftet og eit inkluderande lokalsamfunn der alle kan trivast og leva gode liv.

Sist, men ikkje minst, vil eg nemna to store investeringar som vart ferdigstilte i 2022 og opna på nyåret i 2023: For det første nye avlastingsbustader i Sævarhagen, som har vore svært etterlengta i lengre tid. Og, for det andre, nye Nysæter ungdomskule og kultur- og idrettspark, som er det største og flottaste prosjektet me har bygd i Stord kommune nokon gong. Eit fantastisk løft som vil vera til glede for mange generasjonar framover.

Straumpris, inflasjon og renteoppgang har skapt utfordringar også for lokalt næringsliv gjennom året. Det overordna biletet er likevel at optimismen i næringslivet vårt er stor. Arbeidsløysa i kommunen og regionen var i 2022 historisk låg, og like før jul signerte dei store industrilokomotiva våre, Aker Solutions Stord og Leirvik AS, store kontraktar som vil gje godt med arbeid i fleire år framover. Dette veit me også vil skapa store positive ringverknader i resten av næringslivet vårt.

Mykje handlar framleis om olje og gass. Samstundes er næringslivet vårt på mange måtar også leiande i den grøne omstillinga. Nemnde verksemder er parallelt med dei store oljeskatteprosjekta på full fart inn i nye marknader. På Heiane, i miljøet kring Maritime CleanTech, testsenteret og Wartsila, skjer det verdsleiande teknologiutvikling innan grøn skipsfart. Eitt høgdepunkt i 2022 var oppstarten av Wartsila sin test av ammoniakk som drivstoff, som ein også har motteke prisar for nasjonalt og internasjonalt. Opninga av Renevo sin biogassfabrikk, med statsministeren til stades, og Aritech sin storkontrakt med bygging av batterifabrikk i Mo i Rana, vitnar om at me her på Stord også evnar å byggja nye næringar på grunnlag av eksisterande kompetanse.

2022 var også frivilligheitas år. Det vart markert også her i Stord kommune, mellom anna med fest i kulturhuset og den flotte filmen «Det friviljuge hjarta» som viser fram mangfaldet i det frivillige lagslivet vårt og nokre av dei mange eldsjelene som betyr så enormt mykje for oss.

Samanfatta var 2022 såleis eit år prega av krig og krisar på den internasjonale arenaen som også påverka og skapte utfordringar for oss her på Stord. På den andre sida er me framfor alt ein kommune og eit lokalsamfunn i god utvikling, og det er all grunn til å vera optimist på vegner av den vidare utviklinga vår dei kommande åra.

Eg vil takka alle dykk som på ulikt vis gjennom året bidrog til å gjera Stord til den flotte staden han er.

Eg er enormt stolt av å få vera ordførar i kommunen vår.

Beste helsing

Ordførar Gaute S. Epland

Rådmannen

Ein organisasjon som evnar å snu seg og ta eit tak

Starten av 2022 var prega av korona med ulike tiltak og restriksjonar, men og med ei klar forventning om at pandemien snart var over. I februar vart det varsla om mogleg russisk invasjon av Ukraina, og den 24. februar vart dette diverre ein realitet.

Året som gjekk har etter dette vore prega av motsetnader, som glede for at samfunnet opna opp att, færre restriksjonar, auka aktivitet i kulturlivet, skular og barnehagar som kunne ha tilnærma lik drift som før pandemien, høg aktivitet for næringsliv og industri, samstundes som me opplever menneskeleg liding i samband med krig, uføreseieleg økonomi, auke i prisar, straum- og rentekostnader, samt stabilt høgt og dels stigande sjukefråvær.

Årsmeldinga syner at det, trass mange utfordringar, vart utført mykje godt arbeid i året som gjekk. Det handlar i hovudsak om innsatsen til den einskilde medarbeidar, at me lyfter i lag og samarbeider. Årsmeldinga syner at Stord kommune har eit godt utbygd tenestetilbod og er ein organisasjon som er fleksibel med evne til endring.

Ein stor takk til alle for innsatsen i 2022

Kommuneøkonomi

Kommunen oppnådde eit netto driftsresultat på 1,9 mill. kr i 2022. Resultatet er 9,6 mill. kr betre enn budsjettert og tilsvarande 0,11 prosent av brutto driftsinntekter. Året var særst utfordrande då straumprisane auka til nivå me ikkje har hatt i nyare tid, renta steig og det var lenge uvisst om og eventuelt kor stor koronakompensasjonen ville bli.

Skatteinngangen vart i fjor på 682,4 mill. kr. Samanlikna med 2021 er det ein auke i inntekter på 33 mill. kr. Skatteinngangen i 2022 utgjorde 89 prosent av landsgjennomsnittet, medan skatteinngangen i 2021 utgjorde 91 prosent av landsgjennomsnittet.

Rammetilskotet kommunen fekk frå staten i 2022 består av tre delar; ordinært rammetilskot på 507,4 mill. kr, skatteutjamning på 31,4 mill. kr og koronakompensasjon på 40,6 mill. kr.

Andre generelle inntekter består av integreringstilskot, havbruksfond, øyremerka rammetilskot og investeringstilskot. Samla utgjer desse inntektene 40,5 mill. kr. Av dette er 30,8 mill. kr integreringstilskot. Samla er andre inntekter 17,8 mill. kr under forventningane i revidert budsjett.

For Stord Hamn har 2022 vore eit travelt og godt år. Netto driftsresultat utgjorde 2,8 mill. kr. som er 2,2 mill. kr betre enn forventinga på 0,6 mill. kr. Dette skuldast først og fremst ei meirinntekt på 4,8 mill. kr samanlikna med opphoveleg budsjett. Meirkostnader utgjer 2,6 mill. kr. Driftsresultatet er avsett til disposisjonsfond.

Når det gjeld kostnadsforbruket i einingane, viser einingane under tenesteområdet plan og utvikling eit lite mindreforbruk. Dei fleste sjølvkostområda ligg i dette tenesteområdet og desse er regulert av reglane i sjølvkostforkrifta. I tenesteområdet for oppvekst og kultur er netto mindreforbruk 6,9 mill. kr. Størstedelen av dette er knytt til færre barn i private barnehagar. I tillegg har ein hatt auka inntekter for vaksenopplæringa som og bidreg til eit samla mindreforbruk. I Rehabilitering, helse og omsorg finn me eit samla meirforbruk på 7,2 mill. kr. Dette er i all hovudsak knytt til heimebaserte tenester og drift av institusjonar, og skuldast i stor grad høgt sjukefråvær og manglande koronakompensasjon. Einingane NAV kommune og eining for psykisk helse og rus hadde eit mindreforbruk på høvesvis 2,8 mill. kr og 1,5 mill. kr.

Samla investeringar i 2022 utgjorde 430 mill. kr, der 418 mill. kr av desse var investeringar i varige driftsmidlar. Nysæter ungdomsskule utgjer 153 mill. kr av totale investeringar, og sjølvkostområda utgjer 113 mill. kr. Revidert budsjett for investeringar var 664 mill. kr for 2022.

Grøn omstilling

Stord kommunestyre vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel for 2022-2034 i møte 21. juni 2022. Samfunnsdelen peika på tre satsingsområde for komande planperiode der eitt av dei er grøn by. Dette handlar om det å vera ein føregangskommune i det grønne skiftet og nå målet om å vere eit attraktivt nullutsleppssamfunn i 2030.

Konkret tiltaksplan med prioritering skal skje gjennom klimabudsjettet. I samband med årsbudsjett for 2023 og økonomiplan fram til 2026, vert det for fyrste gong fremja klimabudsjett.

Klimabudsjettet skal vere eit nyttig styringsverktøy, og saman med klimarekneskapen vil effekten av klimatiltak verta målt og analysert i årsmeldingane framover.

Demografi, folkehelse og utvikling

Me blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder. Dette får konsekvensar for inntekter, behov for pleie- og omsorgstenester og tilgjengeleg arbeidskraft. Universell utforming av bygg og nærmiljø blir enda viktigare. Dei sosiale forskjellane aukar på Stord som i resten av landet, og fleire barn veks opp i familiar med låg inntekt. Fleire unge gjennomfører vidaregåande opplæring, men mobbing og låg trivsel er framleis ei stor utfordring i skulen. Usunt kosthald, lite fysisk aktivitet og mykje tid framfor skjerm fører til både fysiske og psykiske helseplager. Einsemd aukar i alle aldersgrupper, og ikkje alle kjenner seg trygge i nærmiljøet sitt. Sårbare grupper har høgast risiko for å bli ramma av klima- og miljøendringar. Sterkare individfokus i samfunnet generelt fører til at færre vil bidra med frivillig arbeid og anna innsats for fellesskapet. Kommunen har utarbeidd overordna folkehelsemål for å møte desse utfordringane, og det er mellom anna etablert nye møteplassar for ulike aldersgrupper. Å nå måla krev prioritering og samarbeid på tvers av sektorar og tenesteområde. Innbyggjarane er sjølv dei viktigaste aktørane i folkehelsearbeidet, og det er lagt vekt på å styrke medverknad frå ulike grupper i plan- og utviklingsarbeid.

Flyktningar – busetting

Hausten 2021 vart Stord kommune oppmoda av IMDI å busetje 22 personar i løpet av 2022 noko som og vart vedtatt av kommunestyret.

Etter at det braut ut krig i Ukraina vart det eit mykje større behov for busetting og IMDI sendte tilleggsoppmodning til Stord kommune. Kommuneestyret vedtok å busetja til saman 175 flyktningar i 2022. Familiesameiningar og sekundærbusetjing kom i tillegg. Kommunen hadde også personar busett på AMOT, alternativ mottaksplassering i 2022.

Flyktingetenesta fekk auka ressursar og kom raskt i gong med å skaffa og klargjera bustadar. Det vart mellom anna lagt til rette for at innbyggjarane i Stord kommune kunne melda inn ledige leilegheiter og bustadar,

Konkrete førespurnader om busetting frå IMDi kom ikkje i det tempoet som var førespegla og det enda med at det vart busett til saman 105 flyktningar i Stord kommune i 2022.

Beredskap og samfunnstryggleik

Kommunane skal vera i stand til å halda oppe viktige oppgåver og ta i vare folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike hendingar. Samfunnsberedskap byggjer på at kommunane tek ei sentral rolle i kriser, har eit oppdatert planverk og ei handlingsretta organisering. Dette har det vore særleg fokus i to år med pandemi og no i 2022 med krig i Europa.

Den kommunale kriseleiinga (KKL) i Stord har ikkje formalisert vaktordning, men det ligg føre ein plan for varslings som skal kunna utløysa naudsynt aktivitet. Kriseleiinga er knytt til naudnettet og har intern rutine mot brannvernet for å øva teknisk bruk av dette.

Beredskapsforum er eit tverrfagleg/-etatleg organ som arbeider med å leggja til rette for meir samordna innsats på tvers av kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Dette er knytt mot politidistriktet, legevaktsamarbeidet og Helse Fonna HF med fokus på kommunane i Stord sjukehusområde ved ei større hending.

Stord kommune har og eit psykososialt kriseteam som i 2022 har vore operativt under fleire hendingar.

Tilsette, sjukefråvær og tenesteproduksjon

Stord kommune hadde ved utgangen av året 1254 årsverk fordelt på totalt 1586 tilsette. Det har vore ein auka på 22 årsverk. Den største auken i 2022 finn me som i fjor, innfor rehabilitering, helse og omsorg. I tillegg har auka mottak av flyktningar gitt auke i årsverk.

Som ein kan sjå har tal på tilsette auka mindre enn tal på årsverk. Det er eit resultat av at ein har arbeidd målretta gjennom året med tilby tilsette i deltidstillingar auka stillingsprosent.

Stord kommune skal leggja til rette for helsefremjande arbeidsplassar der tilsette trivst, er inkluderte og opplever ein meningsfull arbeidskvardag. Kommunen har i fleire år hatt målsetting om eit sjukefråvær lågare enn 7,5 prosent. Sjukefråværet i kommunen har vore høgt gjennom pandemien og er det framleis, kor ein i 2022 hadde me eit samla sjukefråvær på 11 prosent.

Eit høgt sjukefråvær har medført tidvis utfordringar med å oppretthalda tenestetilbodet, med ekstra belastningar for dei som var på jobb. Utfordringa med å dekkja behovet for kompetent arbeidskraft ikkje minst innanfor helse, er blitt tydelegare.

Det vert viktig å arbeida målretta med oppgåvedeling, oppfølging av sjukefråvær og for å få tilsette til å stå lengre i jobb. Samstundes må ein jobba med omdøme til kommunen og å synleggjera attraktiviteten ved mange av de arbeidsoppgåvene det skal rekrutterast til.

Til tross for høgt sjukefråvær og til tider utfordringar knytt til rekruttering, fortel tilsette om ei gleda og lette når me etter kvart vart ferdig med korona som pandemi og då også med dei restriksjonar og tiltak som pandemien førte med seg, som heimekontor, trafikklys-modellar, munnbind og testing, samt bortimot stengt kultur- og uteliv. Pandemien førte likevel til at det vart gjennomført eit kvantesprang i offentleg sektor kva gjeld digitalisering og digitale møteflater. Dette er tiltak me tek med oss vidare. Det har medført mykje mindre reising og meir effektiv drift både internt i kommunen og med eksterne samarbeidspartar.

Oppsummering

Stord kommune sin visjon er «Saman om utvikling og velferd» og me styrer etter verdiane Open, Nyskapande, Respektfull og Brukarorientert.

Det er viktig for oss at me er ein kommune og eit lokalsamfunn der folk opplever seg inkludert, der det er godt å jobba og bu heile livet, der ein kan trivast, veksa, læra og utvikla seg. Me jobbar for å vera konkurransedyktig, eit sterkt regionsenter og ein pådrivar for regional samhandling med ei berekraftig utvikling, samt bidra til at kommunen når dei måla som er sett både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Årsmeldinga syner at det trass uføreseieleg økonomi og andre utfordringar, vart utført mykje godt arbeid i året som gjekk. Det handlar i hovudsak om innsatsen til den einskilde medarbeidar, at me lyfter i

lag og samarbeider. Årsmeldinga syner og at Stord kommune har eit godt utbygd tenestetilbod og er ein organisasjon som er fleksibel med evne til endring.

Igjen ein stor takk til alle for innsatsen!

Mariann Jacobsen Hilt

Konstituert rådmann

Årsberetning

Årsberetninga er den formelle årsmeldinga etter kommunelova. Den skal leggjast fram innan 31. mars og m.a. omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske situasjonen, vesentlege avvik, etikk og likestilling.

For 2022 viser rekneskapen eit overskot på 1,9 mill. kr. Dette utgjer 0,11 prosent av brutto driftsinntekter. Opphoveleg budsjett var lagt fram med eit forventet underskot på 7,7 mill. kr. 2022 har vore eit år prega av store endringar i energikostnader, skatteinngang og underkompensasjon av koronarelaterte kostnader. Forventa resultat i revidert budsjett for Stord kommune var difor eit underskot på 42 mill. kr. Konsolidert resultat utgjer 4,8 mill. kr som utgjer 0,26 prosent av konsoliderte brutto driftsinntekter. Stord hamn sitt resultat utgjorde 2,8 mill. kr av totalresultatet. Netto avsetning til disposisjonsfond var 11,4 mill. kr og netto bruk av bundne driftsfond var 9,5 mill. kr.

Skatteinngangen vart 682,4 mill. kr og utgjer 89% av landsgjennomsnittet. Dette er ein auke på 33 mill. kr. samanlikna med 2021. I 2021 utgjorde Stord kommune sin skatteinngang 91% av landsgjennomsnittet. Arbeidsløysa i regionen er lav. Rammetilskotet består av tre delar: vanleg rammefinansiering, skatteutjamning og koronakompensasjon. Ordinært rammetilskot utgjorde 507,4 mill. kr, skatteutjamning 31,4 mill. kr og koronakompensasjon 40,6 mill. kr.

Andre generelle inntekter består av integreringstilskot, havbruksfond, øyremerka rammetilskot og investeringstilskot. Totalt utgjer desse inntektene 40,5 mill. kr. Av dette er 30,8 mill. kr integreringstilskot. Totalt er andre inntekter 17,8 mill. kr under forventningane i revidert budsjett.

For Stord hamn har 2022 vore eit travelt og godt år. Netto driftsresultat utgjorde 2,8 mill. kr. Som er 2,2 mill. kr betre enn forventinga på 0,6 mill. kr. Dette skuldast først og fremst ei meirinntekt på 4,8 mill. kr samanlikna med opphoveleg budsjett. Meirkostnader utgjer 2,6 mill. kr. 2,8 mill. kr er avsett til disposisjonsfond.

Når det gjeld kostnadsforbruket i einingane viser einingane under tenesteområdet plan og utvikling litt mindreforbruk. Dei fleste sjølvkostområda ligg i dette tenesteområdet og desse er regulert av reglane i sjølvkostforkrifta.

I tenesteområdet for oppvekst og kultur er netto mindreforbruk 6,9 mill. kr. Størstedelen av dette er knytt til færre barn i private barnehagar. I tillegg har auka inntekter for vaksenopplæringa bidrege til eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr.

I Rehabilitering, helse og omsorg finn me eit samla meirforbruk på 7,2 mill. kr. Dette er i all hovudsak knytt til heimebaserte tenester (2,7 mill. kr) og drift av institusjonar (7,7 mill. kr). Meirforbruket er i stor grad knytt til sjukefråvær og manglande koronakompensasjon. Einingane NAV kommune og eining for psykisk helse og rus hadde likevel mindreforbruk på høvesvis 2,8 mill. kr og 1,5 mill. kr.

Samla investeringar i 2022 utgjorde 430 mill. kr. 418 av desse var investeringar i varige driftsmidler. Nysæter ungdomsskule utgjør 153 av totale investeringar, og sjølvkostområda utgjør 113 mill. kr. Revidert budsjett for investeringar var 664 mill. kr for 2022.

Samla lånegjeld utgjorde 3 115 mill. kr som er ein auke på 260,9 mill. kr. Frå 2021. 76 mill. kr av dette var knytt til vidare utlån i Startlånordninga til Husbanken. Låneavdrag utgjorde 82 mill. kr i 2022.

Tilsette

Utvikling i årsverk og tal tilsette:

	2022	2021	2020	2019
Årsverk	1254	1228	1177	1152
Tilsette	1586	1564	1502	1496

Stord kommune hadde ved utgangen av året 1254 årsverk fordelt på totalt 1586 tilsette. Det har vore ein auka på 22 årsverk. Den største auken i 2022 finn me som i fjor innafor rehabilitering, helse og omsorg. I tillegg har auka mottak av flyktningar gitt auke i årsverk.

Statistikk i årsberetninga 2022 er henta frå KS sin innsamling av løns- og personalopplysningar til det nasjonale PAI-registeret. PAI står for personaladministrativt informasjonssystem, og baserer seg på rapportering frå alle landets kommunar. Som ein kan sjå har tal på tilsette auke mindre enn tal på årsverk. Det tyder at ein har arbeidd målretta gjennom året med å auka storleik på deltidsstillingar for tilsette i deltidsstillingar.

Sjukefråvær

Stord kommune har som mål å leggja til rette for helsefremjande arbeidsplassar der tilsette trivst, er inkludert og opplever ein meningsfull arbeidskvardag. Kommunen har i fleire år hatt målsetting om eit sjukefråvær lågare enn 7,50 prosent. Kommunen sitt sjukefråvær i 2022 er 11 prosent. I 2022 er det ikkje ført statistikk på koronarelatert fråvær.

Det totale sjukefråværet i kommunen fordeler seg med 3,77 prosentpoeng fråvær under 16 dagar og 7,24 prosentpoeng samanhengande fråvær over 16 dagar. Av dette er 1,89 prosentpoeng eigenmeldt og resten legemeldt.

Korttidsfråvær er omlag 1 prosentpoeng høgare og langtid nær 1,5 prosentpoeng høgare enn i 2019, som er året før Corona og som me omtalar som eit normalår. Sjukefråværet i 2022 har nokre toppar. Det

er særst høgt i perioden februar/mars og mai/juni, som er utslagsgivande i statistikken, og dei siste månadane i 2022 fekk me på ny ein større auke i sjukefråværet.

Det har vore krevjande å jobba for eit lågare sjukefråværet i perioden som har vore. Starten på 2022 var prega av Covid-19 restriksjonar, og i resten av 2022 opplevde mange å få ulike luft og hals lidningar, som igjen førte til mykje fråværet.

Legemeldt sjukefråværet i kommunesektoren første halvår var 8,2 prosent. Samanlikna med Stord kommune var tilsvarende tal 8,3 prosent. Tal for tredje kvartal er klar, og det legemeldte fråværet i kommunesektoren var 6,2 prosent mot Stord kommune sin 7,3. I fjerde kvartal har Stord kommune 9,7 % legemeldt sjukefråværet.

Sjukefråværet i kommunal sektor i Noreg er i SSB sin statistikk fordelt mellom administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester, og er førebels klar for 4.kvartal 2020 – 4.kvartal 2021.

	2022 K1		2022 K2		2022 K3		2022 K4	
	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord
84 Offentleg administrasjon	7,0	8,11	5,6	6,4	4,9	7,3	6,4	6,8
85 Undervisning	9,0	9,7	6,5	6,9	4,7	4,8	7,4	9,6
86-88 Helse- og sosialtenester	12,2	15,8	9,4	13,5	7,8	12,1	10,3	16,0

Likestilling og løn

Av 1586 tilsette som har hovudstilling i Stord kommune er 1274 kvinner (80 prosent) og 312 menn (20 prosent). I oppvekst er det 393 kvinner (80 prosent) og 112 menn (20 prosent). I RHO-einingane er det 711 kvinner (89 prosent) og 90 menn (11 prosent). Innan teknisk sektor er det 54 kvinner (39 prosent) og 86 menn (61 prosent). Innan administrasjon, inkludert rådmannen si leiargruppe, er fordelinga 43 kvinner (73 prosent) og 17 menn (28 prosent). Fordelinga mellom kvinner og menn er omlag uendra frå siste år innafor alle områder.

Tilsette i kommunesektoren i Norge visar at årsverk fordelinga mellom kvinner og menn er fordelt med 75 prosent kvinner og 25 prosent menn.

Stord kommune har ein vedteken arbeidsgjevarstrategi. Hovudområda er kompetent leiging, helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø og rett kompetanse. Innafor denne strategien er arbeid med likestilling eit viktig område. Me arbeidar for å medverka til likskap mellom kvinner og menn når det gjeld utdanning, arbeid, løn og personleg, fagleg utvikling. Eit viktig område er heiltidskultur. Det handlar om å tilby fulle stillingar til dei som ønskjer det. Me har dei fleste deltidsstillingane innafor

rehabilitering, helse og omsorg. Det er og sektoren som har høgast andel kvinner. Gjennom 2021 har om lag alle stillingar med krav om høgskuleutdanning vore lyst ut som fulle stillingar.

Lønssamanlikning	2022		2021		2020		Landssnitt 2022	
Stillingsgruppe	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	1 040 600	1 193 700	970 650	1 150 500	941 575	1 087 800	1 121 568	1 128 198
Einingsleiar	799 100	810 700	750 204	771 067	721 131	780 333	823 455	821 253
Avdelingsleiar, fagleiar	663 900	690 700	637 029	649 836	607 909	647 300	732 780	748 218
Undervisningspersonale	595 300	591 800	576 844	576 552	551 296	555 015	569 172	574 808
Sjukepleiar	539 300	522 700	526 561	513 075	503 622	488 900	541 764	543 888
Spesialsjukepleiar	596 200	630 900	579 892	614 100	560 935	595 100	591 096	594 732
Sosionon/vernepleiar/ barnevernspedagog	545 800	546 600	529 980	545 100	518 285	515 200	532 377	530 142
Fagarbeidar	469 100	493 100	457 387	478 980	436 817	462 321	461 160	471 618
Fagarbeidar med tilleggskutdanning	494 700	494 300	484 350	484 175	467 140	451 550	483 450	490 152

I oversikta over løn i dei største tilsettgruppene i Stord kommune, er det mindre forskjellar mellom kvinner og menn. I gruppa undervisningspersonale ser me at løna er lik for kvinner og menn. Det same gjeld i gruppa med sosionom/vernepleiar/barnevernspedagog. Blant fagarbeidarar ser me at menn har noko høgare løn, mens blant sjukepleiarar er det kvinner som har høgast løn. Blant einingsleiarar er det liten skilnad mellom kvinner og menn, mens i gruppa for avdelingsleiarar har kvinner noko lågare snittløn. Ein faktor er at fordelinga mellom menn og kvinner er 40/60 og at mange menn er tilsett i tekniske tenester, ein sektor som tradisjonelt har høgare løn.

Samanliknar me landssnittet, har Stord kommune høgare snittløn innafor dei store tilsettgruppene, både for menn og kvinner. Eit unntak er i gruppa sjukepleiarar, der har kvinner om lag same som på landsnivået mens menn har noko lågare. Innafor leiarnivåa ligg Stord lågare for både kvinner og menn enn landsgjennomsnittet. Det med unntak av menn på det øvste leiarnivået

Etikk

Dei etiske retningslinene for Stord kommune har som føremål å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i kommunen. Retningslinene gjeld alle folkevalde og tilsette i Stord kommune. Retningslinene seier noko om korleis tilsette og politikarar skal forstå og etterleva viktige verdiar og omgrep som lojalitet, informasjon, mynde, interessekonflikt og åtferd m.m.

Stord kommune sin kultur- og verdiplakat vart revidert i 2017 og skal vera retningsgjevande og medverka til å byggja sams identitet og omdøme. Den skal binde saman sektorar og fagområde under same paraply og skape ein felles organisasjonskultur for samarbeid og utvikling. Kultur- og verdiplakaten er vedteken i kommunestyret etter ei brei politisk prosess i komiteane. Den skal henge på veggen i møterom og på leiarkontora. Kultur- og verdiplakaten skal danne grunnlaget for organisasjonskulturen og vert m.a. nytta i personalmøte og rekruttering.

Verdiane open, nyskapande, respektfull og brukarorientert skal for alle tilsette og politikarar kome til uttrykk i samarbeid og haldningar ein har i tenesteytinga og samhandling internt og eksternt.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Stord kommune har fleire partsamansette organ som handsamar m.a. HMT-saker:

- Driftsutvalet
- Arbeidsmiljøutvalet, AMU
- HMT-lag Oppvekst og kultur, Plan og utvikling, Administrasjon og Rehabilitering, helse og omsorg
- Attføringsutvalet
- Einingsvise HMT-møte

Eit godt HMT-arbeid har grunnlag i godt samarbeid mellom tilsette og leiing. Det overordna HMT-systemet til kommunen legg føringar for einingane sitt arbeid, og Miljø- og HMT-leiing vert sett i samanheng, der også arbeidet med eininga si påverknad på ytre miljø er blitt ein del av HMT-arbeidet. Kommunen jobbar for ei aktiv HMT-leiing med klart definerte målsettingar og operativt system for førebygging og oppfølging av HMT-aktivitetar. Med aktiv HMT-leiing legg ein til rette for at alle einingar i kommunen jobbar med forbetring innan helse, miljø og tryggleik.

Attendemeldingar frå dei tilsette er ein viktig del av forbetringsarbeidet vårt, og me ønskjer at tilsette opplever det nyttig å melde frå. Kommunen har system for handtering av avvik, uynskte hendingar og forbetringsforslag (AUF-meldingar), og har som mål at alle einingar skal ha levert ei AUF-melding per årsverk. Det vil seia at kommunen, som har om lag 1200 årsverk, har hatt ei målsetting om totalt 1200 AUF-meldingar i 2022. I kommunen vart det i 2022 meld 839 AUF-meldingar totalt. Av dette er 52 forbetringsforslag. I 2022 hadde kommunen ein forbetringskampanjen, med fokus på innsatsområda i miljøfyrtårn.

Arbeidet med miljøsertifisering av Stord kommune sine einingar går framover. I 2022 Ble eining for kultur resertifisert, stord kommunale eignedom og eining for aktivitet og rehabilitering blei sertifisert. Det var planlagt oppstart i alle skulane hausten 2022, dette er blitt utsett til våren 2023. Frå tidlegare er rådhuset, IT-avdelinga, fem kommunale barnehagar, Stord folkebibliotek og Stord kulturskule miljøsertifisert. Kommunen skal aktivt arbeida for å fremja miljøvenlege tiltak med mål om lågast mogleg påverknad på ytre miljø gjennom eit langsiktig arbeid der alle tenestedområda i kommunen deltek. Stord kommune vil på denne måten bidra til å vera rusta for det grønne skiftet, og brukarar av tenestene til kommunen vil etter kvart ta del i det viktige arbeidet. Kommunen har som målsetting at alle einingar skal være sertifisert som miljøfyrtårn.

Miljøfyrtårn er Noregs mest nytta miljøsertifiseringsordning, og i slutten av 2017 vart ordninga som den første nasjonale ordninga anerkjent av EU-kommisjonen. Dette er eit prov på at ordninga held høg standard og kvalitet på linje med dei internasjonale sertifiseringane EMAS og ISO14001.

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov. Internkontroll skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Internkontrollen skal:

- Skildra administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Ha naudsynte prosedyrar
- Avdekka og følgja opp avvik og risiko for avvik
- Dokumentera internkontrollen i den form og det omfang som er naudsynt
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenesteytinga er skildra i prosedyrar som vert revidert årleg. Dersom oppgåvene/tenesteytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Avviksmeldingar vert handsama elektronisk. Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, gjenoppretta normaltilstand og hindre gjentakning. Avvik kan også gje viktige statistiske data over kor organisasjonen har forbetningspotensiale. Dersom det vert avdekka kritiske områder i forvaltninga, er det lagt til rette for å køyra elektroniske risiko- og sårbarheitsanalysar. Analysane skal resultere i konkrete handlingsplanar med tiltaksliste. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane for å lykkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen.

Kommuneplan

Ny samfunnsdel

Kommunestyret vedtok i juni 2022 kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei tre overordna satsingsområda – sterkt regionsenter for Sunnhordland, grøn by og inkluderande fellesskap - gir ei klar og ambisiøs retning for utviklinga av Stord som samfunn og kommune.

Saman om utvikling og velferd er Stord kommune sin visjon. Det er gjennom eit godt samarbeid, både internt i kommunen og med innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre offentlege og private aktørar, me skaper den beste samfunnsutviklinga.

Samfunnsdelen peikar på tre satsingsområde for komande planperiode:

Sterkt regionsenter for Sunnhordland handlar om at Stord skal vere pådrivar for regional samhandling og utvikling i Sunnhordland.

Grøn by handlar om å vere ein føregangskommune i det grønne skiftet og nå målet om å vere eit attraktivt nullutsleppssamfunn i 2030.

Inkluderande fellesskap handlar om korleis me kan leggja til rette lokalsamfunna våre slik at me som innbyggjarar trivst og lever gode og trygge liv.

Kommunen er både samfunnsutviklar og tenesteytar. Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Ny samfunnsdel fastset mål og strategiar innanfor dei tre satsingsområda som skal leia oss gjennom brytningstida vi står i. Utfordringane framover er store, men det er også moglegheitene. Planen byggjer vidare på dei sterke kvalitetane i kommunen og Stordsamfunnet, og møter utfordringane på ein offensiv måte. Samfunnsdelen har blitt til gjennom ein omfattande prosess med stor medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar, offentlege verksemder, næringsliv og tilsette.

Samfunnsdelen inneheld også ein arealstrategi som seier korleis arealforvaltninga skal følgja opp måla og strategiane i samfunnsdelen. Denne legg grunnlaget for det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Digitalisering

Digitaliseringsstrategien vart vedteken i kommunestyret i juni 2022. Det vart vedteke å iverksetja fleire tiltak frå strategien. Skuleadministrativt system vart implementert og gjeld for alle tilsette i Stordskulen. I tillegg vart oppstart av digitale timelister med ein forbetra fråværsmodul planlagt og kjøpt, denne med oppstart i 2023. Ved innføring av digitale løysingar følgjer det med endring av arbeidsmetodar og eit mål om å effektivisera prosessane. Det er krevjande å stå i for dei tilsette og av den grunn kan me ikkje innføra mange endringar samstundes. Innføring krev tid til læring /omlæring og med knappe ressursar i utgangspunktet kan det gjera at prosessar tar noko meir tid enn planlagt.

Hausten 2022 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på om me er godt nok organiserte til å ta hand om og gjennomføra arbeidet med digitaliseringa. Gruppa leverte rapporten sin i desember og denne vert følgt opp inn i 2023.

Frametter vil fleire tiltak i strategien verta implementerte.

Nysæter ungdomskule

Arbeidet med bygging av ny Nysæter ungdomsskule vart ferdigstilt i 2022. Dei tilsette flytta inn før juleferien 2022, og elevane starta vårsemesteret i nye lokale. Våren 2023 er det framleis prøvedrift og test av tekniske system. Delar av skuleplassen er framleis under arbeid og skal bli eit tilrettelagd uteområde for ungdomsskuleelevar og nærmiljø.

Den offisielle opninga av skuleanlegget var 14. februar 2023. Det var ei høgtideleg markering med mange talar og omvising for alle frammøtte.



Opning av Nysæter ungdomsskule. Foto: Haldis Lauksund

Nysæter ungdomsskule har halde til i brakker nokre år. Det nye skuleanlegget gir gode rammer for undervisning etter gjeldande læreplan, og tilsette er i gang med skuleutvikling basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og forankra i skulebasert vurdering. Læringsresultata syner kva område skulen treng å utvikla seg på, og skulen skal involvera både elevar og foreldre i arbeidet med kva slags trinn- og temaorganisering som vil gi eit best mogleg opplæringstilbod, tilpassa opplæring og inkluderande praksis ved Nysæter ungdomsskule.

Bassenget er tatt i bruk av fleire skular til symjeopplæring i undervisningstida, og dette gir Stordskulane etterlengta kapasitet til å gi elevane eit godt nok tilbod om symjeopplæring og livredning.

Idrettslaget har tilsett dagleg leiar som samarbeider med rektor og vaktmeister, i tillegg til alle lag og organisasjonar som nyttar nærmiljøanlegget.

Stord kommune har no tre fine nye ungdomsskule-anlegg som er universelt utforma og bygde for undervisning etter gjeldande læreplan.

Heiltidskultur

Stord kommune har eit uttalt mål om å styrka heiltidskulturen og i større grad tilby heile stillingar til tilsette. Dette er til fordel for kommunen som arbeidsgjevar, for den tilsette og for tenestemottakaren. For Stord kommune er det i hovudsak einingar innan rehabilitering, helse og omsorg som framleis har eit potensiale for auka grad av heiltid. Det at tilsette får tilbod om heile stillingar er viktig for å skapa kontinuitet, stabilitet og pasienttryggleik for tenestemottakarar i alle aldrar. Heile stillingar er og eit viktig rekrutteringstiltak. Stord kommune har i følgje kommunesektorens organisasjon (KS) og deira register for lønns- og personalopplysningar om tilsette i kommunal sektor (PAI-registeret) litt høgare heiltidsandel blant turnustilsette innan helse og omsorg enn nabokommunane, men har framleis stort utviklingspotensiale. Kommunen har arbeidd aktivt med dette i 2022, og det er laga ein eigen rapport som synleggjer utfordringane med stort omfang av deltid og tiltak knytt til dette. Rapporten syner og at ein er komen godt i gang med tiltaka, men at det framleis er nokre einingar som ikkje har fått på plass vikarstab. Dette vil me ha merksemd på i 2023. Felles vikarpool og vikarstab har bidrege til kvalifisert personale inn i vikariat, redusert bruk av overtid, høgare stillingar og fleire kontinuitetsbærarar i tenestene.

Tal frå PAI-registeret per 31.12.2022 viser at heiltidsandelen i Stord kommune er 54,4 prosent og at snitt stillingsstorleik er 79 prosent. Når det gjeld dei som arbeidar turnus innafor helse og omsorg er heiltidsstillingar 31,9 prosent og snitt stillingsstorleik er 67,5 prosent. Samanliknar me Stord med nærliggande kommunar er me noko over, mens samanlikning på landsbasis viser at me er noko under.

Nullutslepp

Stord kommune sitt mål om å verta nullutsleppskommune i høve til klimagassutslepp i 2030, er fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Konkret tiltaksplan og prioritering av tiltak og ressursar skal skje gjennom klimabudsjettet. I samband med årsbudsjettet for 2023 og økonomiplanen fram til 2026 vert det for fyrste gong fremja eit klimabudsjett.

Dei overordna prinsippa for det vidare arbeidet er følgjande:

- Det skal prioriterast å kutta innanfor dei primære satsingsområda, fordi kommunen her har konkrete verktøy til å gjennomføra tiltak
- Det er dei direkte klimagassutsleppa som skal kuttast i først, fordi kommunen har god oversikt over kvar dei direkte utsleppa kjem frå og det finst konkrete alternativ.
- Det skal prioriterast å sikra klimavennleg forbruk i kommunen ved å etablera rutinar ved innkjøp av varer og tenester.

Det skal fokuserast på kutt i direkte utslepp gjennom redusert forbruk av fossilt drivstoff og energieffektivisering. Dette inneber mellom anna å skifta ut fossildrivne køyretøy med elektriske bilar. Det har tidlegare vore kjøpt fornybarsertifikat for straum som gjev garanti for at straumproduksjonen ikkje fører til klimagassutslepp. Det vart vedteke at det ikkje skulle kjøpast fornybarsertifikat for straum i 2023 og at energieffektivisering skulle prioriterast før ein vurderer fornybarsertifikat for straum.

Folkehelse

Skildring av tenesta

I følgje folkehelselova skal kommunen ha oversikt over innbyggjarane si helse og faktorar som påverkar ho. Kommunen har ansvar for å fremja folkehelsa med dei verkemiddel kommunen rår over, mellom anna planlegging og tenesteyting. Vidare skal kommunen arbeida for at alle aktørar i lokalsamfunnet bidreg til helse og trivsel.

Folkehelsearbeidet i Stord er organisert med ei tverrfagleg, administrativ styringsgruppe - folkehelserådet – som utarbeider felles mål og prioriteringar for arbeidet og sørgjer for at måla blir integrerte i einingane sine handlingsplanar. Fagavdeling plan har folkehelsekoordinator i 100 prosentstilling. Folkehelsekoordinatoren bidrar i overordna planarbeid, og er fagleg rådgjevar og sakshandsamar innan folkehelsefaglege tema.

Utvikling og utfordringar

Folkehelsa i Stord

Demografiutviklinga med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder vil mellom anna få konsekvensar for inntekter, pensjonskostnader, behov for pleie- og omsorgstenester og tilgjengeleg arbeidskraft. Med fleire eldre vil universell utforming av samfunnet og nærmiljøet bli enno viktigare. Store deler av sentrum, offentlege bygg og friluftsområde har ikkje tilfredsstillande universell utforming. Utilstrekkeleg kollektivtilbod, manglande tilrettelegging for gåande/syklende og for få offentlege toalett er andre barrierar for deltaking.

Dei sosiale forskjellane aukar på Stord som i resten av landet. Levestandarden for fleirtalet blir betre medan den økonomiske kvardagen til familiar med låg inntekt endrar seg lite. 9,4 prosent av barna i kommunen bur i ein husstand med vedvarande låg inntekt. Desse har auka risiko for redusert helse og utanforskap. 10 prosent av innbyggjarar 18-67 år er uføretrygda. Blant personar med berre grunnskuleutdanning er 24.2 prosent uføre.

Mobbing er eit alvorleg problem. I følgje elevundersøkinga for 2022 opplever 9,5 prosent på 7. trinn og 10.7 prosent på 10. trinn å bli mobba på skulen, noko som er godt over landssnittet. Stord er også dårlegare enn resten av landet når det gjeld trivsel på skulen for 7. trinn og meistringsnivå i lesing for 5. trinn.

Eit positivt trekk er at fleire gjennomfører vidaregåande utdanning. Gjennomføringsgraden er 6 gonger høgare for unge som har høgt utdanna foreldre enn for unge der foreldra berre har grunnskule. 8 prosent i aldersgruppa 15-29 år er ikkje i arbeid eller utdanning, for innvandrarar er talet 23 prosent.

Barn og unge bruker stadig meir tid framfor skjerm, medan deltaking i organiserte fritidsaktivitetar fell sterkt i ungdomsskulealder. Usunt kosthald og for lite fysisk aktivitet er framleis ei utfordring for mange. Omfang av overvekt aukar, og fleire får diabetes. Unge sin bruk av tobakk, alkohol og andre rusmiddel er låg samanlikna med landet, men jamn bruk av alkohol over tid er framleis eit stort folkehelseproblem.

Einsemd er ei aukande utfordring i alle aldersgrupper, men særleg blant ungdom og unge vaksne. 9 prosent av elevane på 5.-7. trinn og 12 prosent av elevane på ungdomstrinnet har ikkje ein fortruleg venn, og 26 prosent av ungdomsskuleelevane har vore mykje plaga av einsemd. Ein av fem unge opplever psykiske plager.

Dei fleste barn og unge kjenner seg trygge når dei er ute, men 5–7 prosent av barne- og ungdomsskuleelevane opplever nærmiljøet sitt som utrygt. Rundt 1 av 10 er utrygge på skulevegen. Dei unge i Stord er mindre nøgde med nærmiljøet sitt enn landssnittet.

Klima-, natur- og miljøendringar er ein av dei største truslane mot folkehelsa. Endringar i klima, miljø og natur kan påverka den psykiske og fysiske helsa på fleire måtar: Frå luftvegs- og hjarte- og karsjukdom, allergi, uro og skadar knytt til ekstremvær, til utbreiing av smittsame sjukdomar og antimikrobiell resistens. Utsette og sårbare grupper vil bli hardast ramma.

Støy er uønska lyd. I fleire bustadområde opplever folk at høve for kvile, rekreasjon og trivsel vert hemma av dette. Støyulemper kan førebyggjast i plansamanheng, men kan vera krevjande å fjerna etter at verksemder eller tiltaka er etablerte.

Gode medverknadsprosessar er helsefremjande for dei som deltar. Høve til medverknad varierer mykje mellom ulike sektorar og ulike innbyggjargrupper.

Utfordringar for folkehelsearbeidet

Skal me nå folkehelsemåla våre, må alle dra i same retning. Dette krev samarbeid på tvers av tenestedområda, og helsefremjande og førebyggjande tiltak må prioriterast. Stramme budsjett, knappe ressursar og høgt arbeidspress kan gjera det vanskeleg å finna tid til det som ligg utanfor kjerneoppgåvene. Mange tenester har sterk målstyring, som lett fører til at ikkje-målbare eller ikkje-lovpålagte tiltak blir nedprioritert. Folkehelsearbeid er vanskeleg å måla, då effekt av arbeidet som regel først viser seg etter lang tid, og då i andre sektorar enn der tiltaket fann stad. Målstyring som styringsstrategi harmonerer derfor dårleg med satsing på helsefremming.

Innbyggjarane er dei viktigaste aktørane i folkehelsearbeidet. Sjølv om dei fleste no har god kunnskap om kva som fremjar god helse, er det på fleire område vanskeleg å få til endring. Dette gjeld til dømes aktiv transport, sunt kosthald, inkludering og frivillig engasjement. Sterkare individfokus i samfunnet generelt fører til at færre vil bidra med frivillig arbeid og anna innsats for fellesskapet.

Satsingsområde

Overordna mål for folkehelsearbeidet vart vedtekne av kommunestyret i 2020. Dei ulike sektorane tar utgangspunkt i folkehelsemåla når dei utformar sine mål og tiltak. Felles folkehelsemål er viktig for at folkehelsearbeidet skal vere systematisk og langsiktig. Ved å integrera folkehelsemåla i handlingsplanane til einingane får folkehelsearbeidet eit breitt spekter av tiltak som alle går i same retning.

Mål for folkehelsearbeidet i Stord 2020–2024

- Likeverdige levkår, tilpassa tilbod og like høve til deltaking
- Tilgang på nødvendig kunnskap og reelle høve til gode helseval
- Berekraftig lokalsamfunn med trygge, trivelege og inkluderande nærmiljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel er inkluderande fellesskap eitt av satsingsområda. Planen tar opp i seg dei vedtekne folkehelsemåla, og har særleg merksemd på gode butilhøve som grunnlag for godt liv. Planen har følgjande strategiar for å skape eit inkluderande fellesskap:

1. I Stord skal det vere enkelt å ta gode val for eiga helse og utvikling

2. Stord skal gi alle like høve for deltaking
3. Stord skal tilby gode og varierte bumiljø for alle

Kommuneplanen gir føringar for alle dei kommunale tenesteområda. Strategiane skal følgjast opp i økonomiplanen og i dei ulike sektorplanane. Folkehelsekoordinatoren bidrar i arbeidet med å forankra måla og strategiane.

Folk i sentrum

Folkehelsearrangementet «Folk i sentrum» vart i 2022 slått saman med 25-års jubileumet for byen Stord og markeringa av «Frivilligheita sitt år». I løpet av fem dagar i juni var det mange arrangement både for ulike innbyggjargrupper og for alle. «Folk i sentrum» blir til ved eit samarbeid mellom kommunen, næringslivet og frivillige organisasjonar. Arrangementet legg vekt på inkludering og mangfald, og målet er å fremja trivsel og fellesskap gjennom inkluderande møteplassar i sentrum.



«Bjørnis-show» under Folk i sentrum 2022. Foto: Ingrid Rommetveit

16' – ka no?

Prosjektet *16' – ka no? – trygg overgang frå ungdomskule til vidaregåande* er Stord sitt bidrag i den nasjonale satsinga Program for folkehelsearbeid i kommunane. Prosjektet vart avslutta sommaren 2022 [lenke til sluttrapport](#) Aktivitetsparken Gropo er eitt av tiltaka som er utvikla i prosjektet. Gropo var offisielt opna under Folk i sentrum, og er blitt ein populær møteplass for barn, unge og familiar.

Medverknad og folkehelseforum

Innbyggjarmedverknad er eit viktig folkehelsetiltak, og det er lagt vekt på å legge til rette for brei medverknad i kommunale plan- og prosjektarbeid. Folkehelseforum er ein arena for innbyggjarinvolvering som vert arrangert to gonger i året. Våren 2022 var målgruppa frivillige, og forumet var ei markering av frivilligheita sitt år. Forumet om hausten var ein innspelarena for kommuneplanen sin arealdel, særleg retta mot seniorar. Temaet var bustad i eldre år.



Folkehelseforum Foto: Haldis Lauksund

Aldersvennleg samfunn

Kommunen er medlem av nasjonalt nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn. Den kommunale arbeidsgruppa er ei ressursgruppe som har medverka i ulike plan- og utviklingsarbeid. Medlemmer i arbeidsgruppa har også bidratt i gjennomføring av tiltak, med mellom anna generasjonsleikane under «Folk i sentrum».

Dagkasernering/ombygging brannstasjon/bilordning

1. desember 2022 vart ein merkedag då det vart innført dagkasernert beredskap i kommunen. Dagkasernert beredskap, eller dagkasernert brannstasjonen, er ein brannstasjon som har mannskap i kontinuerleg vakt på stasjonen innanfor vanlig arbeidstid. Resten av døgnet vert det brukt innkallingsmannskap.

«Brann- og redningsvesenforskrifta» gir minimumskrav for korleis brannvernet skal dimensjonerast og organiserast i kommunane. I tettstader der det er minimum 8000 innbyggjarar er det krav om kontinuerleg vaktberedskap på brannstasjonen innanfor ordinær arbeidstid, såkalla dagkasernert beredskap. I tettstaden Leirvik er det om lag 14400 innbyggjarar. I Stord har vi derfor i mange år hatt avvik frå denne føresegna, men den 1. desember vart dagkasernering innført og avviket lukka.

I ein tøff arbeidsmarknad har me greidd å rekruttere fire høgt motiverte medarbeidarar. Me er no godt i gang med å byggja påkravd kompetanse.

Den dagkasernerte beredskapen skal alltid vera klar til å rykka ut innan 90 sekundar på dagtid mellom kl. 08.00–15.30. Hovudoppgåva deira er å trenar/øva beredskap kvar dag, men mannskapet har også fått andre tilleggsoppgåver. Den nye organiseringa av brannvernet tilfører heile organisasjonen auka kunnskap både med tanke på beredskap og førebyggjande arbeid.

Planleggingsarbeidet med ombygging/påbygging av brannstasjonen er i gang. Prosjektet skal gje plass til dagkasernert mannskap, og stetta lovpålagte krav i høve rein/skitten sone. Det vert også planlagt dekkhotell for framtidig dekkskift på den kommunale bilparken.

Oppvekstreform

Kommunen har ansvar for at alle barn og unge har eit godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø. Kommunen har og ansvar for at tenestetilbodet til barn, unge og familiane deira er inkluderande, heilskapleg, samordna og koordinert.

Gjennom stortingsmeldingar, lovendringar og ulike ordningar for kompetanseutvikling i oppvekstsektoren har kommunen fått tydelege føringar og forventingar til innhald i tenestene, skular og barnehagar, samt for korleis ein skal løysa oppgåva. Regjeringa har og sett i gang ei tillitsreform i offentleg sektor der målet er å gje meir velferd og betre tenester til innbyggjarane. Samla sett kan føringar, forventingar og forbetring i oppvekstsektoren sjåast på som ei oppvekstreform.

Stord kommune har utarbeidd ein strategi som skildrar mål for arbeidet med oppvekstreforma og syner kva me skal gjera og kvifor. Korleis einingane skal implementera og gjennomføra tiltaka knytt til dei ulike områda i oppvekstreforma vert gjort greie for i handlingsplanar og i sjølve kvalitetsplanen for oppvekst og kultur 2022-2030. Det vil verta lagt til rette for medverknad på alle nivå i sektorane og i einingane gjennom prosessen.

Visjonen for oppvekst, utdanning og kultur i Stord er «Alle me(d), heile vegen». Noko som mellom anna medfører at me skal leggja til rette for at alle barn og unge har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø, og at dei kjenner seg inkluderte på alle arenaer der dei møtest, frå barnehage til vidaregåande opplæring og i fritida.

For å kunna gje det tenestetilbodet innbyggjarane har krav på, treng tenestene i kommunen relevant og framtidsretta kompetanse. Det er viktig å sjå dei ulike tenestene i samanheng og vurderer kva kompetanse dei ulike tenestene har og treng for å løysa oppgåvene kommunen har. Dette gjeld både i den enkelte barnehage og ved den enkelte skule, men og på tvers av desse og andre tenester. Det er ikkje all kompetanse kvar eining kan, eller skal ha, men det er viktig å bygga rett og tilstrekkeleg kompetanse og samla kapasitet i kommunen. Det vert viktig å definera kva tenester alle barn og unge får og kva tenestetilbod nokre treng i tillegg. Å få rett teneste til rett tid vert ei viktig målsetjing for det tverrfaglege arbeidet framover.

Då treng laget rundt barnet god samhandlingskompetanse, kunnskap om kvarandre og ei god organisering av oppgåvene barnehage og skule skal ha og tilbodet barn i barnehage og elevlar i skulen skal få.

Det utviklingsarbeidet me no har sett i gang vil ha særleg fokus på «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis», «Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020» og «Barnevernsreforma».

Dei prioriterte måla for folkehelsearbeidet i Stord 2020-2024 skal ligga til grunn for prioriteringar og val av tiltak.

Rehabilitering av gamle institusjonsrom på Knutsaåsen

Ved Knutsaåsen omsorgssenter vart det i starten av mars sett i gang oppussing av lokalitetane i avdeling 2. For at arbeidet skulle kunne gjennomførast på ein god måte vart bebuarane mellombels flytta på omgang til ledige rom på Stord sjukeheim medan arbeidet gjekk føre seg. Fellesareal, tjue bebuarrom, bad, skyllerom og kjøkken vart pussa opp etter tretti års bruk. Arbeidet vart noko forseinka undervegs på grunn av sein levering av materiale.

Avdeling 2 framstår etter oppussinga som ny med fine og trivelege fasilitetar og er etter dagens standard.

Heile Knutsaåsen omsorgssenter har fått oppgradert sjukesignalanlegget i samband med oppussinga. Det nye anlegget har fleire velferdsteknologiske løysingar. Mellom anna er det montert dørsensorar på

alle utgangsdører og trapperom som kan varsle dersom bebuar som nyttar alarm-armband eller smykke går forbi. Dei kan og nytte desse til å få kontakt med personalet. Dette gir ein auka fridom og tryggleik for bebuarane. Alle romma kan nytta rørsle- og dørsensor.

Det er og jobba med sansehagen utanfor Knutsaåsen for at det skal vera ein trygg og vakker stad å vera for bebuarane, pårørande og tilsette.

Internkontroll og tilsyn

Rapportering om internkontroll, jf. kommunelova § 25-2.

Rapportkravet i kommunelova [§ 25-2](#), vart innført i samband med ny kommunelova av 2018 og tredde i kraft 01.01.21. Det vert difor utforma ein særskilt internkontrollrapportering årleg, i form av denne rapporten. Likevel er det grunn til å peika på at også andre ordinære rapporteringar til politisk nivå, som månadsrapportar, arbeidsliste, tertialrapportar, årsrekneskap og årsmelding, også inneheld element av internkontroll. Tema som vert rapportert gjennom den ordinære rapporteringa er:

Økonomi - Status, prognose utbyggings- og investeringsprosjekt

Tenesteproduksjon, handlingsplan og satsingar – Status, måloppnåing og prognose

Medarbeidarar – Sjukefråvær, status og prognose samt medarbeidartilfredsheit og

Oppfølging av politiske vedtak – Status for vedtak, oppfølging og gjennomføring

For ordens skuld er det laga ein modell for å synleggjera rapporteringsansvaret frå rådmann til politisk nivå. Inn under denne fell også rapporteringsansvar i høve tildelte oppgåver knytt til utgreiingsoppdrag investeringar/prosjekt som går fram av rådmannen si arbeidsliste. Dersom prosjektet går fram av arbeidslista, skal tilbakerapportering skje der. Dersom prosjektet ikkje går fram av arbeidslista, skal prosjektet rapporterast i tråd med Prosjekthandboka i Stord kommune.

Ny rapportering innført i 2022, er ein eigen investeringsrapport for sjølvkostområder.

Type	Rådmann	Tema	Frist	Kva?
Månadsrapport Jf. Økonomireglement pkt. 4.1.	UTVALA (OKU, RHO OG PUT) FORMANNSKA PET	Større avvik/hendingar	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av	1. Større avvik/hendingar Rapportering i Framsikt

			politiske saker, avs. 7	
HMT-rapport Jf. Driftsstyret PS 4/14 og PS 1/21	DRIFTSUTVALE T ARBEIDSMILJØ -UTVALET Munnleg orient. til KS	Sjukefråværsstati stikk og HMT- avviksstatistikk. Revisjon av HMT- målsetnadane.	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av politiske saker, avs. 7	1. Status (Tal AUF- meldingar, sjukefråvær og miljøfyrårn) Rapportering i Framsikt
Arbeidsliste Jf. Økonomireglements pkt. 4.1. og pkt. 6.1	DRIFTSUTVALE T UTVALA FORMANNSKA PET	Verbalpunkt i budsjettvedtak, samt andre politiske oppdrag, typisk ut over ordinær drift. Herunder investeringsprosjekt som er definert gjennom politiske oppdrag og difor går fram av arbeidslista, jf. PS 49/2017). I praksis går lista også til OKU/PUT/RHO, samt driftsstyret. Prosjekt skal rapporterast til politisk prosjekteigar. Det verdt lagt til grunn at kommunestyret har delegert til formannskapet å vera rapportmottakar , jf. økonomireglements ntet	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av politiske saker, avs. 7	1. Status 2. Prognose for framdrift 3. Større avvik/hending ar Rapportering i Elements.
Tertialrapport	FORMANNSKA PET	Vurdera verksemda i høve til	20.05. og 20.09 (Frist for	1. Økonomistatus - sml. budsjettvedtak

Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. og pkt. 6.1. Samt nøkkeltalstyring for HMT Jf. Driftsstyret PS 4/14 Sjå også Prosjekthandbok pkt. 2.3.6.	KOMMUNESTYRET	budsjettrammer og premisser. Hovudrapportering, drift + investeringsprosjekt som er definert gjennom politiske oppdrag og difor går fram av arbeidslista, jf. PS 49/2017) Status for sjukefråvær og HMT	utsending fredagen) Rekneskapen pr. 30.04 og 31.08.	- Prognose sluttresultatet – sml. Budsjettvedtak - Tenesteyting – status jf. vedtekne mål - Avviksanalyse - årsaka til innrapporterte avvik - Ved større prosjekt (bygg/anlegg eller uklare føresetnader) – val av konkurranseform - Medarbeidarar – Sjukefråvær, status og prognose samt - Status for sjukefråvær og HMT Rapportering i Framsikt
Årsrekneskap Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. og rekneskapsforskrifta.	REVISJONEN KONTROLLUTVALET FORMANNSKAPET KOMMUNESTYRET	Rekneskap til revisjonen Rekneskap med revisjonsmelding og årsmelding til Kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev uttale til kommunestyret (info til Formannskapet) Formannskapet innstiller til kommunestyret	15.02. Vedtak før 30.06	- Rekneskap - Revisjonsmelding - Årsmelding Rapportering i Framsikt
Investeringsrapport	PUT	Investeringar i sjølvkostområdet (01.01.23)	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av	Framdrift og kostnad i pågåande prosjekt

Jf. KS 27.10.22 PS 53/22 Budsjettrev. 2. t.			politiske saker, avs. 7	2. Framdrift og kostnad i planlagde prosjekt 3. Status – i arbeid med tiltak for å redusere auke i framtidige driftsutgifter
Forstudierapport	KOMMUNEST YRET	Motteke frå ansvarleg kommunalsjef (AK). Vedlegg til politisk sak (PS).	Avtalt tid	1. Forstudie
Forprosjektrapport	KOMMUNEST YRET	Motteke frå AK. Vedlegg til PS.	Avtalt tid	1. Forprosjekt
Sluttrapport Jf. prosjekthandbok pkt. 2.2.8. Vedlegg 1, pkt. 2.	KOMMUNEST YRET	Motteke frå AK. Erfaringar som er gjort i prosjektarbeidet med vekt på grad av måloppnåing i samsvar med prosjektplanen (min. 2 sider, maks 10 sider).	Når sluttproduktet vert sett i drift	Sluttrapporten skal skilje mellom: 1. Prosjektadministrativ sluttrapport, med erfaring og læring 2. Prosjektfagleg sluttrapport relatert til måla, erfaring og læring.

I kommunelova [§ 25-1](#) heiter det at kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikra at lover og forskrifter vert følgd. Rådmannen i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikohøve.

Ved internkontroll etter [§ 25-1, 3. ledd](#) skal rådmannen

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

Rådmannen skal etter § 25-2, rapportera til kommunestyret om internkontrollen. Eg oppfattar at det då vert vist til 25-1, 3. ledd. Desse forholda er søkt ivareteke i kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem Compilo. Det er også andre elektroniske system som ivaretek kvalitetsarbeidet, herunder Profil, Elements, Vima, Familia, IK-bygg, VIS m.v., men det er Compilo som er hovudsystemet for internkontroll.


Ad a) «utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering»

I Compilo vil ein finna skildringar av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering. Hovudoppgåvene går fram av sjølve oppbygginga av strukturen i compilo, der ein tek utgangspunkt i lovpålagde oppgåver på dei ulike tenesteområda. Deretter er det drege opp eit skilje mellom kvalitetssikring av utøving av mynde på den eine sida, og utøving av tenester på den andre. Budsjett- og økonomiplan, der mål for inneverande 4 års periode går fram, er lagra i compilo, saman med ei rekkje andre overordna dokument. Her kan nemnast m.a. kommuneplan, delegasjonsdokument, samt både politisk og administrativt organisasjonskart.

Ad b) «ha nødvendige rutiner og prosedyrer»

Prosedyrane skildrar korleis me skal levera tenester og utøva mynde i samsvar med lovkrava. Med «lovkrava» meiner ein i denne samanhengen ikkje berre pålegg som kan utleiast av lova sin ordlyd, men også tilhøyrande forskrifter, forarbeid, rettspraksis og andre relevante rettskilder. Alle desse kjeldene kan gje utfyllande informasjon om kva lova sin ordlyd inneber. Politiske vedtak og føringar, t.d. stortingsmeldingar, eller/og kommunen sine egne retningslinjer, er døme på andre kjelder som kan seie noko om kva krav og forventningar som skal leggest til grunn for tenestene vi skal levera, og mynde me skal utøva. Desse vedtaka ligg i elements, men kan ha fått tyding for innhald i konkrete prosedyrar. Døme på dette er prosedyre for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune.

Dokumentbibiloteket i compilo er strukturert slik:




Stord kommune har pr. i dag 2336 prosedyrar (samle-nemning for alle typar dokument som er lagra i compilo). Det er 126 fleire enn i fjor på same tid.

I perioden 01.01.22 til og med 31.12.22 var det ca. 26 977 innloggingar (totalt, uavhengig av brukar (ikkje unik)). Desse var fordelt slik (med underliggende):

Område	Tal innloggingar:
OKU kommunalsjef	8 187
RHO kommunalsjef	14 101
Personal- og organisasjonssjef	1 532
PUT plansjef LVE	595
Rådmann	1 999
Rådmannen si leiargruppe	295
Økonomisjef	268

Ad c) «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik»


Når prosedyrane ikkje vert etterlevd, manglar eller er mangelfulle, dannar dette grunnlag for å melda avvik. Avvikshandtering er nærare skildra i prosedyra om avvik i compilo. I Compilo kan avvika meldast elektronisk av tilsette. Avvika vert sendt til næraste overordna for handtering og lukking, etter nærare prosedyrar for oppfølging av avvik. Dersom næraste overordna ikkje tek hand om avviket innan 21 dagar, vert det sendt vidare til vedkommande sin overordna. Dersom heller ikkje denne handterer avviket, vert det sendt vidare oppover i organisasjonsstrukturen. Til sist havnar avviket hjå underteikna, som returnerer avviket til rette vedkommande for handtering. I 2022 vart det registrert 1 720 avviksrapportar. Desse var fordelt slik:



(1.jan. 2021 – 31. des. 2021: Låg: 30,9% (437), middels: 47,6% (672) høg: 21,5 (304))

Rapportert til: Summert underliggjande nivå


1. jan. 2022 - 31. des. 2022



1. jan. 2021 – 31. des. 2021: Kommunalsjef RHO: 86,1% (1217), kommunalsjef OKU: 12,5% (177), personal- og organisasjonssjef: 0,5% (7), plansjef PUT: 0,1% (1), rådmann: 0,8% (11)

Kategori

1. jan. 2022 - 31. des. 2022




(1.jan. 2021 – 31. des. 2021: Teneste/brukar: 49,0%, organisasjon/internt: 16,2% (304), helse, miljø og tryggleik: 34,8% (654))

Dagar før lest og dagar før lukking:

	0-1 dag	2-10 dagar	10-22 dagar	Over 22 dagar
Antall saker før lest	836	486	73	295
Antall saker før lukking	278	329	92	991

Status

1. jan. 2022 - 31. des. 2022

**Ad d) «dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig»**

Compilo fungerer som ein prosedyrebank, slik at både gjeldande og tidlegare prosedyrar kan finnast att. Også avviksrapportar og forlagsrapportar vert lagra elektronisk. Det same gjeld gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalyser. Dersom det vert gjennomført interntilsyn, så vert desse dokumentert i vårt sakshandsamingssystem Elements.

Ad e) «evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»

Prosedyrane er gjenstand for systematisk overvaking ettersom Compilo set krav om årleg revidering av alle dokument i systemet. Alle prosedyrane som ligg i compilo er knytt til ei rolle. Den som til ei kvar tid er i rolla, vil få ei elektronisk påminning om kva tid prosedyra skal reviderast.

Av dei 2 336 prosedyrane som ligg i compilo, vil det i praksis alltid vera prosedyrar som ikkje er revidert innan fristen. Pr i dag er det 433 prosedyrar som har forfalt til revidering. Ca. 40% av desse overskridingane sorterer under Oppvekst.

Årshjul

Det er ein eigen modul i Compilo som gjer det moglege å etablera elektroniske årshjul, med tilhøyrande prosedyrar, på alle nivå i organisasjonen. Me har pr. idag følgjande overordna årshjul, altså årshjul som vert fordelt til alle einingsleiarane, eller til andre strategisk viktige posisjonar:

- Administrativt årshjul (tildelt kommunalsjefar og einingsleiarar)
 - Alle månader: Månadsrapport - økonomi m.m.
 - Jan.: Rekneskapsavslutning/Årsoppgjer
 - Jan.: [Årsrapportar frå einingane](#)
 - Jan.: [Årsmelding for kommunen](#)
 - Jan.: Årleg informasjonstryggleiksrapport - Einingsleiarar
 - Feb., mars og april: [Medarbeidarsamtalar](#)
 - Feb.: Handlingsplanar frå einingane
 - Mars: [Brukarundersøkingar](#)
 - Mars: [Video](#) om handtering av avvik
 - Mai, og sept.: [Tertialrapportering / Budsjettrevisjon](#)
 - Mai: [Investeringsbudsjett for neste år](#)
 - Mai: Analyse av brukarundersøking
 - Juni: Oppstart av arbeid med neste års budsjet
 - Sept.: [Budsjettprosessen fortset](#)
- HMT/Miljøfyrtårn
 - Alle månader: Miljøfyrtårn – Avlesing eige energiforbruk
 - Mars: Miljøfyrtårn – Årleg klima- og miljørapport
 - Mars: Medarbeidarundersøking – 10Faktor
 - April: Vernerunde og ROS 1.tertial – tema: Innemiljø
 - Mai: Miljøfyrtårn – Årleg klima- og miljørapport - presentasjon til tilsette og offentliggjering på nettsida
 - Juni: Oppstartsmøte – 10Faktor

- Aug.: Vernerunde og ROS 2.tertial – tema: Ergonomi, førstehjelp og tryggleik. Planlegging av medarbeidarundersøking – forarbeid, gjennomføring og etterarbeid.
- Sept.: Opplæringspakke del 1 -10Faktor og medarbeidarundersøking
- Okt.: Medarbeidarundersøking – gjennomføring annakvart år
- Des.: Vernerunde og ROS 3.tertial – tema: Systematisk HMT, psykososialt arbeidsmiljø og Ytre miljø. Etterarbeid medarbeidarundersøking.
- Brannvern: (delt til brannvernleiarar i organisasjonen)
 - April, juni, aug., okt. og des.: Sjekkliste brannvernleiarar
 - April og sept.: Opplæring og brannøvingar
- Informasjonstryggleik:
 - Jan.: [Årleg informasjonstryggleiksrapport IKT \(gjennomførande\)](#)
 - Jan.: Årleg informasjonstryggleiksrapport Tryggleiksansvarleg/rådmann (Kontrollerande og styrande)
 - Jan.: Møte: Førebuing av tryggleiksrevisjon i arbeidsgruppa
 - Mars: Leiinga sin gjennomgang
 - Juni og nov.: Møte i Tryggleiksforum
 - Sept.: ROS analyse - Styring av informasjonstryggleik (Rådmannen)
 - Sept.: ROS analyse - Kontroll av informasjonstryggleiken (Tryggleiksansvarleg)
 - Okt.: ROS analysen - Gjennomføring av informasjonstryggleik (IKT)
 - Nov: ROS analyse - Dagleg informasjonstryggleik (Einingsleiarane)

Utover dette er det mange andre årshjul, t.d. årshjul for Styrarar barnehage, Rektorar, ass.rektor og faggruppe og RHO- einingsleiarar.


Forslagskasse

Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane. I samband med at Compilo fekk eit nytt design i juli 2020, vart det difor i tillegg til avviksrapportering, også innført forslagsrapportering. I perioden 01.01.22-31.12.22, kom det inn 51 rapportar. Det vil frametter verta meir fokus på å ta i bruk forslagskassa.

Forslag i 2022:


Rapportert til: Summert underliggjande nivå

1. jan. 2022 - 31. des. 2022



Status

1. jan. 2022 - 31. des. 2022



ROS-analysar

Det er ein eigen risiko- og sårbarheitsmodul (ROS) i Compilo. ROS-analysane vert nytta som er verktøy for å forbetra drifta. I perioden 01.01.22-31.12.22 vart det gjennomført 16 ROS-analysar.

Rapportering om statleg tilsyn i perioden 01.01.22 – 31.12.22

Gjennomførte tilsyn	Avvik og pålegg	Status/frist
Statsforvaltaren i Vestland (2022/8477): Heimel: Opplæringslova § 2-15. Inspeksjonstema Gratisprinsippet (Stord kommune, Langeland skule, Sagvåg skule og Rommetveit skule)	Ingen avvik, pålegg eller merknadar (Førebels tilsynsrapport varsla avvik og pålegg. - Turar som er ein del av opplæringa er gratis for elevar og foreldre. - Gåver og andre bidrag frå foreldre er reelt frivillig. På bakgrunn av kommunen sitt svar og endring av praksis vart tilsynet avslutta før endeleg tilsynsrapport.)	Avslutta 28.11.2022 Kontaktpers.: Hans Dagfinn Reppen
Statsforvaltaren i Vestland (2022/5933): Heimel: Opplæringslova § 13-3e andre ledd. Inspeksjonstema Plikt til å syta for at skulen jamleg vurderer om organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidreg til at måla i læreplanverket blir nådd. (Skulebasert vurdering) (Stord kommune og Nysæter ungdomsskule)	<u>Avvik/ Pålegg:</u> Kommunen må syta for: - brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga - involvere elevane i den skulebaserte vurderinga - gjennomføre skulebasert vurdering jamleg <u>Merknadar:</u> ingen	Frist for retting 23.01.2023 Kontaktpers.: Hans Dagfinn Reppen
Statsforvaltaren i Vestland	<u>Avvik/ Pålegg:</u>	Rette frist:

(2022/3868): Heimel: Barnehagelova §§ 31 og 37. Inspeksjonstema • Retten til spesialpedagogisk hjelp - Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp som oppfyller krava i barnehagelova §§ 31, m.fl. • Kommunen si plikt til å sikre at barn med å nedsette funksjonsevner får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod -Gjere vedtak om individuell tilrettelegging som oppfyller krava i barnehagelova §§ 37, m.fl.	Kommunen må syta for: • vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva hjelpa skal gå ut på • Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast • dei tek stilling til kva som er til det beste for barnets når dei gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp • tek stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn • tek stilling til kva tilrettelegging som er egna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn • grunngjev kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging • tek stilling til kva som er til det beste for barnet	20.10.2022 Tilsyn avslutta: 15.11.2022 Kontaktpers.: Hans Dagfinn Reppen Kommentar: Eit omfattande tilsyn. Totalt 49 kontrollpunkt. Fekk gode tilbakemeldingar på det meste. òg i høve punkt me fekk avvik på så var mykje på plass og lite som skulle til for å oppfylle lovkrav.
Statsforvaltaren i Vestland (2022/2056 -3) Heimel: Sosialtenestelova § 9 Tilsynstema: Sosiale tenester til personar mellom 17 og 25 år, avgrensa til tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad. Tilsynet omfatta tildeling av tenester og oppfølging av tenestemottakarane, og brukarmedverknad og samhandling	Avvik: • Stord kommune sikrar ikkje at vedtak frå Nav Stord om tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad alltid byggjer på forsvarleg kartlegging og konkrete, individuelle vurderingar av søkjarens behov. • Vi kan ikkje sjå at Nav ved behandling av søknader om økonomisk stønad, alltid avklarar om søkjaren har behov for opplysning, råd og rettleiing etter sosialtenestelova § 17, eventuelt kva innhaldet i denne tenesta skal vere. Der det er gjort § 17-vedtak med	Forbetringstiltak er iverksett Frist for svar på tilsynsrapport: 20.01.2023 Kontaktperson: Rune Pedersen

med andre tenester som ledd i dette.	konkret innhald, er det ikkje dokumentert at tenesta er ytt i samsvar med vedtaket, og det går heller ikkje fram av dokumentasjonen om tenesta er avslutta, eventuelt kva som er grunnen til det. • Vi kan heller ikkje sjå at Nav gjennom kartlegginga sikrar at dei har dei opplysningane som er nødvendige for å vurdere om søkjaren har rett til økonomisk stønad etter sosialtenestelova § 18, eventuelt omfanget av stønaden. • Det same gjeld for opplysningar som er nødvendige for å vurdere om søkjaren bør få økonomisk stønad etter sosialtenestelova § 19. • Vurderingar som skal vere konkrete og individuelle ved utmåling av stønad og fastsetting av vilkår, ser ut til å vere standardiserte. Kommunens arbeid er på desse punkta ikkje i samsvar med sosialtenestelova §§ 17, 18 og 19, jf. forsvarlegkravet i sosialtenestelova § 4, forvaltningslova § 17 om forvaltningsorganets utgreiings- og informasjonsplikt, og forvaltningslova §§ 23, 24 og 25 om vedtak og grunngjeving.	
Statsforvaltaren i Vestland (2022/5395): Heimel: helse og omsorgstenestelova § 12-3 og helsetilsynslova § 4. Helsetilsynslova § 4 omfattar også verksemder som yter helse- og	Merknader: Avvik: Merknader:	Kontaktpers.: Nina Walquist Esther Bjelland Anne Karin Fossdal

omsorgstenester på vegne av kommunen	Ventar på rapport som var varsla sendt oss før nyttår.	
Tilsynstema: Landsomfattande tilsyn med barne- og avlastingsbustader		
Statsforvaltaren i Vestland (2022/6900-2): Heimel: Sosialtjenestelova § 9 Tilsynstema: Tildeling av tenester og oppfølging av tenestemottakarane og brukarmedverknad og samhandling med andre tenester som ledd i dette.	<u>Avvik:</u> Kommunens arbeid er ikkje i samsvar med sosialtenestelova §§ 17, 18 og 19, jf. forsvarlegkravet i sosialtenestelova § 4, forvaltningslova § 17 om forvaltningsorganets utgreiings- og informasjonsplikt, og forvaltningslova §§ 23, 24 og 25 om vedtak og grunngjeving.	16.12.22 Kontaktpers.: Rune Karlsson Pedersen

Merknad: Rapport inkluderer ikkje tilsyn som vert opna med heimel i barnehagelova § 56 (tilsyn med økonomiske forhold i private barnehager). Det har vore eitt slik tilsyn i 2022. Opna på grunn av feilføringar hos ein privat barnehage. Avslutta utan avvik/pålegg.

Økonomiske oversyn/detaljbudsjett

Her finn du økonomioversyn drift per ansvarsområde, og økonomioversyn investering per utval, oversyn frie inntekter, finans, avsetnader, netto driftsresultat og Kostra hovudtal.

For 2022 viser rekneskapen eit overskot på 1,9 mill. kr. Dette utgjer 0,11 prosent av brutto driftsinntekter. Opphavelag budsjett var lagt fram med eit forventa underskot på 7,7 mill. kr. 2022 har vore eit år prega av store endringar i energikostnader, skatteinngang og underkompensasjon av koronarelaterte kostnader. Forventa resultat i revidert budsjett for Stord kommune var difor eit underskot på 42 mill. kr. Konsolidert resultat utgjer 4,8 mill. kr som utgjer 0,26 prosent av konsoliderte

brutto driftsinntekter. Stord hamn sitt resultat utgjorde 2,8 mill. kr av totalresultatet. Netto avsetning til disposisjonsfond var 11,4 mill. kr og netto bruk av bundne driftsfond var 9,5 mill. kr.

Skatteinngangen vart 682,4 mill. kr og utgjør 89% av landsgjennomsnittet. Dette er ein auke på 33 mill. kr. samanlikna med 2021. I 2021 utgjorde Stord kommune sin skatteinngang 91% av landsgjennomsnittet. Arbeidsløysa i regionen er lav. Rammetilskotet består av tre delar: vanleg rammefinansiering, skatteutjamning og koronakompensasjon. Ordinært rammetilskot utgjorde 507,4 mill. kr, skatteutjamning 31,4 mill. kr og koronakompensasjon 40,6 mill. kr.

Andre generelle inntekter består av integreringstilskot, havbruksfond, øyremerka rammetilskot og investeringstilskot. Totalt utgjør desse inntektene 40,5 mill. kr. Av dette er 30,8 mill. kr integreringstilskot. Totalt er andre inntekter 17,8 mill. kr under forventningane i revidert budsjett.

Når det gjeld kostnadsforbruket i einingane viser einingane under tenesteområdet plan og utvikling litt mindreforbruk. Dei fleste sjølvkostområda ligg i dette tenesteområdet og desse er regulert av reglane i sjølvkostforkrifta.

I tenesteområdet for oppvekst og kultur er netto mindreforbruk 6,9 mill. kr. Størstedelen av dette er knytt til færre barn i private barnehagar. I tillegg har auka inntekter for vaksenopplæringa bidrege til eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr.

I Rehabilitering, helse og omsorg finn me eit samla meirforbruk på 7,2 mill. kr. Dette er i all hovudsak knytt til heimebaserte tenester (2,7 mill. kr) og drift av institusjonar (7,7 mill. kr). Meirforbruket er i stor grad knytt til sjukefråvær og manglande koronakompensasjon. Einingane NAV kommune og eining for psykisk helse og rus hadde likevel mindreforbruk på høvesvis 2,8 mill. kr og 1,5 mill. kr.

Samla investeringar i 2022 utgjorde 430 mill. kr. 418 av desse var investeringar i varige driftsmidler. Nysæter ungdomsskule utgjør 153 av totale investeringar, og sjølvkostområda utgjør 113 mill. kr. Revidert budsjett for investeringar var 664 mill. kr for 2022.

Samla lånegjeld utgjorde 3 115 mill. kr som er ein auke på 260,9 mill. kr. Frå 2021. 76 mill. kr av dette var knytt til vidare utlån i Startlånordninga til Husbanken. Låneavdrag utgjorde 82 mill. kr i 2022.

Økonomisk oversikt drift per ansvarsområde

Beløp i 1000

Namn	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Folkevalde, politiske utval	5 909	5 549	47 570	-42 021	-757,3 %
Planarbeid	3 475	4 778	3 268	1 510	31,6 %
Administrasjon og leing	-76	20 626	3 159	17 467	84,7 %
Kyrkja	8 703	8 937	8 956	-20	-0,2 %
Næring, landbruk	14 981	4 061	3 746	314	7,7 %
Skatt, rammetilskot og finans	109	6	82	-76	-1187,8 %
Utval for oppvekst og kultur	0	35	0	35	100,0 %
Fagavdeling oppvekst og kultur	153 652	158 285	153 996	4 289	2,7 %
Barnehagar	39 109	40 403	40 224	180	0,4 %
Skule, SFO	245 895	274 452	276 174	-1 721	-0,6 %
Vaksenopplæring	9 936	11 211	9 337	1 874	16,7 %
Helsestasjon, Pedagogisk-psykologisk teneste, Ungdomsteam	38 543	43 976	42 650	1 326	3,0 %
Barnevern	47 580	55 944	54 803	1 141	2,0 %
Eining for kultur	29 081	28 754	28 886	-132	-0,5 %
Fagavdeling rehabilitering, helse og omsorg	-32 515	-32 152	-32 286	134	0,4 %

Namn	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Heimebaserte tenester	82 281	92 437	95 133	-2 697	-2,9 %
Institusjon	156 915	176 142	183 814	-7 671	-4,4 %
Rehabiliteringstenester	12 870	15 080	14 174	905	6,0 %
Tenester til personar med utviklingshemming	136 973	151 266	151 505	-238	-0,2 %
Tildelingskontoret	37 125	39 266	40 164	-898	-2,3 %
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	19 137	20 742	20 914	-173	-0,8 %
Eining for psykisk helse og rus	43 941	43 058	41 518	1 540	3,6 %
Legeteneste	27 935	33 644	34 612	-968	-2,9 %
Nav kommune	35 647	43 516	40 653	2 863	6,6 %
Regulering, byggesak og oppmåling	2 776	4 271	4 054	217	5,1 %
Eining for tekniske tenester	-8 597	-22 806	-25 708	2 902	12,7 %
Brann og redning	11 681	12 435	11 762	672	5,4 %
Avskrivingar	0	0	0	0	0,0 %
Sum tenesteområde	1 123 062	1 233 916	1 253 161	-19 245	-1,6 %

Frie inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Frie disponible inntekter				
Rammetilskudd	-560 323	-552 197	-565 800	13 603
Inntekts- og formuesskatt	-624 236	-664 239	-682 375	18 136
Eiendomsskatt	-48 480	-50 868	-51 544	676
Andre generelle driftsinntekter	-23 681	-58 349	-40 557	-17 792
Sum Frie disponible inntekter	-1 256 720	-1 325 653	-1 340 276	14 623

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter				
Renteinntekter	-18 560	-8 501	-6 571	-1 930
Utbytter	-313	-9 320	-15 676	6 356
Renteutgifter	33 938	51 766	52 382	-616
Avdrag på lån	87 416	81 984	81 478	506
Sum Finansinntekter/-utgifter	102 481	115 929	111 613	4 316

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader				
Overføring til investering	135	0	15	-15
Avsetninger til bundne driftsfond	0	0	1	-1
Bruk av bundne driftsfond	-192	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	31 225	14 786	14 242	544
Bruk av disposisjonsfond	0	-38 978	-38 757	-221
Netto avsetnader	31 168	-24 192	-24 499	307

Netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-24 789	-12 261	-18 035	-33 755
Bruk av disposisjonsfond	0	-300	-46 178	-3 373
Sum bruk av avsetnader	-24 789	-12 561	-64 213	-37 128
Avsetninger				
Overføring til investering	1 261	0	800	15
Avsetninger til bundne driftsfond	25 473	432	6 551	24 295
Avsetninger til disposisjonsfond	31 870	4 367	14 786	14 786
Sum avsetnader	58 604	4 800	22 138	39 096
Netto driftsresultat	-33 815	7 761	42 075	-1 969
Sum driftsinntekter	-1 715 438	-1 658 028	-1 771 116	-1 831 421
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	2,0 %	-0,5 %	-2,4 %	0,1 %

KOSTRA hovudtall

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Økonomi				
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	93 008	98 515	101 113	96 513
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,0 %	0,8 %	2,1 %	1,5 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	91 192	97 748	98 983	95 085
Frie inntekter i kroner per innbygger	62 612	65 356	66 956	65 160
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,4 %	0,6 %	2,6 %	2,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	129 792	143 669	91 984	96 731
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	139,5 %	145,8 %	91,0 %	100,2 %
Renteekspontert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	78,1 %	83,2 %	66,6 %	73,8 %
Renteekspontert gjeld Andel av langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser (prosent)	48,1 %	50,3 %	58,3 %	58,4 %

Investeringar

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Agresso økonomistyringsystem	693	1 407	-714
Aktivitetspark Stord kulturhus	3 008	3 950	-942
Arkiv sortering, registrering og deponering	1 719	1 434	285
Asfaltering kommunale vegar	10 657	9 512	1 145
Avlastningsbustad Sævarhagen	26 372	21 583	4 789
Ballplassar og nærmiljøanlegg	928	0	928
Brann, innemiljø, enøk kommunale bygg	15 484	14 965	519
Breibandsutbygging	1 210	2 583	-1 373
Bustadar for vanskeligstilte	3 361	1 272	2 089
Byromstrategi	760	16	744
Båtstø VA	2 000	0	2 000
Dagkasernering, renovering av brannstasjon, bilordning	4 893	839	4 054
Dagsturhytta Stord kommune	0	24	-24
Damvedlikehald	2 000	832	1 168
Digitalisering	451	517	-66
Digitalisering byggesaksarkiv	991	19	972
Digitaliseringsstrategi	891	28	863
Djupavikjo RA (3.0)	2 000	499	1 501
E39-Litlabøkrysset omlegging VA	140	442	-302
eByggesak	240	177	63
Elbilar/ transportbilar RHO	6 701	6 627	74
Eldøy - Pumpestasjon	1 000	660	340
Eldøy VA, del 2	2 000	515	1 485
Falteinsvik VA	2 900	1 348	1 552
Fastsamband Huglo, planprogram	213	0	213
Felleskonto idrettsanlegg	6 915	0	6 915
Finansiering investering	3 376	14	3 362
Flathaugane VA	7 000	3 936	3 064
Forprosjekt ombygging kulturhuset	41	127	-86
Forsikringssaker	742	0	742
Forstudie bilordning	191	0	191
Forstudie nytt basseng	300	0	300
Forstudie underjordisk parkeringsanlegg	613	495	118
Fortetting kontorplassar NAV	297	0	297
Fotballbane ved Hystad skule	285	0	285
Frugarden gravplass – prosesjonsveg	988	0	988
Furulyvegen VA	7 000	5 962	1 038
Geitåsen Solhaug omlegging VVA	0	889	-889
Geodataplan for Hordaland (nykartlegging/flyfotografering)	332	50	283
Grunnateigen pumpestasjon	100	27	73
Grunnavågen VA	348	294	54
Grunnkjøp	8 831	0	8 831
Grunnkjøp VA	6 000	0	6 000
Grønavikjo - Vatnadalen HVL	1 500	869	631
Hagalio VA	1 550	969	581

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Heiane AP og VA-nett	360	235	125
Holevegen VA	7 960	3 427	4 533
HVL Nedre Litlabø til Stuva	320	325	-5
Hystad skule uteamfi	296	297	-1
IKT infrastruktur	1 856	1 567	289
Innkjøpsløyning (EHF)	92	8	84
Inventar og utstyr VA	2 000	656	1 344
Inventar og utstyr VTP	1 545	991	555
Inventar og utstyr, samlepotte under utval for rehabilitering, helse og omsorg	6 131	2 925	3 206
Investering utstyr brann	922	810	111
Justeringsavtale 2020, Solbakken AS	0	1 875	-1 875
Kappelen AP	1 000	43	957
Kartlegging av lokale friluftsområde	0	19	-19
KDP Overvatn	1 130	451	679
Kjøp/sal av eiendom	0	1 086	-1 086
Kjøtteinsvegen SP/OV (39/766)	0	1 353	-1 353
Klatrehall	13 959	0	13 959
Kleivane VA (samarbeidsprosjekt)	4 500	5 355	-855
Klingenberg AP/VM	1 450	622	828
Knutsatunet, inventar og utstyr	123	0	123
Knutsaåsen omsorgssenter - utvendig renovering	400	0	400
Kommunedelplan for kultur	99	0	99
Kulturhus rehabilitering symjehall	3 358	1 075	2 283
Kulturhuset rehabilitering	199	0	199
Kulturhuset undervisningsrom	332	0	332
Kulturskolen			
Kulturtenester, inventar og utstyr	1 546	527	1 019
Kvalitetsutviklingsplan oppvekst og kultur	198	0	198
Ladestasjonar for kommunale el. bilar	495	487	8
Langeland skule - lærararbeidsplassar	730	0	730
Langeland skule ny gymsal	28 157	1 432	26 725
Leirvik skule ombygging lærararb.plassar/nye klasserom modular	1 516	460	1 056
Lyngneset pumpestasjon, utskifting	640	570	70
Mosahaugen VA - anlegg	1 910	2 685	-775
Nattrutekaiaen VA	1 020	14	1 006
Ny barnehage bydel Sagvåg	841	0	841
Ny brannbil	1 188	0	1 188
Ny Hamnegata pumpestasjon	12 585	16 639	-4 054
Ny rackethall	695	0	695
Ny vassklie symjehall kulturhuset	975	0	975
Ny veg til Grunnvågen	0	560	-560
Nye institusjonsplassar	10 616	0	10 616
Nye lærebøker	4 370	4 370	0
Nysæter Ungdomsskule	171 881	153 024	18 857
Nysætervegen VA	2 000	1 530	470

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Nytt bufellesskap for funksjonshemma (Leirvik-Heiane-Langeland området)	490	61	430
Ombygging Langeland skule gymsal til tre klasserom	10 073	0	10 073
Ombygging Leirvik skule	990	0	990
Omsorgsbustader Bandadalsplassen	12 403	515	11 887
Oppfølging Lønningsåsdammen	0	804	-804
Oppgradering driftskontroll	12 989	4 376	8 613
Park- og friluftsareal	916	0	916
Parkeringsplass Heio	2 916	210	2 706
Personalbase Studalen (Tunet borettslag)	6 045	5 784	261
Planlegging utbygging inst.-baserte omsorgsplassar	300	0	300
Planleggingsmidlar - utvikling av allmennlegetenesta i Stord Kommune	170	0	170
Presthaugshavet-Lundsåsen VL utskifting	1 220	666	554
Rammeavtale entreprenør VA/Veg	0	102	-102
Ravatnet reservevassforsyning	11 660	923	10 737
Regulering prosesjonsveg Stord kyrkje	85	275	-190
Reguleringsplan næringsområde Grunnvågen	300	0	300
Reguleringsplan	0	209	-209
Skotaberg/Sponavik Rehab. HVL Lundsåsen - Lunde VM	8 740	5 938	2 802
Rehabilitering Båtsvikjo AP	360	273	87
Rehabilitering gamle institusjonsplassar	9 405	6 705	2 700
Rehabilitering kyrkjene	7 521	2 322	5 198
Rehabilitering Samfunnshuset AP/VA	5 700	3 685	2 015
Rehabilitering Stord sjukeheim	-3 811	3 365	-7 175
Rehabilitering uteareal skular og barnehagar	1 683	891	792
Renovering skeisebanen	4 696	0	4 696
Renovering uteareal	200	0	200
Knutsaåsen omsorgssenter	4 000	5 272	-1 272
Renseanlegg Grunnvågen (1.0)			
Resipientgransking Stord kommune	2 000	1 133	867
Rindane VA rehabilitering	1 000	1 164	-164
ROS analyse, revisjon	107	14	92
Rullering av trafikksekringsplan SK	236	164	72
Rundehaugen VA (samarb. Jula)	3 500	1 344	2 156
Rådhuset ombygging 2017-2021	6 357	1 569	4 788
Saghaugen personalbase	988	0	988
Sagvåg pumpestasjon	400	374	26
Sagvåg sentrum VA	940	339	601
Sikring av kunstgrasbaner mot forureining (granulat)	673	0	673

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Skifte av vasskummar	2 000	1 996	4
Skog - prosjekt	159	0	159
Skular og barnehagar, inventar og utstyr	1 749	1 094	655
Skuleadministrativt system	217	791	-574
Skyttarhaugsvegen	990	15	975
Solidhuset - rehabilitering garderobar	1 188	104	1 084
Sponavik camping - kloakk ny pumpestasjon	594	524	70
Sponavikdalen VA	2 500	2 149	351
Startlån	0	28	-28
Stord kommunale eigedom utstyr	1 192	1 203	-11
Sveinslio VA del 2	6 200	7 403	-1 203
Sæbø gard, ny løe	1 993	140	1 852
Sævarhagen RA (4.0)	1 000	182	818
Tiltakspakke 2020 VTP	0	1 478	-1 478
Toalettbygg Åsbanen	990	0	990
Trafikksikring	3 056	2 820	236
TS-tiltak X Langelandsstølen	0	60	-60
Tysevegen/Rusti omlegging VA	2 000	1 732	268
Utbetring Vaulane	10 000	8 812	1 188
Uteareal Langelans skule, masseutskifting	9 540	7 094	2 447
Uteareal Rommetveit skule	1 000	998	2
Utgreiing grunnforhold og konstruksjon rundt kulturhuset	198	0	198
Utleigeboliger	2 406	1 836	570
Utleigebustadar for vanskeligstilte (inkl. Kleivane)	21 615	13 029	8 586
Utlån kraftsalsfond	0	1 090	-1 090
Utsmykking	6 010	602	5 409
Utstyr kyrkjeleg fellesråd	840	0	840
Utstyr/maskiner lån/fond	3 400	3 064	336
Vabakkjen sør VA	9 380	8 810	570
VA-sanering Borggata Nord	1 600	1 653	-53
Vassverk oppgradering	1 500	89	1 411
Veganlegg/utbetring	4 215	2 851	1 364
Veglys	5 198	1 411	3 787
Velferdsteknologi	2 280	1 444	836
Ventilasjon Knutsaåsen omsorgseneter	2 110	0	2 110
Vikahaugane rehabilitering	2 403	2 574	-170
Vognskur og miljøstasjonar	1 574	323	1 251
Vurdere omlegging av matproduksjon til institusjon	200	0	200
Vår digitale framtid	4 009	8 486	-4 477
Sum andre prosjekt	7 076	5 636	1 441
Sum	664 052	428 298	235 754

Kommunen sine tenesteområde

Formannskap og driftsutval

Beredskap og samfunnstryggleik

Kommunane skal vera i stand til å halda oppe viktige oppgåver og ta i vare folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike hendingar. Samfunnsberedskap byggjer på at kommunane tek ei sentral rolle i kriser, har eit oppdatert planverk og ei handlingsretta organisering. Den kommunale kriseleiinga (KKL) i Stord har ikkje formalisert vaktordning, men det ligg føre ein plan for varsling som skal kunna utløysa naudsynt aktivitet. Kriseleiinga er knytt til naudnettet og har intern rutine mot Brannvernet for å øva teknisk bruk av dette. KKL har hatt ei overordna rolle i høve til å handtera pandemien i Stord kommune.

Revisjon av risiko og sårbaranalyse for Stord og Fitjar vart starta opp i april 2021 og vart vedteke i kommunestyret i starten på 2022.

Beredskapsforum er eit tverrfagleg/-etatleg organ som arbeider med å leggja til rette for meir samordna innsats på tvers av kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Dette er knytt mot politidistriktet, legevaktsamarbeidet og Helse Fonna HF med fokus på kommunane i Stord sjukehusområde ved ei større hending.

Den psykososiale krisegruppa har i 2022 vore operativ på fleire hendingar.

Kommunen har ikkje hatt hendingar med ekstremver dette året. Det er kontinuerleg arbeid både på drikkevass- og avlaupsanlegget, men det har ikkje vore uventa hendingar som har kravd innsats utover ordinær drift.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	3 418	3 863	4 605	4 512
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på fyringsolje og -parafin, konsern	0,0 %	0,0 %	0,3 %	-1,7 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	75,1 %	71,9 %	85,2 %	89,9 %
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	27	40	197	200
Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)	0	0	129	96
Kommunal næringsvirksomhet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	-272	-168	-88	-68
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	55	61	139	125

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	94	90	142	132
Netto driftsutgifter til funksjon 392 tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger	0	0	3	16
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	503	511	689	616
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	0,8 %	0,7 %	1,0 %	0,9 %
Næringsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	515	351	-465	-63
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	245	216	414	378
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)	0	1	288	298
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	692	430	267	238
Økonomi				
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	19,5 %	15,0 %	21,7 %	19,4 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	93 008	98 515	101 113	96 513
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,0 %	0,8 %	2,1 %	1,5 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	91 192	97 748	98 983	95 085
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	7,1 %	7,4 %	14,4 %	12,9 %
Frie inntekter i kroner per innbygger	62 612	65 356	66 956	65 160
Kortsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	16,8 %	18,4 %	16,2 %	16,4 %
Kortsiktig gjeld i prosent av netto lånegjeld	12,0 %	12,6 %	17,4 %	15,5 %
Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter	162,2 %	165,6 %	114,6 %	127,7 %
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	258,8 %	263,0 %	214,5 %	227,0 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,4 %	0,6 %	2,6 %	2,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	129 792	143 669	91 984	96 731
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	139,5 %	145,8 %	91,0 %	100,2 %
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger	89 791	95 993	101 427	97 133
Renteekspontert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	78,1 %	83,2 %	66,6 %	73,8 %
Renteekspontert gjeld Andel av langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser (prosent)	48,1 %	50,3 %	58,3 %	58,4 %
Renteekspontert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsernkommune	78,1 %	83,2 %	67,8 %	78,9 %
Sertifikatlån i prosent av langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktelser	8,8 %	8,0 %	10,1 %	12,2 %

Andre nøkkeltal

Samlet energibruk i komm.
skolelokaler, egne bygg, per m2,
konsern

99

102

122

Folkevalde, politiske utval

Året som gjekk

Namn på politkar i kommunestyret	Parti	Bilete
Gaute Straume Epland, ordførar	Arbeidarpartiet	
Edgar Inge Damås	Arbeidarpartiet	
Trude Aamot	Arbeidarpartiet	

Tarjei Aamot Haga	Arbeidarpartiet	
Susan Abdallah	Arbeidarpartiet	
Tore Hatlevik	Arbeidarpartiet	
Sigurd Sævareid	Arbeidarpartiet	
Britt Nelly Hystad Barane	Arbeidarpartiet	
Marit Tislevoll Odland	Arbeidarpartiet	

Bente Bjelland	Arbeidarpartiet	
Kathrin Innvær Ankervold	Arbeidarpartiet	
Sigbjørn Framnes	Framstegspartiet	
Marte-Cecilie Tveita Djuvsland	Framstegspartiet	
Reinert Svanberg	Framstegspartiet	
Eva Herskedal Irgens	Framstegspartiet	

Odd Ståle Larsen	Framstegspartiet	
Øyvind Kyvik	Høgre	
Fredrik Ugland Litleskare	Høgre	
Linda Grundtvig	Høgre	
Inga Lothe	Høgre	
Magne Heimvik	Høgre	

Christian Andre Balchen	Høyre	
Per Audun Halleraker	Høyre	
Torbjørn Brosvik	Kristeleg Folkeparti	
Dag Ove Fauskanger	Kristeleg Folkeparti	
John F. Tonnessen	Miljøpartiet Dei Grøne	
Tore Roth Blokhus	Raudt	

Jakob Bjelland (til 17.02.22)	Senterpartiet	
Silje Vatna	Senterpartiet	
Nancy Johanne Aasheim (varaordfører frå 17.02.22)	Senterpartiet	
Stig Kjoberg Almås	Senterpartiet	
Ingrid Jahn Jordåen (til 27.10.22)	Senterpartiet	
Guro Kristi Holmberg (frå 17.02.22)	Senterpartiet	

Janne Iren Eikeland (frå 27.10.22)	Senterpartiet	
Hilde Mathea Hildal Hauglid	Sosialistisk Venstreparti	
Anna Sofie Valvatne (til 21.06.22)	Sosialistisk Venstreparti	
Atle Hansen (frå 21.06.22)	Sosialistisk Venstreparti	
Geir Angeltveit	Venstre	

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	55	61	139	125
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	245	216	414	378

Driftsutval

HMT

Helse, miljø og tryggleik

Arbeidsmiljøutvalet har i 2022 hatt 6 møter, og vore leia av hovudtillitsvald for Fagforbundet. Utvalet har handsama 6 politiske saker, 3 drøftingssaker, fleire orienteringssaker og fått fast orientering om status for HMT i kommunen, hovudverneombodet sine aktivitetar og sjukefråværsrapport på kvart møte.

AMU har utnemnd 5 underutval, som kommunen har kalla HMT-lag. Desse handsamar HMT-aktivitetar og rapport frå HMT-leiar innan eige område.

Eit godt HMT-arbeid har grunnlag i godt samarbeid mellom tilsette og leiing. Det overordna HMT-systemet til kommunen legg føringar for einingane sitt arbeid, og miljø- og HMT-leiing vert sett i samanheng, der også arbeidet med eininga si påverknad på ytre miljø er blitt ein del av HMT-arbeidet. Kommunen jobbar for ei aktiv HMT-leiing med klart definerte målsettingar og eit operativt system for førebygging og oppfølging av HMT-aktivitetar. Med aktiv HMT-leiing legg ein til rette for at alle einingar i kommunen jobbar med forbetring innan helse, miljø og tryggleik.

Attendemeldingar frå dei tilsette er ein viktig del av forbetningsarbeidet vårt, og me ønskjer at tilsette opplever det nyttig å melde frå. Kommunen har system for handtering av avvik, uynskte hendingar og forbetningsforslag (AUF-meldingar), og har som mål at alle einingar skal ha levert ei AUF-melding per årsverk. Det vil seia at kommunen, som har om lag 1250 årsverk, har hatt ei målsetting om totalt 1250 AUF-meldingar i 2022, der minimum 30 prosent skal vera forbetningsforslag. I kommunen vart det i 2022 meld 839 AUF-meldingar totalt og av desse var 52 forbetningsforslag.

HMT-arbeidet i kommunen var i starten av 2022 vore prega av Covid-19 pandemien, og kommunen har jobba i takt med endringar i nasjonale og lokale råd.

Som eit ledd i smittevernarbeidet, har kommunen opparbeida eit sentralt lager for smittevernutstyr. Arbeidet vart tidleg koordinert frå sentraladministrasjon, og krev streng kvalitets- og logistikkontroll.

Kommunen har avtale om kjøp av bedriftshelseteneste frå Falck AS, tidlegare Aktimed helse AS. Denne avtalen starta opp i februar 2021, og kommunen er godt nøgd med tenestene som har vore utført så langt. Bedriftshelsetenesta vert nytta til individuelle kartleggingar, kurs på eining/avdelingsnivå, grunnleggjande kurs i arbeidsmiljø, lovpålagde helsekontrollar, rådgjeving med meir.

Personalpolitikk

Arbeidsgjevarstrategien gjev retning for korleis kommunen skal prioritera i det vidare arbeidet med personalpolitikk, rekruttering og organisasjonsutvikling, og skal vera eit overordna styringsdokument fram mot 2025.

Arbeidsgjevarstrategien byggjer på arbeidsmiljølova og hovudavtalen sine mål om samarbeid og medverknad. Partane har utvikla strategien i samarbeid.

Dei tre strategiane kompetent leing, rett kompetanse og helsefremjande arbeidsplassar viser kva Stord kommune vil prioritere å jobbe med og vera gode på framover for å nå mål med arbeidsgjevarstrategien.

Oppfølging av strategien er eit felles ansvar. Eit godt samspel mellom leiarar og medarbeidarar, og mellom administrasjonen, folkevalde, tillitsvalde og vernetenesta, er ein føresetnad for å nå måla med strategien.

Tilsette

	2022	2021	2020	2019
Årsverk	1254	1228	1177	1152
Tilsette	1586	1564	1502	1496

Stord kommune hadde ved utgangen av året 1254 årsverk fordelt på totalt 1586 tilsette. Det har vore ein auka på 22 årsverk. Den største auken i 2022 finn me som i fjor innafor rehabilitering, helse og omsorg. I tillegg har auka mottak av flyktningar gitt auke i årsverk.

Statistikk i årsberetninga 2022 er henta frå KS sin innsamling av løns- og personalopplysningar til det nasjonale PAI-registeret. PAI står for personaladministrativt informasjonssystem, og baserer seg på rapportering frå alle landets kommunar. Som ein kan sjå har tal på tilsette auke mindre enn tal på årsverk. Det tyder at ein har arbeidd målretta gjennom året med å auka storleik på deltidsstillingar for tilsette i deltidsstillingar.

Likestilling

Av 1586 tilsette i Stord kommune er 1274 kvinner (80 prosent) og 312 menn (20 prosent). I oppvekst er det 393 kvinner (80 prosent) og 112 menn (20 prosent). I RHO-einingane er det 711 kvinner (89 prosent) og 90 menn (11 prosent). Innan teknisk sektor er det 54 kvinner (39 prosent) og 86 menn (61 prosent). Innan administrasjon, inkludert rådmannen si leiargruppe, er fordelinga 43 kvinner (73 prosent) og 17 menn (28 prosent). Fordelinga mellom kvinner og menn er omlag uendra frå siste år innafor alle områder.

Tilsette i kommunesektoren i Norge visar at årsverk fordelinga mellom kvinner og menn er fordelt med 75 prosent kvinner og 25 prosent menn.

Innafor arbeidsgjevarstrategien er arbeid med likestilling eit viktig område. Kommunen arbeidar for å medverka til likskap mellom kvinner og menn når det gjeld utdanning, arbeid, løn og personleg, fagleg utvikling. Eit viktig område er heiltidskultur. Det handlar om å tilby fulle stillingar til dei som ønskjer det. Me har dei fleste deltidsstillingane innafor rehabilitering, helse og omsorg. Det er og sektoren som har høgast del kvinner. Gjennom 2022 har om lag alle stillingar med krav om høgskuleutdanning vore lyst ut som fulle stillingar.

I 2018 tredde det i kraft ny likestillingslov. Etter den nye lova handlar likestillingsarbeidet ikkje berre om kjønn, men også nedsett funksjonsevne og trakasseringssaker m.m. Eit samfunn der me ikkje diskriminerer er ein føresetnad for likestilling og like moglegheiter. Arbeidsgjevar/kommunen si aktivitetsplikt etter lova er skjerpa frå 1. januar 2020. Den konkrete aktivitetsplikta er utvida med eit

krav om at kommunen anna kvart år skal kartleggje lønstilhøva fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Kartlegging av lønstilhøve fordelt etter kjønn:

Lønssamanlikning	2022		2021		2020		Landssnitt 2022	
Stillingsgruppe	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	1 040 600	1 193 700	970 650	1 150 500	941 575	1 087 800	1 121 568	1 128 198
Einingsleiar	799 100	810 700	750 204	771 067	721 131	780 333	823 455	821 253
Avdelingsleiar, fagleiar	663 900	690 700	637 029	649 836	607 909	647 300	732 780	748 218
Undervisningspersonale	595 300	591 800	576 844	576 552	551 296	555 015	569 172	574 808
Sjukepleiar	539 300	522 700	526 561	513 075	503 622	488 900	541 764	543 888
Spesialsjukepleiar	596 200	630 900	579 892	614 100	560 935	595 100	591 096	594 732
Sosionon/vernepleiar/barnevernspedagog	545 800	546 600	529 980	545 100	518 285	515 200	532 377	530 142
Fagarbeidar	469 100	493 100	457 387	478 980	436 817	462 321	461 160	471 618
Fagarbeidar med tilleggsutdanning	494 700	494 300	484 350	484 175	467 140	451 550	483 450	490 152

I oversikta over løn i dei største tilsettgruppene i Stord kommune, er det mindre forskjellar mellom kvinner og menn. I gruppa undervisningspersonale ser me at løna er lik for kvinner og menn. Det same gjeld i gruppa med sosionom/vernepleiar/barnevernspedagog. Blant fagarbeidarar ser me at menn har noko høgare løn, mens blant sjukepleiarar er det kvinner som har høgast løn. Blant einingsleiarar er det liten skilnad mellom kvinner og menn, mens i gruppa for avdelingsleiarar har kvinner noko lågare snittløn. Ein faktor er at fordelinga mellom menn og kvinner er 40/60 og at mange menn er tilsett i tekniske tenester, ein sektor som tradisjonelt har høgare løn.

Samanliknar me landssnittet, har Stord kommune høgare snittløn innafor dei store tilsettgruppene, både for menn og kvinner. Eit unntak er i gruppa sjukepleiarar, der har kvinner om lag same som på

landsnivået mens menn har noko lågare. Innafor leiarnivåa ligg Stord lågare for både kvinner og menn enn landsgjennomsnittet. Det med unntak av menn på det øvste leiarnivået

Helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø

Stord kommune har som mål å leggja til rette for helsefremjande arbeidsplassar der tilsette trivst, er inkludert og opplever ein meningsfull arbeidskvardag. Kommunen har i fleire år hatt målsetting om eit sjukefråvær lågare enn 7,50 prosent. Kommunen sitt sjukefråvær i 2022 er 11 prosent. I 2022 er det ikkje ført statistikk på koronarelatert fråvær.

Det totale sjukefråværet i kommunen fordeler seg med 3,76 prosentpoeng fråvær under 16 dagar og 7,24 prosentpoeng samanhengande fråvær over 16 dagar. Av dette er 1,89 prosentpoeng eigenmeldt og resten legemeldt.

Korttidsfråvær er omlag 1 prosentpoeng høgare og langtid nær 1,5 prosentpoeng høgare enn i 2019, som er året før Corona og som me omtalar som eit normalår. Sjukefråværet i 2022 har nokre toppar. Det er særst høgt i perioden februar/mars og mai/juni, som er utslagsgivande i statistikken, og dei siste månadane i 2022 fekk me på ny ein større auke i sjukefråværet.

Det har vore krevjande å jobba for eit lågare sjukefråvær i perioden som har vore. Starten på 2022 var prega av Covid-19 restriksjonar, og i resten av 2022 opplevde mange å få ulike luft og hals lidingar, som igjen førte til mykje fråvær.

Sjukefråværet i kommunal sektor i Noreg er i SSB sin statistikk fordelt mellom administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester, og er førebels klar for 4.kvartal 2020 – 4.kvartal 2021.

Næring	2022 K1		2022 K2		2022 K3		2022 K4	
	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord
84 Offentleg administrasjon	7,0	8,11	5,6	6,4	4,9	7,3	6,4	6,8
85 Undervisning	9,0	9,7	6,5	6,9	4,7	4,8	7,4	9,6
86-88 Helse- og sosialtenester	12,2	15,8	9,4	13,5	7,8	12,1	10,3	16,0

Barnehage og RHO sektoren har alle hatt ein markant auke i sjukefråvær dei siste to åra. Dei andre sektorane har og hatt auke samanlikna med 2020. Totalt har sjukefråværet i kommunen auka med 2% dei siste to åra.

Tabellen under syner sjukefråvær per sektor:

Område	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Barnehage	13,16 %	12,16 %	9,23 %	10,30 %	13,45 %	12,59 %
Grunnskule	7,76 %	7,03 %	6,04 %	4,69 %	5,90 %	6,05 %
RHO	14,85 %	12,66 %	12,97 %	11,11 %	10,89 %	11,41 %
Administrasjon	7,16 %	7,36 %	6,04 %	6,79 %	7,59 %	8,85 %
Tekniske tenester	7,53 %	7,51 %	5,12 %	7,37 %	7,49 %	6,54 %
Andre	8,13 %	8,46 %	6,96 %	7,92 %	7,28 %	7,56 %
<i>Totalt Stord kommune</i>	11,00 %	9,82 %	9,05 %	8,26 %	8,68 %	9,01 %

Medarbeidersamtalar

Stord kommune har prosedyre for gjennomføring av medarbeidersamtalar og eit eige samtale skjema. Einingsleiarar rapporterer på tal gjennomførte samtalar per år. Medarbeidersamtalen er ein planlagt, førebudd, strukturert og fortruleg samtale mellom medarbeidar og næraste leiar. Samtalen er eit supplement til den løpande dialogen mellom leiar og medarbeidar gjennom året, og eit høve til å løfta blikket med fokus på framtid og utvikling. Samtalen skal enda i forpliktande utviklingsmål og tiltak.

I 2022 vart det gjennomført 875 samtalar. Målsettinga er at alle fast tilsette skal ha tilbod om medarbeidersamtale.

Planarbeid

Året som gjekk

Overordna planlegging

Kommunen skal utvikla Stord som attraktiv kommune, og føra ein areal- og planpolitikk som legg til rette for vekst i næringsaktivitet og i folketal. Klare overordna føringar for areal- og samfunnsutviklinga gjennom oppdaterte planar vil vera avgjerande for å oppnå dette.

Det var ein milepæl som vart nådd då kommunestyret vedtok ny samfunnsdel av kommuneplanen i juni 2022 (PS 30/22). Førre plan var frå 2011. Kommunestyret vedtok samstundes eit revidert planprogram for kommuneplanen sin arealdel (PS 31/22). Framdriftsplanen er at arealdelen skal leggjast fram for førstegongs handsaming våren 2024. Norconsult vart leigt inn hausten 2022 som konsulent i arbeidet med arealdelen.

Det vart i februar 2022 (PS 5/22) vedteke av kommunestyret at kommunedelplanarbeidet for Sagvåg-Litlabø skulle avsluttast, og at arealet skulle inkludert i arbeidet med ein samla arealdel for kommunen. Arealet er inkludert i nemnde planprogram for arealdelen.

Kommunestyret har elles vedteke fylgjande kommunedelplanar, planprogram og strategiar i 2022:

- Kommunedelplan Trafikksikringsplan 2022-2025 (PS 7/22)
- Kommunedelplan Rehabilitering, helse og omsorg (PS 44/22)
- Planprogram for kommunedelplan Kultur (PS 16/22)
- Planprogram for kommunedelplan Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 (PS 45/22)
- Strategi for utvikling av indre Leirvik hamn (PS 46/22)
- Frivilligstrategi (PS 72/22)

Fagkontor plan utfører/deltek i kommunen sitt overordna planarbeid i samsvar med budsjett, nullutsleppsmålet og vedteken planstrategi, samt deltek i og sakshandsamar høyringar som gjeld regionalt og statleg planarbeid og liknande. Overordna planlegging vert primært gjort internt i organisasjonen då dette er av stor betydning for vidare forvaltning etter planane, men òg for å kunne ivareta eit godt fagmiljø med naudsynt kompetanse innanfor kart- og planarbeid. Tematiske kommunedelplanar vert i stor grad utarbeidd ute i einingane, men der fagkontor plan deltek i prosjektgruppene med plankompetanse.

Det har vore fleire regionale planar/ planprogram på høyring i 2022, og det er Formannskapet som i stor grad har gjeve uttale i desse saken. Vidare har ein gjennom året følgt opp, og gjeve uttale, til sakene som handlar om utbygging av overordna vegnett. Vegvesenet arbeider med konseptvalutgreiing for kryssing av Bjørnafjorden (E39) og statleg reguleringsplan for E39 Ådland – Svegatjørn (Stord – Os). Det vert også arbeidd med konseptvalutgreiing for E134 arm til Bergen. Fagkontor plan har vidare arbeidd med revisjon av kommunedelplan for strekninga Heiane – Ådland av E39.

Av ressursar til overordna planarbeid er det éi heil stilling som samfunnsplanleggjar og éi heil stilling som plan- og klimarådgjevar, i tillegg til prosjektmidar. Kommunalsjef plan og utvikling har også dette året fungert som plansjef for å styrke planbemanninga, og folkehelsekoordinatoren er også tilknytta fagkontor plan.

Administrasjon og leiing

Året som gjekk

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

Skule

I 2022 har ein skifta ut datamaskinane til lærarane. I tillegg har ein fornya og utbetra fleire av datanettverka på skulane. IKT-eininga har også vore tett involvert i rigging av nye Nysæter ungdomsskule som har fått eit topp moderne nettverk og infrastruktur.

Ein har også starta innføring av nytt skuleadministrativt program. Dette er planlagt vera ferdig innført i løpet av 2023.

RHO

For RHO-området har ein starta innføring av kjernejournal. Kjernejournal er ei digital teneste som inneheld viktige opplysningar om helsa til alle fastbuane i Noreg, med unntak av dei få som har reservert seg mot det. Med kjernejournal får helsepersonell rask tilgang til utvalde og viktige helseopplysningar om brukarane, uavhengig av kor det vert gitt pleie eller behandling. Kjernejournal inneheldt informasjon om legemiddel, vaksinar, alvorlege allergiar og kritiske sjukdommar. Helsearbeidarane kan også sjå kor brukaren har fått behandling tidlegare, kva helseproblem pasient sjølv har registrert, personalia og kontaktinformasjon til pårørnde og fastlege. Kjernejournal erstattar ikkje kommunen sitt eige journalsystem, men er eit helseregister som kjem i tillegg til dette. Arbeidet med å ta i bruk kjernejournal fullt ut vil fortsette i 2023.

Kommunen har også tatt i bruk Digihelsestasjon. I løysinga kan ein kontakte helsestasjonen via Helsenorge. Har kan ein sende og motta meldingar frå helse- og skulehelsetenesta, sjå avtalar og avbestille samt få varsel om planlagde avtalar via SMS eller e-post. I 2023 planlegg ein å innføre ungdomsløysinga. Der skal ungdom kunne kontakta skulehelsetenesta for timebestilling på ein sikker måte via ein app.

Informasjonstryggleik

I løpet av året har trusselbilete endra seg dramatisk. Europa og verda er inne i ei tid med ein meir uroleg og uføreseieleg sikkerheitspolitisk situasjon enn på mange år. Truslane vert fleire og meir sofistikerte, og Nasjonal Sikkerhetsmynde (NSM) sitt klare råd til norske kommunar er å auka tempoet i tryggleiksarbeidet. Ein ser ein klar auke i trussel om russisk hacking i samband med invasjonen i Ukraina. Det er ei komplisert og ressurskrevjande oppgåve å kunne sikra seg mot dataangrep. Kommunen har eit stort ansvar for å ivareta personopplysningane ein handsamar. I 2022 har ein starta opp arbeid med innføring av ei ekstern sikkerheitsteneste for å beskytte oss mot dataangrep.

Ein har også starta arbeidet med innføring av nytt styringssystem for informasjonsforvaltning; Fiks Digiorden. Dette står sentralt i arbeidet med informasjonstryggleiken. Fiks Digiorden er eit styringsverktøy hjelper kommunen å drive god informasjonsforvaltning, og gir oversikt over program (applikasjonar), datasett og behandlingsprotokoll.

HR

I Rekneskap, personal, - og lønssystemet Unit4 har ein teke i bruk funksjon for permisjonssøknad.

Våren 2022 innførte me permisjonssøknad via arbeidsflyt. Alle tilsette har fått tilgang til Unit 4 og kan søkja permisjon via Unit4 Web. Personal godkjenner digitalt og slepp såleis manuell punsjing.

Me har teke i bruk filoverføring frå Visma Flyt Skule (variabel lønn og fråvær) og eByggesak (ordrar) i 2022. Samt fått automatisert ein del av prosessane knytt til desse punkta i Unit4. Det betyr at data ikkje vert ført dobbelt og sparar støtteiningane (rekneskap og løn og personal) for manuelt arbeid.

Det er implementert ny refusjonsmodul i Unit4 – i tillegg til dei funksjonane me hadde i «gamal modul» får ein automatisk utlikna refusjonslistene frå NAV.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	3 418	3 863	4 605	4 512
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på fyringsolje og -parafin, konsern	0,0 %	0,0 %	0,3 %	-1,7 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	75,1 %	71,9 %	85,2 %	89,9 %
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	27	40	197	200
Økonomi				
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	93 008	98 515	101 113	96 513
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,0 %	0,8 %	2,1 %	1,5 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	91 192	97 748	98 983	95 085
Frie inntekter i kroner per innbygger	62 612	65 356	66 956	65 160
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,4 %	0,6 %	2,6 %	2,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	129 792	143 669	91 984	96 731
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	139,5 %	145,8 %	91,0 %	100,2 %
Renteekspontert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	78,1 %	83,2 %	66,6 %	73,8 %
Renteekspontert gjeld Andel av langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser (prosent)	48,1 %	50,3 %	58,3 %	58,4 %
Andre nøkkeltal				
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	99	102	122	

Næring, landbruk

Året som gikk

Stord - Landbruk og miljø 2022.

Det interkommunale landbruks- og miljøkontoret har eit økonomiske resultat på 0,23 mill. kr. Hovudårsaka til mindreforbruket var ei periode med vakanse i miljørådgivarstillinga. Eininga hadde i 2022 eit samla sjukefråvær på 2,2%.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor har sidan 2017 levert tenester til Austevoll kommune innan forvaltningsområda landbruk og vilt. Arbeidsoppgåvene frå Austevoll har jamnleg auka og SFLMK har

fått auke bemanninga på kontoret med 15%. Det er rådgjevar på skog og vilt som aukar si stillingsprosent i frå 60% til 75%. Stillingsomfanget vart auka til 4,75 årsverk i 2022. Austevoll kommune betalte 1.16 mill. kr for kjøp av tenester av SFLMK i 2022.

Stord har eit solid og veldrive landbruk, og samla produksjonsomfang for næringa er på om lag same nivå som året før. Produktivt jordbruksareal vert halde ved lag og vekstsesongen i 2021 var god, og me fekk gode grasavlingar.

Stord har motteke og godkjent 68 søknadar om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket, og samla vert det utbetalt 13,4 mill. kr i tilskot. Disponibel mjølkekvote for Stord er 973 043 liter fordelt på 3 føretak som ligg på Huglo, éi av desse er samdrift. I 2022 var det 55 føretak som søkte om produksjonstilskot til søyer, og det er registrert 1 858 sau og 2 438 lam slept på beite.

Det er berekna utbetalt kr 132 022 i tilskot gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram (RMP) med grunnlag i 7 søknader for 2022. I tillegg vart kr 73 320 utbetalt i tilskot til Stord beitelag foreining gjennom ordninga organisert beitebruk (OBB).

Stord kommune fekk tildelt kr 50 000 frå Statsforvaltaren i Vestland til investering i beiteområde. Det kom inn 1 søknad som fekk innvilga tilskot på kr 34 200. Ubrukt tilskot vart overført til Austevoll kommune.

Stord kommune fekk tildelt kr 130 000 i SMIL-midlar frå Statsforvaltaren i 2022. Det vart løyvd kr 130 850 til 4 ulike tiltak. To løyvingar gjekk til istandsetting av verneverdig bygg, ein til vassføring i kanal og ein til istandsetting av kulturlandskap.

Stord kommune fekk tildelt kr 150 000 i tilskot til drenering, og har løyvd kr 72 190 til fem tiltak.

Miljørådgjevar har vore kontaktperson for ryddeaksjonen Rein Hardangerfjord. Det var 11 ryddeaksjonar i Stord kommune.

SFLMK har arrangert tre kurs i bruk og stell av motorsag for Stord og Fitjar.

276 fellingsløyve på hjort vart tildelt i 2021 og det ble felt 194 dyr. Det gir ein fellingsprosent på 70%. Stord og Fitjar har utarbeid 2 felles forvaltningsplanar, ein på gås og ein på hjort.

Veterinærvakttjenesta i Stord vaktområde omfattar kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Kommunane har også i 2022 ytt tilskot for å sikra ei forsvarleg veterinærtjeneste og ei god vaktordning.

Årsrapport frå Atheno AS – Næringsarbeid i Stord kommune 2022

Atheno AS utøver næringsarbeid for Stord Kommune. I hovudsak strekk arbeidet seg frå UngTekno i skulen, etablerarretteleing, inkubatorverksemd knytt til oppstartsselskap og SMB bedrifter i vekst og enkeltstående avtalte oppdrag knytt til næring. I tillegg er Stord kommune med i prosjekta Invest in Sunnhordland og Bu i Sunnhordland i saman med andre kommunar.

Etablerarrådgjeving

Det vart gitt etablerarådgjeving til 66 ideeigarar/etablerarar frå Stord i 2022. Dette er ein nedgang frå året før på 15. Det har vore ein generell nedgang i heile landet i 2022. Det er god breidde innan ulike bransjar og god balanse mellom kvinner og menn.

Det vert anslått av vel 35-40 % av dei som kjem etablerer eiga bedrift, og det vert arbeida i tråd med avtalen som er inngått.

Kommunalt næringsfond

Prosjektet vart ferdigrapport til departementet i desember 2021, men Atheno nytta våren 2022 til å få lagt til rette for sommarope i gruvane på Litlabø, som var ein del av tiltaka som skulle gjennomførast. Formannskapet fekk i møte 7. september ei orientering om dette arbeidet.

Kommunal kompensasjonsordning

Stord kommune har i fleire omgangar motteke midlar til kommunal kompensasjonsordning for bedrifter som har falle heilt eller delvis utanfor andre ordningar under covid 19.

Stord kommune har nytta Atheno til arbeidet. Arbeidet har i hovudsak vore å legge ordninga til rette i regionalforvaltning, annonsere, sakshandsama, sende ut tilsegn/avslag og rapportere. Atheno har gitt ei tilråding til formannskapet som har gjort endeleg vedtak.

Ordning 5 og 6 vart tildelt våren 2022.

Atheno Inkubator

Inkubatoren til Atheno har gjennom gode resultat dei siste åra kome opp på eit stadig høgare nivå i SIVA sitt system. Dette har styrka Atheno sitt årlege rammeverk, i tillegg til at det er eit bevis på gode resultat.

I 2022 var det (Stord i parantes):

- 17 (7) bedrifter i preinkubasjons-fase (fase på 2-3 månader med fokus på marknadsavklaring)
- 34 (12) bedrifter i inkubasjon (fase på opp til 3 år med utvikling av bedrift, med fokus på marknadsintroduksjon og vekst)
- 11 (3) forretningsmessige innovasjonar (utviklingsprosjekt i modne bedrifter)

Gjennom arbeidet med inkubatoren er det lagt til rette for og gjennomført månedlege kontordagar med representantar frå Norges Forskingsråd (FR) og Innovasjon Norge (IN)

Ein har også arbeid med ei eiga satsing *Clean Tech Energy Incubator* i saman med Maritime clean tech (MCT) og Sustainable energy catapult (Katapult-senter)

Stord kommune er inne med kr 150 000 i støtte til Atheno inkubator. Dette er viktige midlar som i 2022 var med å utløyse om lag 3,7 mill. kr i støtte frå andre aktørar.

Nye 10 år

Hausten 2022 var det søknadsfrist på nytt nasjonalt Inkubatorprogram. Atheno var ein av dei aktørane i Noreg som vart med i det nye programmet, og fekk gjennom det tilsegn på 10 års avtale tilsvarande 35 mill. kr.

Kurs og arrangement

Atheno har gjennomført mange kurs og arrangement i 2022. Dette er kurs/arrangement som vert tilbydt både etablerarar og meir modne bedrifter. Her er ein oversikt over nokre av kursa/arrangementa som har vore gjennomført i 2022:

- Grøn 2030 – Sirkulære forretningsmodeller
- StartOpp-kurs
- Seminar OppNå – Finansiering med innovasjon norge og forskningsrådet
- Seminar – Kraftsituasjonen og følger av den
- Seminar – Energisparing og energistyring
- Seminar – Urolege tider, kva no?
- Seminiar – Offentlege anbod
- Styrekurs (vår og haust)
- Leiarutviklingsprogram (vår og haust)

Gjennom disse arrangementa og kontordagane med IN/FR har ein samstundes også tatt steg i arbeidet med utvikling av ein styrka investorkultur i Sunnhordland og auka tilnærming mot forskingsmiljø/akademia.

Ungt entreprenørskap/UngTekno

Stord kommune har gjennom dei siste 12 åra vore ein viktig samarbeidsaktør i arbeidet med Entreprenørskap i skulen.

I 2022 har Atheno arbeidd med UngTekno på ungdomsskuletrinnet. Dette har vore eit svært vellykka prosjekt og eit godt samarbeid med bedriftene og skulane på Stord. Prosjektet vert vidareført i 2023.

Invest In Sunnhordland

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Stord, Bømlo, Fitjar og Kvinnherad kommune, Vestland Fylkeskommune og Atheno.

Målet er at ein ynskjer å få etablert ny og berekraftig industriell verksemd i Sunnhordland. Tiltrekke investorar, nasjonale og internasjonale selskap, bidra til å utvikle ein attraktiv bu og arbeidsregion med effektiv infrastruktur. I mai 2022 vart Lene Pilskog tilsett som prosjektleiar i 100% stilling.

Bu i Sunnhordland

Samarbeidsprosjekt mellom Atheno og Sunnhordlandsrådet. Arbeidar med omdømme og attraktivitet for å tiltrekka seg studentar og kompetanse.

Marknadsføring

Atheno har nytta si eiga Facebook side som den viktigaste marknadsføringskanalen, i tillegg til ulike presseoppslag. Atheno har i tillegg hatt stort utbytte av samarbeidet med kommunen når det gjeld å marknadsføre arrangement på kommunen sine nettstadar.

Stord, 2023

Astrid Kjellevoid

Dagleg leiar

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)	0	0	129	96
Kommunal næringsvirksomhet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	-272	-168	-88	-68
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	94	90	142	132
Næringsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	515	351	-465	-63
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)	0	1	288	298
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	692	430	267	238

Utval for plan og utvikling

Året som gjekk

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	493	517	595	483
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,37	0,42	0,33	0,34
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	11,8	16,5	16,8	16,1
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner	1 840	2 981	1 392	1 373
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	258	262	419	384
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling (B)	265	219	380	309
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	278 108	190 342	199 111	173 070
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	4 661	5 595	4 621	4 559
Kvalitet				
Antall nye søknader per 1000 innbyggere	1,0	1,0	5,0	5,0
Antall søknader per 1000 innbyggere	4,0	5,0	7,0	7,0
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	109	69	109	146
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	25,0	73,0	35,0	
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	441	413	0	0
Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	168	160	0	0
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	532	479	556	475

Regulering, byggesak og oppmåling

Året som gjekk

Skildring av tenestene

Tabell 1 «måloppnåing» nedanfor viser KOSTRA-tal for regulering, byggesak og oppmåling i Stord kommune (RBO). Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde område. Måltal for gjennomsnittleg behandlingstid er sett godt innanfor lovpålagte tidsfristar. Sakshandsamingstida er gjennomsnittstid for alle behandla saker målt i kalenderdagar inklusiv heilagdagar.

Tabell 1: måloppnåing			
Måloppnåing	Mål 2022	Resultat 2022	Resultat 2021
Gj.snitt sakshandsamingstid frå motteke planforslag til vedtak om høyring/off. ettersyn	< 60	30	21
Gj.snitt sakshandsamingstid grunneigedom	< 90	34	85
Gj.snitt. sakshandsamingstid12 vekers frist	< 60	31	43
Gj.snitt. sakshandsamingstid3 vekers frist	< 21	8	33

RBO sitt overordna mål er å gjennomføra effektiv og forsvarleg sakshandsaming innanfor lovpålagte tidsfristar, slik at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak.

Planavdelinga handsamar private og offentlege arealplanar, søknad om endring av planar, delesøknadar og søknad om dispensasjon frå planar. Avdelinga har ansvar for digital kontroll av planar og digitalt planregister.

Byggesaksavdelinga tilbyr førehandskonferansar og handsamar mindre tiltak, ramme- og eitt-steg søknadar, igangsetjings- og endringssøknadar, bruksløyve, ferdigattest, dispensasjons- og utsleppssøknadar. Byggesak har ansvar for å føra lovbrotsoppfølging og tilsyn i byggesaker. Avdelinga har ansvar for matrikkelregisteret for bygg.

Kart- og oppmålingsavdelinga utfører oppmålingsforretningar, behandlar søknadar om seksjonering, kartforvaltning, kart på web, tildeler adresser og leverer eigedomsinformasjon til firma som kommersielt leverer slik informasjon til eigedomsbransjen. Avdelinga har hovudansvar for matrikkelen.

Utvikling og utfordringar

Digitalisering av offentleg sektor er ein nasjonal strategi. Digitalisering og auka tilgjenge til digitale data vil mellom anna bidra til meir effektive arbeidsformer.

Kommunen har i dag 245 fulldigitale reguleringsplanar. Totalt står det att 34 rasterplanar som ikkje er fulldigitale. Av desse vart 26 planar vurdert oppheva i samband med arbeidet med kommunedelplan for Sagvåg, fordi dei er gamle, ferdig utbygd og ikkje i tråd med dagens krav. I tillegg til dei 26, er det 8 planar som av ulik årsak ikkje er digitalisert til dømes vegplanar for ferdig utbygde vegstrekningar, eldre planar som ikkje er i tråd med dagens krav samt planar som ikkje let seg digitalisera fordi dei ikkje oppfyller dagens teiknereglar for plan.

I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, blir det tatt ein gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplanar, og gjort ei vurdering i høve til planar som bør opphevast.

Planavdelinga vil ikkje prioritera å bruka ressursar på dei 34 attståande rasterplanane før desse er vurdert i samband med kommuneplanrulleringa. Det er eit mål at planavdelinga skal ha alle gjeldande planar fulldigitale i kommune sine planbasar, og ha ressursar til å kontinuerleg vedlikehalde planbasane.

Planavdelinga

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid vert rapportert for private detaljplanar frå mottak av komplett planforslag til planen vert vedteken, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2022 var 30 dagar. Lovpålagt frist er tolv veker

Det vart halde eitt oppstartsmøte i 2022. Det var éin detaljreguleringsplan som hadde høyringsperiode og offentleg ettersyn delvis i slutten av 2021 og delvis i starten av året 2022. Hausten 2022 vart to områdeplanar lagt ut til offentleg ettersyn. Det vart vedteke 2 reguleringsplanar i kommunestyret, og utval for plan og utvikling vedtok ei reguleringsendring. Det var ei reguleringsendring som vart sendt ut på høyring, men saka vart ikkje handsama ferdig grunna motsegnuttale. Utval for plan og utvikling handsama og vedtok planprogram i tre reguleringsplanar.

Byggesak

Den gjennomsnittlege behandlingstida for alle typar saker blir påverka av mellom anna tal på saker, type saker, kvaliteten på søknadene og sakshandsamingskapasitet.

Byggesaksavdelinga handsama 171 byggesøknadar i 2022. Som del av dette har me handsama 66 søknadar som dispensasjon. Det vart lagt fram tolv dispensasjonssøknadar og 16 klagesaker for handsaming i Utval for plan og utvikling. Dispensasjonssaker og klagesaker er ressurskrevjande å handsama.

Avdelinga har i tillegg handsama 24 delesøknadar. I 2022 har bygningsmynde handsama færre delesøknadar totalt sett enn i 2021 og det har vore ein liten nedgang i tal innkomne saker. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen, som ser ut til å vara ved, forventar avdelinga i 2023 litt færre både bygge- og delesaker enn i 2022.

Kommunen sitt mål for sakshandsamingstid av byggesaker med tolv vekers frist, var 60 dagar i 2022. Resultatet vart 35 dagar. Kommunen sitt mål for eitt trinns søknader var 21 dagar. Resultatet vart 25 dagar. Sakshandsamingstida vart i dei fleste sakene avslutta innanfor lovpålagde tidsfristar.

Kommunen har likevel overskride sakshandsamingstida iseks saker med tre vekers frist og fire saker med tolv vekers frist.

Arbeidet med å rydda i kommunen sitt byggesaksarkiv vart ferdigstilt i desember 2021. Arbeidet med å førebu skanning og digitalisering av arkivet kan vonleg bli starta opp i 2023. Dette vil bidra til å leggja til rette for framtidige brukarvenlege sjølvbetjeningsløyningar, og frigjera ressursar i avdelinga.

Stord kommune skaffa, saman med Kvinnherad, Bømlo og Fitjar, fagsystemet eByggesak i 2021. Oppstart av produksjon av digital byggesakshandsaming var 03.01.2022. I løpet av året har det vore brukt mykje tid på opplæring av sakshandsamarane i bruken av systemet, samt etablering av nye rutinar og dokumentmalar. Fagsystemet inneheld sjekklister og gjev eit betre verktøy til føreseieleg og dokumenterbar sakshandsaming.

Oppmåling

I 2022 vart det oppretta 35 grunneigedomar i 24 saker, det vart utført 17 arealoverføringar, 13 grensejusteringar og 19 klarlegging av eksisterande grenser. Avdelinga forventar om lag det same talet på saker i 2023, men forventar ein ytterlegare nedgang i saksmengda på grunn av kostnadsnivået i samfunnet generelt.

Avdelinga har hatt ein nedgang i saksmengda i høve førre år. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for oppretting av grunneigedom var 34 dagar, noko som er innanfor målet om 112 dagar. Avdelinga bidreg elles med diverse kontrollarbeid, som kontrollmåling av plassering av tiltak, samt kontroll av innsendte data i grunnriss og høgd. Avdelinga utfører og vanleg rettleiing for publikum i forkant av søknadar og rekvisisjonar. Avdelinga har ein representant i prosjektgruppa for revidering av kulturminneplan, representerer Sunnhordlandskommunane i plan og temadatautvalet i Vestland fylke og er vara i fylkesgeodatautvalet.

Seksjonering

I 2022 vart det behandla 15 seksjoneringssaker, dette er to fleire enn i 2021.

Kart- og geodata

Våren 2022 vart det kjøpt modul for redigering av "vegnett". Dette var naudsynt grunna innføring av datasettet Elveg 2.0 som erstatning for FKB Vegnett, Vbase og Elveg 1.0. RBO held fram med redigeringsarbeidet på vegne av eining for tekniske tenester.

Hausten 2022 vart det kjøpt nye modular "Arkivinnsyn" og "Plandialog". Arkivinnsyn er modul for enklare overføring av dispensasjonar frå sak/arkivsystemet Elements til planregisteret utan mellomlagring, slik at dette kan utførast av byggesaksbehandlarane.

Plandialog er ein modul i Arealplaner.no slik at publikum kan teikna i kart og gje tilbakemelding direkte i programmet.


Eining for tekniske tenester

Året som gjekk

Eininga Tekniske tenester vart etablert 01. mai 2022. Dei skal ivareta eigaransvaret for Stord kommune sine eigedomar, bygg, vegar, vatn og avlaup og sikra at dei verdiar som er nedlagt vert ivaretekne. Tekniske tenester har og ansvaret for alle prosjekt innanfor dei ulike tenestene. Eininga er organisert i fire avdelingar: Bygg og eigedom, Vatn og avløp, Veg og grønt, og prosjektavdeling. I tillegg har eininga ein stab støtteavdeling som har ansvar for forvaltning, gebyr, økonomi og merkantil.

Tekniske tenester har i 2022 brukt dei midlane eininga har fått til rådighet og fått utført mykje godt vedlikehald. Eininga har brukt mykje tid i 2022 på samanslåing av tidlegare kommunalteknikk og stord kommunale eigedom.

Organisasjonen



Til å utføra dette arbeidet er det til saman 110 tilsette fordelt på dei ulike avdelingane.

Tekniske tenester sine mål for 2022 var:

- Å unngå skade og uheldige påkjenningar som kan medføre helseskade
- Å levera forventa kvalitet, yte god service og gje vegleiing til våre brukarar innanfor gitte rammer

- Å redusere eller stabilisere sjukefråvær og oppnå auka forståing for kva IA-arbeid og avtalen kan bidra til. Vere tett på med god oppfølging og tilrettelegging for våre tilsette der det er mogeleg. Målet er å få eit fråvær på 6 prosent i snitt eller mindre.
- Vere konkurransedyktige på alle plan ut mot det private marknaden
- Å halde oss oppdatert: gje opplæring og kompetanseheving for alle tilsette

Målsetting vert oppdatert årleg i kvalitetssikringssystemet.

I tillegg har eininga jobba for å nå måla som vart sett i omorganiseringa av Tekniske tenester.

Helse miljø og tryggleik

Ytre miljø

Tekniske tenester jobbar kontinuerleg med å sikra aktiviteten vår slik at me ikkje forureinar ytre miljø. Det er etablert gode rutinar for avfallshandtering. Det er inngått drifts- og serviceavtalar for transport og deponering av avfall.

Miljøfyrtårn

Tekniske tenester avdeling Bygg vart i desember 2022 sertifisert som Miljøfyrtårn. Som Miljøfyrtårn har avdelinga synt at dei jobbar systematisk med HMT, legg til rette for miljøvenlege tiltak i bygga som ein eig og driftar, og hindrar unødig forureining til ytre miljø. Gjennom Miljøfyrtårn har og avdelinga eige klimarekneskap som vert rapportert årleg framover.

Lenke til Stord kommune sine klima- og miljørapportar som Miljøfyrtårn, finn ein her: <https://www.stord.kommune.no/miljoefyrtaarn.6091335-428244.html>

Avdelinga har blant anna sagt at det skal leggst til rette for kjeldesortering ved alle kommunale bygg, det skal etablerast eigen ENØK/miljø-gruppe i kommunen og det skal gjerast energivurdering av alle ventilasjonsanlegg på kommunale bygg.

Helse

Tekniske tenester jobbar aktivt med å få ned sjukefråværet heile tida. I 2022 syner statistikken at tekniske tenester hadde eit samla sjukefråværsnitt på 7,04 prosent, 2,97 prosent korttid og 4,07 prosent langtid. Det samla sjukefråværet har ein liten nedgang frå 2021.

Det vart ikkje rapportert om alvorlege skadar på personar i 2022.

Avdeling bygg

Skildring av tenestene

Stord kommunale eigedom vart i 2022 ein del av nye Tekniske tenester saman med Stord kommunalteknikk. Bygg har eigaransvaret for Stord kommune sine eigedomar og bygg. I året som har gått har avdelinga fått gjennomført mykje godt vedlikehald og overteke fleire nye formålsbygg som skal

driftast til beste for brukarane i mange år framover. Totalt driftar og vedlikehald avdelinga om lag 110 000 m2 byggmasse i tillegg utleigebustadar.

Organisasjonen

Tekniske tenester avd. bygg har to avdelingar, reinhald og drift. I tillegg har me ansvar for utleige og drift av kommunale bustadar. Til å gjere dette har avdelinga 47,5 faste årsverk fordelt på 55 tilsette. Av desse jobbar 32 i avdeling reinhald, 18 i avdeling bygg og 2 med sakshandsaming og 3 leiarar.

Avdeling drift

Stord kommunale eigedom har ansvar for ytre og indre vedlikehald av kommunale bygningar, og drift og vedlikehald av faste tekniske installasjonar som t.d. heis, varmeanlegg, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, elektriske installasjonar, brannalarmanlegg, sprinklaranlegg og symjebasseng. I tillegg til internkontrollar, har eininga og avtalar om service og vedlikehald med eksterne føretak.

Driftsavdelinga er leia av avdelingsleiar og består av 17 årsverk. I tillegg hadde avdelinga fire sommarvikarar i arbeid som fekk utført målingsarbeid på kommunale bustadar. I 2022 har avdelinga hatt to driftsoperatørar som har vore leigt ut til ulike kommunale prosjekt.

Det er ikkje meldt inn alvorlege ulukker i 2022, og avdelinga jobbar førebyggjande for å ha eit sikkert og trygt arbeidsmiljø. Stord kommunale eigedom er godkjend lærlingverksemd, men har i 2022 ikkje hatt lærling.

Avdelinga har i 2022 jobba med ulike vedlikehaldsprosjekt. Nokre av dei er nemnt under. Avdelinga har hatt særskilt fokus på energisparande og miljøvennlege prosjekt.

- Etablering av utvendige miljøstasjonar
- Kartlegginga av vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg
- Utsifting av lyskjelder til LED i fleire kommunale bygg
- Ventilasjonsanlegg som er skifta ut

Driftsavdelinga har totalrenovert to leilegheiter i 2022.

Avdeling reinhald

Reinhaldsavdelinga har ansvar for å ivareta reinhaldet av kommunale og leigde bygg etter NS Insta800, samt yte god service til brukarar etter dei økonomiske rammer som er tildelt.

Det er ikkje meldt om alvorlege ulukker, og avdelinga jobbar førebyggjande og kontinuerleg for å ha eit sikkert og trygt arbeidsmiljø gjennom å legge til rette for medverknad og så høge stillingar som mogleg for dei tilsette. Avdelinga jobbar systematisk for å jobbe med kontinuerleg forbetring, og har utarbeida handlingsplan for kurs og opplæring, stikkontrollar for å kontrollere kvalitet, forbetring etter medarbeidarundersøkinga og førebyggjande sjukefråværsarbeid.

Avdelinga vert leia av avdelingsleiar og to soneleiarar. Det er viktig for avdelinga å ha eit godt samarbeid og tett møteaktivitet for å sikre god flyt og kommunikasjon, inkludering, effektiv bemanning, tett oppfølging av tilsette og kvalitetssikring av reinhaldskvalitet. For å oppnå det, gjennomfører avdelinga jamlege personalmøte med alle tilsette og samarbeidsmøte mellom leiing og arbeidstakarrepresentantar.

Fast tilsette i avdelinga utgjer 32 tilsette fordelt på 26,7 årsverk. I tillegg har avdelinga fleire tilsette i vikariat og timevikarar.

NAV er framleis ein viktig samarbeidspartnar for avdeling reinhald. I januar inngjekk avdelinga ein intensjonsavtale med NAV om samarbeid «Vi inkluderer», som er ein del av satsinga til regjeringa sin inkluderingsdugnad og som blir prøvd ut i 3 fylker. Plass-tillitsvalt er inkludert i samarbeidet i høve avtalen. Personar som har hatt behov og ynskje om arbeid- eller språktrening har vore ein stor ressurs for oss. Nokre av deltakarane var på lønstilskot-avtale. Det er eit viktig samarbeid som bidreg til at personar som av ulike årsaker står utan jobb får moglegheit til arbeidserfaring.

Med ei så stor avdeling der tilsette er spreidd og har arbeidsplassen sin over heile Stordøya, vil der alltid vere behov for god personalhandtering. Ein lyt vere tett på, tilgjengeleg og vise handlingskraft. Avdeling reinhald har lukkast i mykje av det som var planlagt. Mål om å unngå personskade, heve kvalitet og auke bruk av maskinelt reinhald som kan ha reduserande effekt mot slitasjeskader, balanse i budsjett og godt IA-arbeid har gitt positive resultat. Utfordringa er å klare å forvalte den menneskelege ressurs, me vil og må vere fleksible, løysningsorienterte og endringsvillige for å møte framtida og samtidig trygge dei tilsette sine arbeidsforhold.

Me utviklar avdelinga, aukar deltidsstillingar og held oss innanfor dei tildelte økonomiske rammene.

Bustadutleige

Tekniske tenester har i 2022 hatt 238 utleigebustader disponibel til utleige, alle eigd av Stord kommune.

Stord kommunale eigedom bygde i 2019 6 utleigebustader i Furulyvegen 51. Desse vart frå 01.01.2022 overteke av Stord kommune og avheimla som burettslag. Bebuarar kan få oppfølging frå personalet i basen som høyrer til bygget. Vedlikehald vart såleis overteke av eiga driftsavdeling.

I 2022 kjøpte Stord kommune 1 bustad i Apalvegen burettslag (kommunal attkjøpsplikt), og same bustad vart selt seinare same år. I tillegg vart 1 omsorgsbustad i Bandadalen burettslag selt.

Bebuarar som leiger burettslagsbustader eigd av Stord kommune har moglegheit til å kjøpe leigd bustad dersom det er ønskjeleg.

Tekniske tenester bygde 2 småbustader for utleige i Buneset i tillegg til 2 store einebustader øyremarka flyktningar i Kleivane. Desse bustadane vart klare heilt på slutten av året, og berre 1 av bustadane hadde innflytting i 2022.

Tekniske tenester har ein bustadforvaltar tilsett i 100 prosent stilling. Bustadforvaltar jobbar tett saman med andre avdelingar i same eining. I tillegg er det også tett samarbeid med andre einingar i Stord kommune, som NAV Stord, Stord brann og redning, eining for habilitering, heimebaserte tenester, eining for psykisk helse og rus, økonomi/rekneskap og tildelingskontoret. Det vert heile tida jobba med fokus på godt bustadsosialt samarbeid internt i kommunen, men også å yte gode tenester til bebruarane i Stord kommune. Bustadforvaltar har tett kontakt med leigetakarane og gjennomfører jamlege tilsyn i dei kommunale bustadane.

Det har blitt gjennomført ulike driftsoppgåver i kommunale bustader i 2022. Dei fleste av desse er knytt til inn- og utflytting frå bustad, hærverk og oppussing. Tekniske tenester tilbyr ikkje vaktmeistertenester i bustadane, men driftsavdelinga har ein bustadsosial vaktmeister i 50 prosent stilling som jobbar tett inn mot utvalde bustader. Eininga totalrenoverte 1 kommunal bustad i 2022 og 2 bustader er sperra grunna ueigna tilstand på bygget.

Det vart ikkje sendt krav om fråviking til Namsmannen i 2022. Det vart heller ikkje meldt inn alvorlege avvik frå avdelinga.

Avdeling for veg og grønt

Skildring av tenestene

Avdeling for Veg og grønt vart i 2022 ein del av nye Tekniske tenester saman med Stord kommunale eigedom og kommunaltenikk. Avdelinga har ansvar for forvaltning, drift- og vedlikehald av kommunale vegar-, gangvegar, sandfang, bruer, parkering, veglys og vinterberedskap, parkar og friluftsområde.

Vegane skal vere operative døgnet rundt, året rundt, for at innbyggjarane i kommune skal vera tent med tenestene. Både kompetanse, organisering og budsjett må vera gjennomtenkt og fungera effektivt for at avdelinga skal utføra best mogeleg service og teneste.

Avdelinga har og forvaltningsansvar for kommunalt vegnett etter Veglova, offentlege trafikkskilt etter skiltforskrifta og parkering etter parkeringsforskrifta. Avdelinga handhevar avgiftsparkeringsordninga og parkeringskontrollen i Stord kommune etter Vegtrafikklova. Avdelinga handsamar gravesøknader, arbeidsvarsling og skiltplanar. Veg- og parkering består av 5,0 årsverk inkludert driftsleiar. I 2022 vart det m.a. etablert ny gangbru over Frugardselva og gangtunnel i Sagvåg vart opna. Kommunedelplan for trafiksikring 2022-2025 vart vedteke i februar 2022.



Grøntavdelinga vart i omorganiseringa av tekniske tenester lagt i saman med vegavdelinga og er underlagt driftsleiar for veg, parkering og grønt. Grønt består av 3,5 årsverk. Ansvarsområda til grøntavdelinga er inndelt i årstider, der den travlaste tida er våren og sommaren. Plenar, blomebed, tre og buskar vert stelt godt med. I tillegg har avdelinga ansvaret for felling av tre på kommunale eigedommar, samt halde sentrum rydding. Om vinteren er dei ein del av brøyte-beredskapen, og har ansvar for brøyting av gangvegar og fortau. Grasbanen på Vikahaugane ligg òg under grøntavdelinga, og krev til tider mykje arbeid og tilsyn. Det har ikkje blitt meldt inn alvorlege ulukker i 2022, og avdelinga jobbar førebyggjande for å ha eit sikkert og trygt arbeidsmiljø. I 2022 hadde me inne fem sommarvikarar som hjelpe til under ferieavviklinga til dei fast tilsette.



Grøntavdelinga har òg gjort mykje arbeid i sentrum for å lage det trivelig og fint for dei som ferdast der.

Grøntavdelinga har i dei ulike prosjekta Tekniske tenester gjennomfører blitt teke aktivt med i rådgjeving av korleis me skal utforme uteareala. Det er viktig at uteareal blir planlagt slik at det krev minst mogeleg vedlikehald i åra som kjem.

Avdeling for vatn og avløp

Skildring av tenestene

Stord kommunalteknikk vart i 2022 ein del av nye Tekniske tenester saman med Stord kommunale eigedom. Tekniske tenester avdeling vatn og avløp har ansvar for forvaltning, utbygging, drift og vedlikehald av all infrastruktur tilhøyrande vass- og avløpstenesta i Stord kommune. Mesteparten av anlegga skal vera operative døgnet rundt, året rundt, for at innbyggjarane i kommune skal vera tent med tenestene. Både kompetanse, organisering og budsjett må vera gjennomtenkt og fungera effektivt for at eininga skal utføra best mogeleg service og teneste.

Dei tilsette i avdeling vass- og avløpstenesta har også i 2022 stått på for at eininga har fått utført eit solid og målretta arbeid for tenestene våre. Aktiviteten påverkar det lokale næringslivet med auke i oppdrag og levering av både tenester og varer til våre anleggsprosjekt. Sjølv om det framleis er etterslep på vedlikehald av både, vass- og avløpsanlegga våre, har rehabiliteringsaktiviteten i 2022 redusert etterslepet og gjort behovet for vedlikehald mindre for deler av infrastrukturen. Diverre er det framleis mykje å ta fatt i, men med gode planar og støttande politisk vilje ser me at det berre er målretta fagleg arbeid som kan redusera forfallet.

Avgiftene vart av kommunestyret i juni 2022 auka med 10 prosent. Dette skyldast den høge kalkylerenta me fekk lagt fram våren 2022.

Det vart vedteke nye forskrifter for VA i Stord kommune som skulle gjelda frå 01.01.23. Dette medfører auka kostnader for dei med fleire bueiningar i same hus. Avgiftene går også opp for større bueiningar. Dette skyldast i hovudsak den auken i rentenivået som har vert i 2022.

Avløp

Som avlaupsabonnt hos Stord kommune skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsleppsløyve.

Avløpsreinsing: Kommunen er delt inn i fire avløpsreinsesoner, alle med krav til primærreinsing:

- Grunnavågen (Sagvåg til Valvatna)
- Skjersholmane (Heiane og Kårevik/Eldøy)
- Djupavik (Hystad, Ådland, Leirvik og Bjelland)
- Sævarhagen (Rommetveit, Haga og Hystad).

Alle fire anlegga skal byggjast som store slamavskiljaranlegg med tilhøyrande eige slamlager.

I 2017 stod Skjersholmane avløpsreinseanlegg ferdig. Anlegget er i prinsipp eit stort slamavskiljaranlegg med eige slamlager, og stettar primærreinsekravet.

I 2022 har ein jobba med detaljprosjekteringa for Grunnavågen avløpsreinseanlegg. Det har også blitt arbeid vidare med forprosjekt for Djupavik avløpsreinseanlegg og for Sævarhagen avløpsreinseanlegg.

For å få avløpsvatnet fram til reinseanlegg/mellombels utslepp til sjø, vert mykje av avløpsvatnet pumpa, ofte opp til fleire gonger. I 2022 arbeidde avd. avløp med utskifting av avløpsspumpestasjonar. Leivik avløpsspumpestasjon vart overtatt i 2022. Denne fekk første pris av prosjekt som var gjennomført i Vestland fylke for eit godt prosjekt, der arbeidsmiljø for dei tilsette var teke godt omsyn til.

Andre avløpsspumpestasjonar som vart renovert i 2022 var Lyngneset og Samfunnshuset.




Andre avløpsspumpestasjonar som vart renovert i 2022 var Lyngneset og Samfunnshuset.

Mykje av avløpsnettet i Stord kommune er enten tilkoppa overvatn eller det lek inn overvatn i grøfta. Det medfører store belastningar på avløpsspumpestasjonar, på leidningsnett og på avløpsreinseanlegg. Gjennomførte rehabiliteringsprosjekt i 2022 har hatt som mål å redusera mengda overvatn på avløpsnettet.

Primærreinsekravet for avløp

Driftsoperatørane på avlaup har mange servicepunkt som dei skal ha kontroll på. Det er kvart år stort fokus på at me ikkje har overløp og utslepp. Kvart utslepp blir registrert og rapportert inn. Stord kommune har 42 stk. anlegg som treng ettersyn og oppfølging. Ved Skjersholmane reinseanlegg vert det gjennomført akkreditert prøvetaking. Kravet er 14 prøvar som går over eit døgn pr. år.



Vatn

Drikkevatt som Stord kommune leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade ved vanleg bruk. I 2022 vart vatnet Stord kommune har kåra til det beste vatnet i Vestland fylke. Avdelinga går no vidare til kåring av landets beste vatn i 2023.

Innan vasstenesta er det tre hovudfokusområde:

- Etablera ei reservevassforsyning frå Ravatnet som er i tråd med Drikkevassforskrifta (i prinsippet skal vatnet reinsast gjennom to barrierar). I 2022 har arbeidet halde fram med reguleringsplan for veg mellom øvre Vatnadalen (Økland) og Ravatnet samt tomt for ny vasshandsamingsstasjon og tilhøyrande høgdebasseng på 2 x 3000 kubikkmeter reint vatn i Vatnadalen. I tillegg har det vore arbeid med forprosjekt for reservevassforsyninga.
- Aktivt arbeida med lekkasjeutbetring. Mellom hovudvasskjelda Tysevatnet og fram til kunden, forsvinn kring 50 prosent av drikkevattet vår gjennom lekkasje. Intensivt og fagleg dyktig lekkasjesøksarbeid i 2022, har redusert mengda lekkasje. Ved inngangen til 2023 har ein redusert nattforbruket frå ca. 110 liter pr. sek. til ca. 65 liter pr. sek.






Med logging på nattetid og innhenting av resultata etter dette kan me på ein effektiv måte lesa av om me har lekkasje i område.

Vassverket

Vassverket har gjennom 2022 vert under ombygging i kjemikalieanlegg og driftsovervaking. Det er blitt installert nye tankar for Aluminium og Lut då dei gamle tankane har passert anbefalt levetid.



Driftsovervaking

I 2022 har også vassverket ilag med resten av tekniske tenester avd VA endra driftsovervakingssystem frå Normatic og over til Guard. Dette har vert ein lang prosess men også lærerikt for driftspersonellet som driftar vassverket. Målet med skiftet er å få eit betre system som gir oss ein trygghet for å levera god kvalitet ut på nettet.

Renovasjon og slamtømming

Tekniske tenester har også ansvar for renovasjon og slamtømming av private reinseinnretningar. Renovasjonstenesta og slamtømming av private slamavskiljarar (eigne sjølvkostområde) vert administrert/fakturert av Stord kommune medan utførande aktivitet vert ivareteken av SIM (Sunnhordland interkommunale miljøverk).

Abonnentar

Stord kommunalteknikk leverer tenester til følgjande kundegrupper :

Kundar/abonnentar 31.12. 2022	Antal
Vassforsyning	8261
Vassforsyning hytte/fritidsbustad	151
Avløp	7605
Avløp hytte/fritidsbustad	49
Slamavskiljar bustad	517
Slamavskiljar hytte/fritidsbustad	87
Renovasjon bustad	8519
Renovasjon hytte/fritidsbustad	293

Etterkalkyle for vatn, avløp, renovasjon og slamtømming

Etterkalkyle sjølvkost 2022	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtømming	Totalt
Direkte driftsutgifter	23 085 047	20 717 684	20 051 919	795 159	4 166 203
Avskrivningskostnad	19 557 695	19 573 861	-	-	101 333
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	21 269 971	18 416 360	-	-	8 958
Indirekte netto driftsutgifter	548 098	505 428	405 687	27 231	309 343
Indirekte avskrivningskostnad	26 923	25 450	707	5	8 688
Indirekte kalkulatorisk rente (3,54 %)	4 904	4 734	143	0	1 482
Driftskostnader	64 492 637	59 243 517	20 458 456	822 395	4 596 008
Øvrige driftsinntekter	- 784 888	- 462 602	- 472	-	- 1 247 962
+ Subsidiert	-	-	-	1	1
Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)	63 707 749	- 5 624 769	- 1 420 203	- 445 978	- 870 128
Gebyrinntekter	- 61 468 279	- 53 156 146	- 19 037 781	- 376 419	- 134 038 624
Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	2 239 471	- 5 624 769	- 1 420 203	- 445 978	- 870 128
Finansiell dekningsgrad (%)	1	1	1	0	
Selvskostfond 01.01	14 843 810	7 265 247	1 646 024	1 009 864	1 906 694

- Bruk av selvkostfond	- 2 239 470	- 5 624 769	- 1 420 203	- 445 977	- 870 127
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (3,54 %)	485 283	157 453	33 094	27 824	52 037
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	13 089 623	1 797 931	258 916	591 711	1 088 604

Resultat/fond

I sjølvkostkalkyen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter, kalkulatoriske avskrivninger og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjons-utgifter).

Den kalkulatoriske rentekostnaden vert berekna med utgangspunkt i rekneskapsført restverdi av anleggsmidlar. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + ½ prosentpoeng. I 2022 var kalkylerenta 3,54 prosent. Til samanlikning var kalkylerenta i 2021 1,96 prosent, 2020 1,39 prosent.

Retningslinene for sjølvkost fastset reglar for kva administrasjonsutgifter som kan gå inn i sjølvkostgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal setjast av til bundne sjølvkostfond. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som vert ytt i dag skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta.

Innanfor vatn og avløpsområdet har den historisk låge kalkylerente medført lågare kapitalkostnader enn budsjettert dei siste åra, men i 2022 vart det ein kraftig auke i kalkylerenta.

Fonda har hatt følgjande utvikling dei siste seks åra :

Fond per	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Vatn	- 2 218 000	- 3 894 000	-960 000	11 703 000	14 844 000	13 089 623
Avløp	21 628 000	15 405 000	11 493 000	11 955 000	7 265 000	1 797 931
Renovasjon	2 129 000	1 687 000	1 396 000	1817000	1 646 000	258 916
Slam	854 000	643 000	946 000	702 000	1 010 000	591 711

Investeringsprosjekt Bygg og VA

Ny Nysæter ungdomskule, fleirbrukshall, symjebasseng og klatrehall



Prosjektet starta opp i august 2020 og bygget vart reist som planlagt med «tett tak» til sommarferien. Framdrifta på bygget har vore god gjennom heile 2021 og 2022. Tross ein del utfordringar med koronarelatert sjukdom og forsinka leveringar pga. uroligheiter i verda, klarte entreprenør å ha bygget klart til innflytting i desember 2022. Klatrehallen og uteområde der den midlertidige skulen stod, vert gjort ferdig til sommaren 2023.



Ordførar Gaute Epland klypper snora

Bilder frå opninga av skulen

Avlastingsbustadar og barnebustadar Sævarhagen

Prosjektet med 10 avlastingsbustadar og 4 barnebustadar hadde oppstart januar 2021. Bygget er reist med tett tak og det meste av vindaugo på bygga er montert. Bygget vart ferdig hausten 2022, og er no teke i bruk.



Langeland skule – basketballhall, klasserom og arbeidsplassar for tilsette.

Ny gymnastikksal

Kommunestyret vedtok 12.05.22 at det skal byggast ein basketballhall med tribune og scene. Arbeidet starta straks etter vedtaket med beskrivelse av denne type hall. Det vart lagt press på steinfyllinga i myra og målingar på sig i steinfyllinga, vil avgjera kva tid ein kan starte bygginga av den nye hallen.

Kommunestyret vedtok også 12.5.22 vidare utgreiing knytt til Langeland skule. Det er starta eit arbeida med planar for korleis skulen skal få fleire klasserom og betre arbeidsplassar og garderobeforhold til dei tilsette.

Ny kollektivterminal med parkering og næringsareal



Det har i samarbeid med Vestland fylke vert utført eit forstudie på ny plassering av kollektivterminal i Leirvik sentrum. Forstudiet syner plasseringa, og arbeidet vil halda fram med forprosjekt i 2023. I tillegg til kollektivterminal er det tenkt parkering og to etasjar med kontor.

Utleigebustadar for vanskelegstilte



Det i er 2022 bygd fire nye husvære. To stk. i Kleivane, og to stk. i Buneset. Husa vart klare til bruk på slutten av 2022.

Bufellesskap Heiane

Det er starta eit arbeid med forstudie av bufellesskap i Heianeområdet. Det skal byggast sju stk. leilegheiter pluss ein personalbase.

Brannstasjon

Det er starta eit arbeid med oppgradering/utviding av eksisterande brannstasjon. Pga. utfordringar med tomte bygget står på, har ein måtta endra dei opphavlege planane ein hadde.

Rehabilitering av Knutsaåsen omsorgssenter

Ein avdeling vart totalt renovert i løpet av 2022. 20 stk. bebuarrom, bad, avdelingskjøkken og skyllerom vart rehabilitert.

Veg-, vass- og avløpsprosjekt som er arbeida med i Stord kommune 2022

Nr.	VA-prosjekt i Stord kommune 2022
1	Utbetring av veg/P-plass Heio
2	Lundsåsen-E39/Lunde, 460 meter ny hovudvassleidning
3	Reservevassforsyning i Vatnadalen, forprosjekt og reguleringsplan
4	Rindane VA-anlegg, detaljplanlegging
5	Mosahaugen VA-anlegg, utførelse
6	Fallteinsvik VA-anlegg, forprosjekt og detaljprosjektering
7	Kappelen avløpspumpestasjon, forprosjekt
8	Grunnavågen avløpsreinseanlegg, omregulering av Kiskaien, forprosjekt og detaljprosjektering
9	Ny veg og VA-anlegg til Grunnavågen. Ferdigstilling.
10	Sveinslio VA-anlegg, utførelse
11	Eldøy avløpspumpestasjon, utskifting og rehabilitering av tilstøytande VA-anlegg. Forprosjekt
12	Skotaberg VA-anlegg samt Eiriksvikjø avløpspumpestasjon, utførelse
13	Skotaberg reguleringsplan fortau
14	Flathaugane VA-anlegg, detaljprosjektering og utførelse
15	Vabakkjen Sør mot Bjellandsvegen VA-anlegg, detaljprosjektering og utførelse
16	Djupavikjø avløpsreinseanlegg, forprosjekt
17	Hamnegata avløpspumpestasjon, utførelse
18	Borggata Nord og Ås VA-anlegg. Detaljprosjektering
19	Tysevegen VA-anlegg, rehabilitering
20	Holevegen VA-anlegg. Detaljprosjektering og utførelse
21	Furulivegen VA-anlegg. Detaljprosjektering og utførelse
22	Kleivanevegen VA-anlegg. Utførelse
23	Sævarhagen avløpsreinseanlegg. Forprosjekt
24	Klingenberg avløpspumpestasjon, utskifting. Forprosjekt
25	Kommunedelplan for overvatn, i produksjon
26	Utskifting av driftskontrollanlegg/styresystem for VA-anlegg. Gjennomføring.
27	Vabakkjen sør VA-anlegg. Prosjektering og produksjon
28	Ormabrekko flaumsikring
29	Kjømteinsvegen avløpsgrøft
30	Resepientgransking avløp
31	Geitåsen, rassikring av kommunal veg
32	Heiane Vest avløpspumpestasjon, arrondering av terreng
33	Nysætervegen VA-anlegg
34	Vaulane røyrbrotsventil og ny hovudvassleidning
35	Jula-Heiane Storsenter VA-anlegg, samarbeid med privat utbyggjar
36	Rehabilitering/fjerning av Samfunnshuset avløpspumpestasjon
37	Rammeavtale med entreprenør
38	Hagalio VA-anlegg
39	Vurdering av vidare bruk av dammane Lapptjørn og Lønningsåsen

Brann og redning

Året som gjekk

Innleiing- Skildring av tenestene

Stord brann og redning (SBR) varetek kommunen si plikt etter brann og eksplosjonsvernlova både når det gjeld beredskap- og brannførebyggjande plikter. Eininga har to fagavdelingar.

Brannførebyggjande avdeling har ansvar for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, risikobasert tilsyn, informasjonskampanjar, undervisning m.m.

Beredskapsavdeling har ansvar for å handtera dei uønskte hendingane i kommunen.

Mål

Gjennom stortingsmelding nr. 35 i 2010 ,Branntryggleik, vart det fastsett fem strategiske mål for arbeid med brannvern i Noreg. Desse fem måla ligg som overordna føringar for Stord brann og redning sitt arbeid:

- Færre omkomne og skadde i brann
- Unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar
- Unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar
- Styrka beredskap og handteringsevne, også for andre ulykker enn brann
- Mindre tap av materielle verdiar

For å nå måla skal SBR vere organisert, utrusta og bemanna slik at oppgåver pålagt i lov og forskrifter kan bli utført tilfredsstillande. Vidare skal brannvesenet vere organisert og dimensjonert på bakgrunn av den risiko og sårbarheit som kommunen står ovanfor. Ros-analyse, førebyggjande analyse og beredskapsanalyse er utført og er iverksett i organisasjonen.

Førebyggjande

Det brannførebyggjande arbeidet har i 2022 vore som tidlegare år.

Tilsyn og feiing vart gjennomført heile året, både i Stord og Fitjar kommunar. Arbeidet med tilsyn og feiing av fritidsbustader i Fitjar-øyane er starta på, og dette arbeidet fortset ein med i 2023.

I august bestod vår lærling i brannførebyggjarfaget sveineprøva, og starta i stilling som brannførebyggjar i eininga vår.

I mars flytta endeleg Bjørnis inn på stasjonen. Han har vore på fleire oppdrag og delteke på arrangement som blant anna «Folk i sentrum», «Fest i Vest» og «Open dag» på Aker Solutions.

Årets kampanjar og informasjonsarbeid har i hovudsak føregått digitalt i sosiale medium, men med nokre unntak. Brannvernveka i september vart markert ved at alle barnehagane i kommunen fekk besøk av Bjørnis, samt at den årelange tradisjonen med «Open brannstasjon» kunne gjennomførast. «Open

brannstasjon» vart ein suksess, med rekordstort oppmøte. Røykvarslaren sin dag, 1.desember, hadde me stand saman med det lokale el-tilsynet (Haugaland kraft) på eit av kjøpesentera i kommunen. Her delte me ut batteri til røykvarslaren, og dei som ønska det fekk råd og rettleiing om brannførebygging og el-tryggleik. Båtkampanje vart gjennomført heile sommaren (dei vekene det er skuleferie). Tre dagar i veka er me ein runde i båthamna på Leirvik, der me snakkar med båtturistane om branntryggleik i båt, deler ut informasjonsbrosjyre om tema og batteri til røykvarslar for dei som treng dette.



Skule- og barnehageopplæringa vart gjennomført som tidlegare år der 6.klasse får undervising som inneheld teori og praktisk sløkkeøving, medan me i barnehagane nyttar eit nasjonalt Bjørnis-undervisningsopplegg.

Det har vore stor etterspurnad etter brannvernopplæring for tilsette i private og kommunale verksemdar i 2022. Dette har vore ressurskrevjande, men gjennomføring for dei som har ønska og bestilt dette har blitt prioritert.

Førebyggjande avdeling har eit godt samarbeid med andre verksemdar i kommunen, som til dømes byggjesaksavdelinga og helse- og omsorgsverksemdene.


Som medlemskommune i brannsamarbeidet Vest brann- og redningsregion (VBR), har førebyggjande avdeling hatt ei aktiv rolle i fagutval for brannførebyggjande arbeid og i 2022.

Beredskap

Avdeling for beredskap har vore igjennom ei større organisatorisk endring i 2022. Fram til 01.12.22 har avdelinga vore ein beredskapsorganisasjon med deltidstilsette. Frå 01.12.22 vart det innført dagkasernert beredskap med fire heiltidsstillingar kombinert med deltidsmannskap etter ordinær arbeidstid. Erfaringa så langt er god. Som ein del av omorganiseringa og utarbeidd beredskapsanalyse vart det vedteke i kommunestyret at Sagvåg brannstasjon vart avvikla frå 01.12.22. Prosessen for avvikling har vore grundig og god, sjølv om det har vore sterke kjensler om dette blant innbyggjarar i tettstaden Sagvåg.

Hva rykker brannvesenet ut på?

Inkluderer alle brannvesenets utrykninger. Fordelt på overordnet oppdragstype.



Stord brann og redning hatt ei auke i oppdrag i 2022. Med utgangspunkt i offisielle tal frå brannstatistikk.no (BRIS), har brannvesenet vore ute på totalt 318 oppdrag. Samanliknar me med året 2021, har me hatt ei auke på heile 42% i 2022.

Året 2022 starta tragisk 2. januar då ein ung gut døydde i ei fallulukke på nye Nysæter ungdomsskule som då var under oppføring. Utover denne hendinga har brannstellet vore ute på 13 andre helseoppdrag der me har assistert helsestellet med alt frå bereoppdrag til livreddande fyrstehjelp. Til samanlikning var me ute på totalt sju helseoppdrag i 2021.

Av trafikkulukker, har me vore utalarmert 27 gonger i 2022 mot 13 gonger i 2021. Brannvesenet er ikkje kjend med at liv har gått tapt som ein direkte følge av dei trafikkulukkene me har vore ute på i 2022. Uavhengig av type ulukke, så veit me at nokre av ulukkeshendingane har vore ei påkjenning for eige mannskap. I tillegg til ulukker kjem hendingar med trugsel om sjølvdrap.

Definisjonen på brann i bygning kan diskuteras, men kort sagt har me vore ute ni gonger i 2022 mot elleve gonger i 2021. Av dei meir omfattande hendingane i 2022, er det verdt å nemne grillhytta som brann i Valvatnaåsen med stor fare for brannspreiing i mars, einebustaden i Hystadvegen som brann i april, brannen hos Motorsyklisten på Heiane i juni og einebustaden i Marihaugen i august. Brannstellet er ikkje kjend med at nokon har omkomme i brann på Stord i 2022.

Talet skorteinsbrannar i 2022 enda på fem samanlikna med åtte i 2021. Beredskapsavdelinga meiner at det gode arbeidet som brannførebyggjande personell i brannstellet held fram med er heilt avgjerande for det låge talet innanfor denne kategorien.

På Stord har me det siste året hatt ei auke i talet objekt/bygningar der det er krav om direktevarsling for brann. Eit veksande tal avtalar om direktevarsling medfører og fleire alarmer som me må respondere på. I hovudsak har me sett at desse er alarmer på grunn av menneskeskapa miljøforandringar inne i objekt/bygg, feil bruk eller teknisk feil. Saman med direktevarsling frå private bustader igjennom vaktelskap, samt personar med tryggleiksalarm tildelt frå kommunen, responderte brannstellet på mellom 150 og 200 slike alarmer i 2022. Dette er alarmer som binder opp mykje ressursar, og me vil arbeider målretta med å få ned talet på feilalarmer.

Av andre type hendingar i 2022, kan me nemne naturhendingar på grunn av vind, redning i sjø, heisalarmer (heisstopp), dyreredning, brann i køyretøy, brann i gras/innmark/utmark, bistand til politi og andre brannførebyggjande oppdrag. Ikkje nokon av desse kategoriane med eit stort volum kvar for seg, men samanlagt ein betydeleg del av oppdragsmengda igjennom året. Saman med industrivernet til Aker Solutions, har me til og med vore i innsats for å sløkkje brann om bord i skipet Johan Castberg.

Stord brann og redning har og assistert både Bømlo kommune og Fitjar kommune under større hendingar i løpet av 2022.

Me venter no på leveransen av eit nytt køyretøy (fremskutt enhet) tidleg i 2023, som vil vere med å leggje til rette for endå betre beredskap.

Helse miljø og tryggleik

I brannmannsyрке har me alltid trudd at ein har vore flinke på HMT, og flinke til å beskytte oss sjølv. Ved brannsløkking og røykdykking vert brannfolk eksponert for kreftframkallande kjemikaliar og partiklar. Dette absorberast ikkje berre gjennom pust og munn, men også gjennom huda.

I dag finst det dessverre ikkje utstyr som kan beskytte ein brannmann 100% mot eksponeringa, men det kan gjerast ei rekkje tiltak for å redusere eksponeringa for disse stoffa. Etter ein brann har me i alle år tatt med oss ureint tøy frå brannstaden inn i brannbilane og brannstasjonen igjen, og på den måten forureina vår eigen arbeidsplass. Me har i fleire år no hatt stort fokus på dette og skapa gjennomtenkte ureine og reine sonar, samt at me har stort fokus på reinhald av klede/utstyr og bilar. Me har igjen ein del avvik på garderobetilhøve og tilpassing av reine og ureine sonar på brannstasjonen. Det arbeidast i desse dagar med å prosjektere/byggast ei tilpassing og nybygg for å ivareta desse problemstillingane, og me reknar med at dette skal vere på plass i 2023/2024.

Bygningane på brannstasjonstomta på Vabakkjen er i dårleg stand med store skeivheiter, trekkfulle vindauga og kontor som er plaga med bilstøy frå veg. Dette vert og gjort noko med ved ombygging/nybygg i 2023/2024.

Eininga har eit lågt tal med sjukefråvær. I 2022 hadde eining eit samla sjukefråvær på 2,86 prosent, noko som er lågare enn målet i handlingsplan for 2022 – under 4,0 prosent. Likevel er det driftsmessige

utfordringar då terskel for ei sjukemelding er låg og ein må setja inn vikar då me ikkje kan ha vakante stillingar på vaktordninga. I tillegg skape det økonomiske utfordringar då eininga ikkje får refusjon frå NAV då vaktpersonalet har ein liten stillingsheimel.

Økonomi

Feiing og tilsyn (sjølvkost):

I 2022 vart direkte driftsutgifter 6,4 prosent høgare enn budsjettert, kapitalkostnader vart omtrent som forventa og gebyrinntektene vart omtrent likt som budsjettert.

Beredskap mot brann og ulykker:

Det er eit negativt avvik på omlag kr 140 000 for området. Dette skuldast svikt i inntekter.

Vakt og utrykking brann:

Har eit negativt avvik på omlag kr 70 000. På grunn av at eininga ikkje får refusjon frå NAV ved sjukmeldingar har me eit avvik/meirforbruk på lønsbudsjettet på omlag kr 350 000.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,37	0,42	0,33	0,34
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	11,8	16,5	16,8	16,1
Kvalitet				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	532	479	556	475

Utval for oppvekst og kultur

Året som gjekk

Oppvekst og kultur omfattar barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, kulturskule, barnevern, førebyggjande tenester, bibliotek, Stord kulturhus og andre kulturtenester. Tenestene samhandlar tverrfagleg og med familiane for å nå mål om eit godt og inkluderande fellesskap som hindrar utanforskap og bidreg til læring, utvikling og livsmeistring.

Oppvekst- og utdanningssektoren

Oppvekst- og utdanningssektoren i Stord har dei siste åra arbeidd med å utvikla ein inkluderande barnehage, skule og skulefritidsordning (SFO).

Inkludering i barnehage, skule og SFO handlar i stor grad om verdier, haldningar, handlingar, relasjonar og kultur. Det å oppleve seg inkludert er viktig for barn og unge sin trivsel, læring og livsmeistring.

Eit inkluderande læringsmiljø er eit fellesskap der vaksne, barn og unge set pris på mangfald og bidreg til samskaping. Visjonen for oppvekst og kultur i Stord er «Alle med - heile vegen». Det betyr både at me skal leggja til rette for at alle barn og elevar skal vera inkluderte og vera med heile vegen frå barnehage og inn i vidaregåande skule. Samstundes som det betyr at me saman må få til eit inkluderande miljø der barn og unge får betre tilpassa og forsterka opplæring, der ein ser dei ulike tenestene i samheng og der tilsette får fagleg støtte frå andre tilsette i laget rundt barnet. Dette slik at alle barn og unge skal få mogleik til utvikling, meistring og samfunnsdeltaking.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samarbeidsmodell som skal bidra til meir heilskapleg og koordinert innsats for barn, unge og familiar ein uroar seg for. Modellen skal nyttast i heile oppvekst- og utdanningssektoren og er i ferd med å verta eit viktig verktøy for samhandlinga mellom einingane.

Det er tydelege krav og forventingar til leiing. Leiarane skal vera tett på både tilsette og barnehagebarn/elevar. Dette samstundes som dei administrative oppgåvene aukar.

Kultur

Eining for kultur har tre avdelingar: Stord folkebibliotek, Stord kulturskule og drift av Stord kulturhus og kino. I tillegg har eininga ein fagstab som drifrar Frivilligsentralen, støttekontaktordninga, Fritidskassa og handsamar ei rekke kultursaker, mellom anna kunst i offentleg rom, kulturmiljø og Den kulturelle skulesekken. Eining for kultur er og ansvarlege for Falturiltu, nynorsk barne- og ungdomslitteraturfestival og Barne- og ungdomsteaterfestivalen. Eininga arbeider for å forvalta rammene på best mogleg måte, slik at innbyggjarane i kommunen får gode kulturopplevingar.

Fagavdeling oppvekst og kultur

I 2021 starta eit stort arbeid med ei oppvekstreform i Stord kommune. Dette arbeidet skal mellom anna enda i ein ny kommunedelplan for oppvekst. I 2022 har arbeidet med oppvekstreforma vore organisert i fleire ulike arbeidsgrupper på tvers av fagområda. Planen skal omtala forventingar til kompetanseutvikling og tverrfagleg samarbeid. Vidare skal planen omtala tilsette i barnehage, skule, førebyggjande tenester, barnevern, kultur og fritid sine tiltak for eit best mogleg oppvekstilbod for barn og unge i Stord. Planen skal og innehalda plan for førebyggjande arbeid i Stord kommune. Arbeidet med planen er forventa ferdig i løpet av 2023.

Fagavdelinga koordinerer utviklingsarbeid, følgjer opp skular, barnehagar og dei andre einingane innan oppvekst og kultur, skriv politiske saker og utfører forvaltningsoppgåver. Endringar i opplæringslova krev mellom anna tydelegare leiing frå skuleeigar.

I tillegg til førebygging og arbeid med inkluderande miljø skal kommunen ha eit godt system for barn og unge som fell utanfor, enten fordi dei strevar med å læra, med eigen identitet, psykisk helse, rusmiddel, opplever seg plaga, er einsame, eller har ein vanskeleg heimesituasjon. Stord kommune nyttar systemet betre tverrfagleg innsats (BTI) til denne samhandlinga.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	29,6 %	31,6 %	35,8 %	34,9 %
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	9 019,7	9 472,5	2 745,5	3 060,2
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune	1,4 %	1,3 %	2,0 %	1,9 %
korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)				
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune	1 078	1 086	1 601	1 461
korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	245 199	359 039	305 791	269 752
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 920	2 228	2 874	2 429
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,8 %	25,2 %	22,5 %	24,4 %
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	10 811	12 622	13 168	12 292
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	10 811	12 622	13 155	12 290
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	165 989	175 071	187 559	182 585
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	101 172	107 012	104 640	104 524
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	120 154	128 291	133 106	131 952
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	3 118	3 019	2 942	2 926
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	4 856	6 505	8 106	7 057
Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år	2	2	1 095	157
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	18,3	14,3	14,7	16,3

Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	236 770	287 137	208 613	186 555
Driftsutgifter til undervisningsmaterieell (202), per elev i grunnskolen	1 518	1 702	2 319	2 099
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	19 365	21 988	24 326	22 847
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	37 431	34 942	36 074	34 927
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	125 302	134 890	140 538	138 669
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	2,7 %	4,0 %	3,2 %	3,1 %
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	2,0 %	2,4 %	2,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	4,9 %	4,8 %	7,9 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	6,8 %	7,9 %	5,3 %	4,2 %
Andel meldinger av meldinger i alt (prosent)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	3,7 %	3,5 %	3,9 %	3,8 %
Kvalitet				
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	99,9		
Besøk i folkebibliotek per innbygger	1,1	1,5	3,8	3,7
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,9		
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	12,0	11,8	12,6	13,1
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	49,0	51,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0		
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,3	4,7	5,6	4,8
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
0-17 år Antall barn med barnevernstiltak per 31.12.	109	89	23 823	3 266
0-17 år Barn med barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet i løpet av året	115	81	25 153	3 428
0-17 år Barn med barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet per 31.12	67	48	15 114	2 113
0-17 år Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet i løpet av året	52	52	9 863	1 308
0-17 år Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet per 31.12	42	41	8 709	1 153
0-17 år Hjelpetiltak Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	133	96	28 243	3 803
0-17 år Hjelpetiltak Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	76	54	17 293	2 372

0-17 år Omsorgstiltak Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	34	37	6 773	933
0-17 år Omsorgstiltak Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	33	35	6 530	894
0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	167	133	35 016	4 736
0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	167	133	35 016	4 736
0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	109	89	23 823	3 266
0-17 år Tiltak i alt Personer (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
0-17 år Tiltak i alt Personer (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
0-17 år Undersøkingar (antall)	168	172	40 183	5 106
0-17 år Undersøkingar starta (antall)	139	139	32 553	4 203
0-17 år. Antall innbyggere	4 332	4 352	979 946	124 338
0-22 år Barn med tiltak som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)				
0-22 år Barn med tiltak i løpet av året				
0-22 år Barn med tiltak per 31.12				
0-22 år Barn med tiltak som er plassert av barnevernet (funksjon 252)				
0-22 år Barn med tiltak som er plassert av barnevernet (funksjon 252) per 31.12				
0-22 år Barn med tiltak som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) per 31.12				
0-22 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)				
0-22 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)				
0-22 år Tiltak i alt Personer (antall)	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-22 år Tiltak i alt Personer (antall)	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-22 år Undersøkingar (antall)				
0-22 år Undersøkingar starta (antall)				
0-22 år. Antall innbyggere	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-5 år Undersøkingar (antall)	52	47	10 495	1 400
0-5 år Undersøkingar starta (antall)	44	38	8 730	1 154
13-17 år Undersøkingar (antall)	34	41	12 240	1 499
13-17 år Undersøkingar starta (antall)	27	33	9 781	1 222
18-22 år Undersøkingar (antall)				
18-22 år Undersøkingar starta (antall)				
6-12 år Undersøkingar (antall)	82	84	17 448	2 207
6-12 år Undersøkingar starta (antall)	68	68	14 042	1 827
Antall 0-5 år	1 331	1 253	290 321	36 169
Antall 13-17 år	1 195	1 286	296 278	37 694
Antall 6-12 år	1 806	1 813	393 347	50 475
Antall barn 0-17 år	4 332	4 352	979 946	124 338
Antall barn 0-22 år	5 528	5 539	1 266 695	158 335
Barn med bare hjelpetiltak i løpet av året				
Barn med hjelpetiltak per 31.12				

Barn med melding (antall)	179	174	38 407	4 967
Barn med omsorgstiltak i løpet av året				
Barn med omsorgstiltak per 31.12				
Barn med tiltak beredskapshjem i løpet av året	8			
Barn med tiltak beredskapshjem per 31.12				
Barn med tiltak bolig i løpet av året	9			
Barn med tiltak bolig per 31.12	5			
Barn med tiltak for å styrke barnets utvikling i løpet av året	115			
Barn med tiltak for å styrke barnets utvikling per 31.12	71			
Barn med tiltak for å styrke foreldreferdigheter i løpet av året	103			
Barn med tiltak for å styrke foreldreferdigheter per 31.12	61			
Barn med tiltak fosterhjem i løpet av året	52			
Barn med tiltak fosterhjem per 31.12	45			
Barn med tiltak institusjon i løpet av året	4			
Barn med tiltak institusjon per 31.12				
Barn med tiltak nettverksarbeid/samarbeid med andre tjenester i løpet av året	41			
Barn med tiltak nettverksarbeid/samarbeid med andre tjenester per 31.12	28			
Barn med tiltak tilsyn og kontroll i løpet av året	6			
Barn med tiltak tilsyn og kontroll per 31.12				
Barn med tiltak undersøkelse og behandling fra andre tjenester i løpet av året				
Barn med tiltak undersøkelse og behandling fra andre tjenester per 31.12				
Barn med undersøkelse	160	152	37 819	4 764
Barnevern brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	59 348	62 258	13 835 491	1 637 719
Barnevern korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	46 752	48 898	9 279 475	1 115 790
Barnevern Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	37 682	37 777	7 171 955	854 359
Barnevern nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	46 833	54 933	12 903 749	1 528 412
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	36 513	36 600	7 228 887	852 331
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. brutto investeringsutgifter beløp (1000 kr)	0	0	1 269	503
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	26 193	25 062	4 012 896	500 195
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	20 631	18 952	2 895 720	366 241

Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	27 478	32 743	6 800 323	806 376
Barnevernstiltak når barnet ikke er plass. av barnev. Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	5 745	5 094	756 768	85 633
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	8 710	7 332	1 574 178	204 688
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet brutto investeringsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	0	0	23	0
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	6 500	5 562	979 988	120 239
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	5 492	4 814	1 480 582	188 629
Barnevernstjenesten organisert i interkommunalt samarbeid	1	1		
Barnevernstjenesten organisert i NAV	0	0		
Barneverntjeneste brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	14 125	18 326	5 032 426	580 700
Barneverntjeneste brutto investeringsutgifter beløp (1000 kr)	292	0	88 321	13 322
Barneverntjeneste korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	14 059	18 274	4 286 591	495 356
Barneverntjeneste Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	11 306	13 731	3 519 467	402 485
Barneverntjeneste nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	13 863	17 376	4 622 844	533 407
Benyttet brukerundersøkelse siste år	0	0		
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	1	1		
Meldingar til undersøkelse innen 7 dager (antall)	139	140	33 009	4 250
Meldinger i alt	261	320	71 134	8 887
Stillinger knyttet til saksbehandling og administrasjon (funksjon 244)	16,3	18,4	4 535,0	529,7
Stillinger knyttet til tiltak fra barnevernstjenesten (funksjon 251)	2,8	2,8	860,5	83,4
Stillinger knyttet til tiltak fra barnevernstjenesten (funksjon 252)	1,3	1,3	493,2	31,3
Stillinger med fagutdanning	18,5	20,5	5 478,4	600,4
Sum stillinger i alt	20,4	22,5	5 905,0	644,4
System for brukerundersøkelse i barnevernstjenesten	1	1		
Talet på barn 0-17 år (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
Årsverk knyttet til saksbeh. og tiltak fra barnevernstj. (f244 unntatt støttefunksj. f251 og 252)	18,5	20,5	5 498,1	605,0

Barnehagar

Året som gjekk

Skildring av tenestene

Ein god barnehage kan gje alle barn like moglegheiter og bidra til å utjamna sosiale skilnader. Barnehagen er første frivillige trinn i eit langt utdanningsløp og skal gje barn ein god start, uavhengig av bakgrunn og behov. Tidleg innsats og tilpassing av barnehagetilbodet til kvart enkelt barn sitt behov er ein sentral del av barnehagen sitt oppdrag. Gjennom retten til barnehageplass har barnehagen blitt eit universelt velferdsgode som alle kan ta del i.

Kommunestyret er øvste ansvarlege for barnehagetilbodet i kommunen. Dette både som kommunal barnehageeigar og som barnehagemynde. Rådmannen har det administrative ansvaret. Dette ansvaret er delegert til tilsette i fagavdeling for oppvekst og kultur. Leiar for kommunale barnehagar har oppgåva som administrativ barnehageeigar med ansvar for drift og utvikling av det kommunale barnehagetilbodet. Barnehagefagleg rådgjevar med fleire har oppgåva som barnehagemynde. Denne oppgåva inneber å rettleia alle barnehagane i kommunen og sjå til at dei vert drivne i tråd med krav i barnehagelova, fatta enkeltvedtak, syta for at det vert gjennomført samordna opptak i barnehagane kvart år og informera rådmannen om tilgang på barnehageplassar i kommunen.

Det er 20 barnehagar i Stord kommune, femten private og fem kommunale. Ein av dei 20 barnehagane er familiebarnehage, og resten er ordinære barnehagar. Nær 80 prosent av barna går i ein privat barnehage. Barnehagane har i snitt ei opningstid per dag på nær ti timar.

Det er barnehagar i alle områda i kommunen, og området Nordbygo har flest plassar. Området Sagvåg/Litlabø har i fleire år hatt for få barnehageplassar, men på grunn av nedgang i talet på barn i barnehagealder er det no nok barnehageplassar også i dette området.

Fleire av barnehagane i kommunen, både kommunale og private, hadde ledige plassar hausten 2022, og kunne slik tilby plass til nye barn på rapporteringstidspunktet i desember.

Utvikling og utfordringar kommunale barnehagar

Utvikling

Plan for samarbeid og samhandling mellom barnehage, skule og SFO er innarbeidd i alle einingane. For å få til ein endå tryggare overgang for barna har ein barnehage og ein skule hatt eit vellykka prøveprosjekt. Dette vart delt på fagmøte hausten 2022 og vidare tatt i bruk i alle barnehagane og barneskulane.

Sagvåg barnehage avdeling Nysæter og Sagvåg barnehage avdeling Tjødnalio har auka kompetansen hjå personalet ved bruk av digitale verktøy i barnehagen, gjennom Regional kompetanseordning i samarbeid med Norsk Lærarakademi.

Furuly barnehage, saman med Hystad skule, er med i eit toårig prosjekt kalla Læringsmiljøprosjektet. Barnehagen sitt mål i dette prosjektet er å auka kompetansen til å fremja eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø og førebygga krenkingar (§§41-43 barnehagelova).

Skogatufto barnehage fekk i 2022 tilskot gjennom Regional kompetanseordning, og er i gang med eit toårig samarbeid med Høgskulen på Vestlandet der det vert fokus på språk og inkluderande fellesskap.

Alle kommunale barnehagestyrarar har sertifisert Circle of Security-kurs (COS-P).

Utfordringar

Mangel på tilgjengelege vikarar i barnehagane har til tider medført auka belastning på barnehagetilsette og avvik på bemanningsnorma.

Høgt sjukefråvær i kommunale barnehagar utfordrar til tider barnehagedrifta i høve stabilitet, tryggleik og pedagogisk arbeid.

Nokre resultat

Talet på barn med barnehageplass i Stord kommune har gått ned med 44 barn frå 2017. Folketalsframskriving for barn i alderen 0–5 år i Stord kommune frå Statistisk sentralbyrå (SSB) i juli 2022 viser ein nedgang på 124 barn i alderen 0–5 år i Stord kommune i perioden 2022–2027. Dersom dette slår til, vil behovet for barnehageplassar i kommunen verta merkbart redusert.

Per desember 2022 hadde 1086 barn barnehageplass i Stord kommune. Dette utgjer 97,4 prosent av barna i alderen 1–5 år i kommunen. I landet generelt er denne prosenten 93,5.

131 av barnehagebarna i Stord kommune i 2022 var minoritetsspråklege, dvs. at dei har eit anna morsmål enn engelsk, svensk, dansk og norsk. Dette er 17 færre enn året før. 91,4 prosent av dei minoritetsspråklege barna i Stord kommune i alderen 1–5 år har barnehageplass. I landet generelt er denne prosenten 84,5.

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særlege behov for det. Dette gjeld uavhengig av om dei går i barnehage. Formålet med hjelpa er å gje barnet tidleg hjelp og støtte med til dømes utvikling av språk og sosial dugleik. I desember 2022 hadde 25 barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp i Stord kommune (alle gjekk i barnehage), det vil seia 2,3 prosent av barnehagebarna. Dette er om lag 1 prosent under landssnittet.

Kommunen innvilga i 2022 reduksjon i foreldrebetalinga for barnehageplass i hushald med låg inntekt for til saman kr 2 956 318. Dette er om lag same summen som året før.

Ukrainske barn som har fått innvilga asyl i Noreg, og som er busette i ein kommune, har rett på barnehageplass ved samordna opptak. I desember 2022 hadde seks barn frå Ukraina med innvilga asyl barnehageplass i Stord kommune.

Hausten 2022 var det fem lærlingar i kommunale barnehagar, og fem i private barnehagar. Det har dei siste åra vore vanskeleg å få nok kvalifiserte søkjarar til lærlingplass i kommunale barnehagar.

17 av dei 20 barnehagane i kommunen deltok hausten 2022 i Utdanningsdirektoratet si årlege foreldreundersøking. Tre private barnehagar deltok ikkje. Resultata frå undersøkinga var gode både lokalt og nasjonalt, og noko høgare lokalt enn nasjonalt.

Utvalg	År	Besvarte / Inviterte	Prikket	Sist oppdatert
Stord kommune (2022)	2022	642 / 899 (71,41 %)		04.01.2023
Nasjonalt (2022)	2022	110224 / 174230 (63,26 %)		04.01.2023

Foreldreundersøkinga (skala frå 1-5, der 5 er best)

	Stord kommune (2022)	Nasjonalt (2022)
Ute- og innemiljø	4,2	4,2
Relasjon mellom barn og voksen	4,6	4,5
Barnets trivsel	4,8	4,7
Informasjon	4,4	4,3
Barnets utvikling	4,7	4,7
Medvirkning	4,4	4,3
Henting og levering	4,5	4,4
Tilvenning og skolestart	4,5	4,5
Tilfredshet	4,6	4,5
Samisk bolk	-	4,4

Resultata for Stord kommune for åtte av dei ni områda er tilsvarende som i 2021. Området Informasjon gjekk opp med 0,1 poeng frå 2021.

Viktige hendingar

Utdanningsdirektoratet tok over det økonomiske tilsynet med private barnehagar

Frå 1. januar 2022 overtok Utdanningsdirektoratet ansvaret for å føra økonomisk tilsyn med private barnehagar. Det økonomiske tilsynet skal sikra at dei private barnehagane brukar offentlege tilskot og foreldrebetaling i tråd med regelverket. Kommunen vil framleis ha ansvar for å rettleia og føra tilsyn med dei andre reglane i barnehagelova og forskriftene til lova.

Tilskotet til private barnehagar vart justert

Reglane for berekning av tilskotet til private barnehagar vart justert frå tilskotsåret 2022. Departementet fastsette nye nasjonale satsar for driftstilskot og kapitaltilskot. I tillegg vart pensjonspåslaget justert ned for private ordinære barnehagar, og det vart innført ei overgangsordning med eigen sats for pensjon for enkeltstående ordinære barnehagar i 2022 og 2023.

Strategi for risikovurdering, rettleiing og tilsyn med barnehagar

Kommunen som barnehagemynde skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk, og fører tilsyn med barnehagar etter barnehagelova. Dokumentet «Strategi for risikovurdering, rettleiing og tilsyn med barnehagar», gjeldande frå januar 2022, syner korleis kommunen arbeider med dette.

Tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland med kommunen som barnehagemynde

Statsforvaltaren i Vestland hadde i 2022 tilsyn med Stord kommune om spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehage. Tilsynet gjekk ut på å kontrollere om kommunen som barnehagemynde følgjer regelverket i barnehagelova med forskrifter i høve:

- Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova §§ 31 og 35 jf. forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23, 24, 25 og 27, jf. barnekonvensjonen artikkel 3 og 12. Side: 2/4
- Kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 37, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og barnekonvensjonen artikkel 3 og 12.

Kommunen fekk avvik på at enkelte av områda som skal stå omtala i vedtaka ikkje var godt nok informert og drøfta. Avvika vart retta opp ved at kommunen utarbeidde meir detaljerte vedtaksmalar og ved å senda inn nye vedtak.

Regional kompetanseutvikling for barnehage

Regional kompetanseutvikling for barnehage (Rekomp) er ei statleg tilskotsordning for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren. Ordninga vert gjennomført som eit utviklingsarbeid i den enkelte barnehage saman med eit kompetansemiljø. Kompetanseregionane, her Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), bidreg saman med statsforvaltaren om organiseringa av ordninga. Læringsverkstedet Sæ barnehage og Skogatufto barnehage fekk i 2022 tilskot gjennom Rekomp til kvalitetsutvikling innanfor arbeid med *Språk i eit inkluderande fellesskap*.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	165 989	175 071	187 559	182 585

Skule, SFO**Året som gjekk****Grunnskulane**

Stord kommune har til saman 11 grunnskular; sju barneskular og tre ungdomsskular, i tillegg til friskulen Stord kristne skule.

Per 1. oktober 2022 var det 1 772 elevar på kommunen sine sju barneskular og 774 elevar på kommunen sine ungdomsskular; til saman 2 546 elevar i grunnskulane i kommunen. Dette er 57 fleire elevar enn til same tid i 2021. 43 prosent av elevane i Stordskulane går på Leirvik skule, Langeland skule og Stord ungdomsskule, alle tre i område sentrum. I tillegg til kommunen sine grunnskular er Stord kristne skule etablert med kombinasjon av barne- og ungdomstrinn.

Stordskulane hadde per oktober 2022 til saman 300 tilsette lærarar, 183 av desse er kontaktlærarar. 24 prosent av lærarane i kommunen er menn.

Skulane jobbar med drift og skuleutvikling, mellom anna gjennom implementering av læreplanverket LK20 og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Hausten var prega av høgare sjukefråvær enn vanleg blant tilsette, noko som gjorde det krevjande å driva utviklingsarbeid fordi ein må syta for dagleg drift og ha nok lærarar på jobb. Samanlikna med tidlegare år har det blitt utfordrande å få tak i vikarar. Dette har ført til meir krevjande situasjonar i gjennomføringa av undervisninga.

Samla går Stordskulen i balanse økonomisk, men for dei skulane som går med underskot, skuldast dette høgt sjukefråvær og ressursar til skulemiljøsaker for å gje både einskilde elevar og heile trinn eit trygt og godt skulemiljø.

Skulefritidsordninga

Per 1. oktober 2022 var det 506 barn som nytta SFO i Stord, ein auke på 130 barn frå året før. Frå hausten vart det innført gratis 12 timar kjernetid for elevar på 1. trinn.

Skulefritidsordninga (SFO) fekk ny rammeplan i 2021 og dei tilsette i SFO jobbar med kvalitetsutvikling i tenestene. Elevane skal få ei oppleving av heilskap i skuledagen, noko som fordrar samarbeid mellom lærarar og SFO-tilsette.

Læringsmiljø

Elevane sitt læringsmiljø vert målt i «Elevundersøkelsen». Skuleeigar skal kvar vår utarbeida ei kvalitetsmelding for grunnskulen som skal handsamast politisk. Kvalitetsmeldinga, med presentasjon av skulane sine resultat i 2022, vert publisert i mai 2023. Her vil ein og gjera greie for Stordskulane sine tiltak for kvalitetsutvikling, altså felles tiltak for å gjera opplæringa betre, i tillegg til Stordskulane sine tiltaksplanar med utviklingsområde som skal vera skulebaserte og forankra i profesjonsfellesskapet.

Stord kommune har nulltoleranse for mobbing og jobbar kontinuerleg med å forbetra læringsmiljøet og auka opplevinga av fagleg, sosial og emosjonell inkludering hjå alle elevane. Det syner seg at like mange elevar på barnetrinnet og fleire på ungdomstrinnet enn året før opplever seg mobba. I 2022 sa 9,5 prosent av elevane på 7. trinn i Stord og 10,7 prosent av elevane på 10. trinn i Stord at dei hadde blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane. Tala varierer frå skule til skule og frå år til år. Målet er at alle elevane skal trivast og at ingen opplever mobbing.

Trivselen hjå elevane på 7. og 10. trinn ved alle dei 11 grunnskulane i kommunen samla er målt til 4,1 på barnetrinnet og 3,9 på ungdomstrinnet, på ein skala frå 1–5 der høgaste verdi er best.

For meir informasjon om resultat knytta til læringsmiljøet i Stordskulane syner me til kvalitetsmeldinga for oppvekst og kultur som vert publisert i mai.

Skulane jobbar godt og jamleg med oppfølging av kommunen sine folkehelsemål.

Læringsresultat

Skulane sine læringsresultat vert kvart år målt gjennom Nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5. og 10. trinn. Prøveane på 5. trinn syner ein framgang i samla resultat (gjennomsnitt skalapoeng) for grunnskulane i Stord frå året før. Snitt skalapoeng på alle tre nasjonale prøvar på 5. trinn ligg eitt skalapoeng over landssnittet i både lesing og engelsk, og på landssnittet 50 skalapoeng i rekning.

På 10. trinn ligg resultata samla på dei tre nasjonale prøvane litt under landssnittet. Stordskulane jobbar systematisk med å forbetra undervisninga slik at me kan løfta fleire elevar fagleg. På 5. trinn hadde Stord i 2022 færre elevar enn landet elles på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane.

Me syner til kvalitetsmeldinga som vert utarbeidd og publisert i løpet av våren for ein meir detaljert presentasjon av Stordskulane sine læringsresultat.

Stord kommune sine skuleanlegg

Dei tilsette ved Nysæter ungdomsskule flytta inn i det nye skuleanlegget før jul, og elevane starta vårsemesteret 2023 i ny skule. Stord kommune har no tre flotte nye skular for ungdomstrinnet som er tilrettelagde for undervisning etter ny læreplan LK20.

Det vert jobba med å utbetra skuleanlegga Langeland og Leirvik slik at elevane kan få tilpassa opplæring og lærarane kan undervisa etter gjeldande læreplan, noko som er krevjande i gamle skuleanlegg bygde for ei anna tid og ein annan type undervisning.

Stordskulane vart ikkje miljøfyrtårnsertifiserte i 2022, men gjennomfører tiltak våren 2023 for å bli Miljøfyrtårn innan sommaren 2023.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	9 019,7	9 472,5	2 745,5	3 060,2
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,8 %	25,2 %	22,5 %	24,4 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	101 172	107 012	104 640	104 524
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	120 154	128 291	133 106	131 952
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	4 856	6 505	8 106	7 057
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen	1 518	1 702	2 319	2 099
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	37 431	34 942	36 074	34 927
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	125 302	134 890	140 538	138 669
Dekningsgrad				
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	4,9 %	4,8 %	7,9 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	6,8 %	7,9 %	5,3 %	4,2 %
Kvalitet				
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	99,9		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,9		

Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	12,0	11,8	12,6	13,1
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	49,0	51,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0		

Vaksenopplæring

Året som gjekk

Skildring av tenesta

Vaksenopplæringa gir tilbod til alle som gjennom introduksjonslova og integreringslova har rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og til dei som etter same lovverket har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. Vaksenopplæringa gir også tilbod til vaksne som gjennom opplæringslova har rett til grunnskuleutdanning, realkompetansevurdering og spesialpedagogikk. Kommunen har ansvaret for at realkompetansevurderinga vert gjennomført og at det blir fatta vedtak og laga kompetansebevis. I tillegg gjennomfører vaksenopplæringa tilpassa tilbod om norskopplæring til arbeidsinnvandrarar.

Utvikling og utfordringar

Hero har etter avtale med UDI starta mottaket for einslege mindreårige på Litlabø 01.03.22. Mange av ungdommane som kom dit, fekk tilbod om opplæring både vår og haust. I tillegg merka me konsekvensane av den pågåande krigen i Ukraina, og utover sommaren og hausten auka busettinga i Stord kommune. Per 03.01.23 er det 47 personar frå Ukraina som får opplæring hjå vaksenopplæringa.

Det har vore ei stor utfordring å bemanna opp i takt med denne auken. Det har vore vanskeleg å få tak i kvalifiserte lærarar og vikarar. Det har i løpet av året vore ein del sjukefråvær, både hjå tilsette og brukarane. I ein slik situasjon er det utfordrande å halda fristane som ligg på kommunen i høve oppstart av norskopplæring for deltakarane. Det er også utfordrande å driva med skuleutvikling, når hovudfokuset vert organisering og drift.

Nokre resultat

I 2022 vart det busett 105 flyktningar, inkludert barn, i kommunen, ei auke på 84. Det vart oppretta ei ny gruppe etter påske, tre nye grupper i august og ei ny gruppe i oktober.

Vaksenopplæringa hadde våren 2022 186 deltakarar og hausten 2022 236 deltakarar, inkludert grunnskule. Samanlikna med 2021 er dette ein kraftig auke, tal frå 2021 syner at det på våren var 164 deltakarar og på hausten 131.

Økonomisk gjekk vaksenopplæringa i 2022 med eit overskot etter revidert budsjett, noko som skuldast meir inntekt enn budsjettet, jamfør auka busetting. Budsjettet vert laga før ein har føreseieleg informasjon om korleis det neste året blir, noko som gjer budsjettarbeidet uføreseieleg og utfordrande.

Viktige hendingar

Korona prega skuleåret i første halvdel av vårsemesteret, og det var mykje korttidsfråvær for både elevar og lærarar. Eksamen på grunnskulen vart avlyst for tredje år på rad, som følgje av mangelfull undervisning på landsbasis.

I 2021 tilsette vaksenopplæringa to språkassistentar, og dei to heldt fram i 2022. Dette arbeidet erfarer me er veldig viktig, særleg for dei deltakrane som har lite eller ingen skulegang frå før. Gjennom denne ordninga får desse deltakarane brukt morsmålet sitt meir i si språklege utvikling, samt det blir lettare og betre kommunikasjon mellom lærar og deltakar.

Hausten 2022 vart det tatt i bruk nytt skuleadministrativt system i grunnskulen, diverre fungerte ikkje det for vaksenopplæringa og det vart difor kjøpt inn Visma VO. Flyktningtenesta har allereie Visma FLY, og desse to systema kommuniserer med kvarandre. Etter noko tekniske oppstartsproblem, erfarer ein no at Visma VO gjer rapporterings- og arkivsystemet betre.

Helsestasjon, Pedagogisk-psykologisk teneste, Ungdomsteam

Året som gjekk

Skildring av tenestene

Eining for førebyggjande tenester har ulike avdelingar og utgjer saman med barnevernstenesta og helsesektoren hjelpetilbodet til barn, unge og familiane deira.

Dei ulike avdelingane i eining for førebyggjande tenester er:

- Helsestasjon 0–5 år
- Svangerskapsomsorg
- Skulehelseteneste ved grunnskule og vidaregåande skule
- Helsestasjon for ungdom
- Helsestasjon for flyktningar
- Smittevern og vaksinasjon
- Fysioterapi for barn og unge
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Spesialpedagogisk team for barn i barnehage
- Ungdomsteam/Utekontakten
- Koordinator for forpliktande samordning av tiltak og metodar mellom kommunen og politiet for risikoutsette barn og ungdom (SLT)
- Fritidsklubbane Litlabø og Harri

I Stord kommune var det i 2022 4876 innbyggjarar i aldersgruppa 0–19 år. Førebyggjande tenester skal samarbeida med grunnskulane og barnehagane, og har ansvaret for betra tverrfagleg innsats (BTI-modellen) samt arbeidet med implementering av handlingsplan mot vald og overgrep i Stord kommune.

I 2022 fekk Stord kommune og førebyggjande tenester tilsett familierettleiar som er organisert i stab til einingsleiar saman med kommunepsykolog. Med denne tilsetjinga oppfyller ein krav om foreldrerettleiing til dei som deltek i introduksjonsprogrammet for innvandrarar.

Stord kommune og førebyggjande tenester har i 2022 rusta opp tenestene med fleire gruppetilbod knytt til det å skapa meir tryggleik i foreldrerolla, meistra angstsymptom og sosiale treningsgrupper. Tenesta deltek saman med skular og barnehagar i eit kompetanseløft for inkludering og spesialpedagogikk.

Arbeid med oppvekstreform og heilskapleg førebyggjande plan for Stord kommunen er i gang. Ein arbeider med kartlegging av kompetanse og tiltak for å skapa ei heilskapleg oversikt for alle innbyggjarane.

Vidare har tenesta, i samarbeid med barnevernet, hatt opplæring for tilsette i barnehagar og skular om førebygging og avdekking av vald og overgrep. Dette er eit tiltak i tråd med handlingsplanen mot vald og overgrep i Stord kommune.

Om tenestene:

Helsestasjon 0–5 år: Helsestasjonane held til i Nordbygdo ungdomsskule, i Blåbygget i Sagvåg og i Stord helsepark på Leirvik. Ved helsestasjonen arbeider dei med smittevern/vaksinasjon og ulike satsingsområde. Helsestasjonen har fokus på nettverksarbeid, mellom anna gjennom drift av grupperetta aktivitetar/kontrollar på ulike alderssteg. Barn har tilbod om 14 kontrollar ved helsestasjonen i perioden 0–4 år. I 2022 er det oppretta tilbod om rettleiing i Tryggleiksirkelen (Circle of security – COS) til dei føresette som ønskjer rettleiing.

Svangerskapsomsorga: I helsestasjonstenesta inngår og ordinære svangerskapskontrollar. Jordmor samarbeider med fødeavdelinga og fastlege. Tenesta har 1,5 faste årsverk og 1 prosjektstilling finansiert av helsedirektoratet.

Skulehelsetenesta: I 2022 har skulehelsetenesta hatt helsesjukepleiar ved alle skulane, i snitt 2,5 dagar per veke. Skulehelsetenesta gjennomfører mellom anna individuell førsteklasseundersøking, samtalar, vaksinasjon og undervisning på ulike alderssteg. Ein ser at utfordringane vert større knytt til tidleg innsats for barn og unge, og at tenesta ligg under norm på bemanning med 1,8 årsverk. Nytt for året 2022 er at skulehelsetenesta har utdanna 5 helsesjukepleiarar i Cool kids, eit gruppebehandlingsprogram for barn og føresette, med moderate angstvanskar.

Helsestasjon for ungdom (HFU): Dei fleste ungdomane som oppsøker HFU har spørsmål knytt til seksuell helse/prevensjon/graviditet. Tenesta vert og oppsøkt av ungdom med til dømes psykiske vanskar. Dei fleste besøkjande er jenter. HFU har samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet, campus Stord, om at studentar kan nytta seg av tilbodet.

Helsestasjon for flyktningar: er ansvarleg for helsetilbod for bebuarar på Stord mottakssenter og Litlabø mottak, samt smittevern for flyktningar, familiegjeningar og arbeidsinnvandring. Stord mottakssenter har ein stor del barn busette hjå seg, dette medfører ein auke i arbeidet, og auka samhandling mellom helsestasjon og skulehelsetenesta.

Litlabø mottak for einslege mindreårige flyktningar har utvida sjukepleiarteneste tilstades i 50 prosent stilling. Ein arbeider med smittevern, vaksining og har samarbeid med dei tilsette på mottaket om ulike psykososiale problemstillingar.

Helsestasjonen for flyktningar har også ansvaret for smittevern for alle som kjem til Stord frå høgendemiske område, både busette flyktningar og andre som søker opphald og arbeidsløyve. Kontroll og oppfølging av nye busette flyktningar skjer i nært samarbeid med flyktningkontoret.

Fysioterapitenesta: To fysioterapeutar har ansvaret for brukarar i førskule- og skulealder. Fysioterapeutane følgjer opp barn med ulike utviklings- og funksjonshemmingar og barn med motoriske vanskar. Det er fokus på tidleg tilrettelegging og rask utviklingsstøtte.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT): PPT er kommunen sin sakkunnige instans i høve til opplæringslova og barnehagelova. Pedagogisk psykologisk teneste arbeider for at alle barn og elevar skal få eit best mogleg læringsutbytte og oppleve inkludering. Tenesta har over tid hatt større fokus på den delen av mandatet som omfattar organisasjonsutvikling og kompetanseheving for barnehage og skule. Stord kommune driv PPT for kommunane Fitjar og Tysnes. PPT har hatt jamn drift og tenesteproduksjon gjennom heile 2022. Dei tilsette har utnytta fagleg kapasitet til å gje PP-tenester til alle tre kommunane innafor nær alle fagområda.

PPT deltek aktivt i den kommunale satsinga på Kompetanseløft for Spesialpedagogikk og inkluderande praksis (nasjonal satsing saman med universitet- og høskulesektoren).

I januar 2022 fekk PPT førespurnad frå Utdanningsdirektoratet (Udir) om å delta i pilotarbeidet deira med Ståstadsanalyse for PPT. Stord kommune takka ja til det og eit tett samarbeid med Udir vart gjennomført våren 2022. Deltakinga var til inspirasjon og erfaringane med ståstadsanalysen var nyttige. Resultatet av samarbeidet finn ein på udir.no: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/statedsanalyse/statedsanalysen-for-pp-tjenesten/>

I 2021 og 2022 har PPT hatt tett samarbeid med Statped knytt til å bygga opp lokal kompetanse i høve Alternativ og Supplerande Kommunikasjon (ASK). Samarbeidet har vore knytt til utvikling av god rettleiingskompetanse når det gjeld å etablere ASK/Pecs som spesialpedagogisk inngang til kommunikasjon for barn utan eller med svak verbalspråkutvikling, og vidareføre ASK gjennom bruk av Roll Talk peike-/prate-bok, dagtavler, symboltavler m.m.

I februar 2022 arrangerte PPT ein to-dagars workshop med Statped for spesialpedagogar i barnehagane i Fitjar, Tysnes og Stord. På bakgrunn av at ein har registrert mange barn med trong for ASK, har PPT bidrege til stor utvikling i barnehagane og skulane. Fleire barnehagar og skular er komne langt i implementering av ASK – både som eit individuelt og meir indikert tiltak. Fleire stader finn ein store symboltavler ute i leikeområda.

PPT deltek saman med Furuly barnehage og Hystad skule i Stord kommune sitt samarbeid med Læringsmiljøsenteret/Statsforvaltaren knytt til Læringsmiljøprosjekt (2022-24). Dette gjev oss nyttig informasjon om korleis me sjølve kan vidareutvikle kompetansen vår innan rettleiing når det gjeld å utvikla trygge og gode læringsmiljø i barnehage og skule.

Kvar av samarbeidskommunane sine til saman 16 grunnskular og 25 barnehagar har fast kontaktperson i PPT. Den faste kontaktpersonen deltek i ressursteam, BTI-møter, systemarbeid m.m.. Oftast er kontaktpersonen også involvert i sakkunnige vurderingar.

PPT vert i aukande grad involvert i systemretta arbeid i barnehage og skule. Stikkord er ofte urolege barne-/elevgrupper, uro for læringsutbytte, ikkje opplevd trygt og godt læringsmiljø m.m..

Spesialpedagogisk team for førskuleborn: Spesialpedagogane i Stord kommune har som oppgåve å utøva spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, som gjennom barnehagelova har rett til slik hjelp. Hjelpa skal vera i tråd med tilråding frå PPT og enkeltvedtak gjort i Stord kommune. Spesialpedagogisk hjelp tek utgangspunkt i tildelte årstimar. Arbeidet kan organiserast i bolkar, timar per veke og etter tilråding og enkeltvedtak. Spesialpedagogisk team tilbyr rettleiing til barnehagane i Stord kommune. Rettleiinga kan omhandla ulike tema, på generelt grunnlag.

Teamet har ved årskifte 24 barn som har 171 timar vedtak knytt til seg, dette er noko lågare tal enn i 2021, der 31 barn hadde vedtak på 204 timar.

Arbeidsoppgåver i tillegg til det direkte arbeidet med kvart enkelt barn:


- Evaluera tiltak undervegs
- Skriva årsrapport /halvårsrapport for barn som byrjar i skulen
- Samarbeida med foreldre, barnehage og andre hjelpeinstansar
- Rettleiing av foreldre/barnehage

Ungdomsteamet: Ungdomsteamet består av utekontakt, ungdomskontakt og SLT-koordinator. Utekontakt og ungdomskontakt arbeider i hovudsak med ungdommar som har samansette vanskar med psykisk helse og rus. I tillegg er det ei stilling som er prosjektfinsiert og som arbeider både med fritidsklubbar og med oppgåver knytt til utekontakten.

SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. SLT skal sikra at dei ressursane som allereie finns i kommunen og i politiet, blir meir samkøyrt og målretta. SLT-modellen er organisert gjennom tre nivå; Det styrande nivået (politirådet), det koordinerande nivået og det utførande nivået. I 2022 har SLT-koordinatoren koordinert MOT og Av-og-til arbeidet i kommunen, leia SLT-gruppa Tidleg rusinnsats som følgjer opp ungdomar og unge vakse med rusutfordringar. I tillegg har dei saman med utekontakten stått for gjennomføringa av det førebyggjande programmet Ung på Stord. Saman med næringslivet, politiet og andre tenester i kommunen arbeidar SLT-koordinatoren for eit trygt uteliv gjennom samarbeidet ansvarleg alkoholhandtering.

Utekontaktane arbeider både på individ-, gruppe- og systemnivå. I 2022 vart det gjennomført 231 feltøkter, som inneber 955 treffpunkt med ulike ungdommar. I feltøktene vitjar utekontakten ulike skular, stader i sentrum og andre samlingsstader for ungdom. To dagar i veka har utekontakten «open stove» der ungdom møtest for aktivitetar, samtalar og for å vera saman.

Individuell oppfølging; det er gjennomført 905 samtalar, praktisk hjelp, rusoppfølging, nettverksamarbeid og formidling/samhandling med andre tenester knytt til enkeltungdom. Temaa som teamet arbeider med er:



I 2022 vart det gjennomført 1 ART gruppe, Jentegruppe på vidaregåande skule, Ung på Stord-samlingar på alle barneskulane, opplæring for lærarar i Ung på Stord, klassebesøk på Stord vidaregåande skule, rusførebyggjande undervisning til elevar på 10. trinn, deltaking på ulike foreldremøte der tema har vore rusbruk, nettvett og inkludering. I 2022 har ungdomsteamet også vore aktivt med i oppfylginga av ungdommar i samarbeid med psykososialt kriseteam.

Fritidsklubbane Harri og Litlabø: Begge fritidsklubbane har etter laber aktivitet under pandemien, teke seg opp att. Klubbane er opne kvar måndag og torsdag og har 3 tilsette per klubb. Det er mellom 60 og 70 medlemmar per klubb og begge klubbane har fått etablert eige ungdomsstyre.

Utvikling og utfordringar

Fleire barn og unge skal få behandling for psykiske helseplager og psykososiale utfordringar i det kommunale helseapparatet. Ein ser at eit aukande tal barn og unge har utfordringar knytt til psykisk helse både i etterkant av pandemien og som eit generelt utviklingstrekk blant barn og unge. Stord kommune rustar seg, og må førebu seg meir på dei utfordringane dette fører med deg.

Erfaringar frå 2022 er at ein ser ein tydelegare tendens til at føresette søker hjelp for seg og sine barn til å få til eit tryggare foreldreskap. Førebyggjande tenester bur seg på det aukande utfordringsbiletet innan tryggare foreldreskap og aukande psykisk helse-problematikk, med å tilby ulike gruppetilbod for føresette og barn/ungdommar. Dette vil ein freiste å auka i kommande år. Stord kommune er i gang med førebyggjande plan og ein vil arbeida vidare med å få heilskaplege tenester og eit oversiktleg tenestetilbod.

ggjande plan og ein vil arbeida vidare med å få heilskaplege tenester og eit oversiktleg tenestetilbod.

Barnevern

Året som gikk

Stord kommune er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlø, Fitjar og Stord (SIB).

Barnevernet er organisert i ulike arbeidslag. Dei aldersdelte laga har ansvar for undersøking og tiltak;

- Lag sped- og småbarn, for aldersgruppa 0–6 år
- Lag barn 6–12 år
- Lag ungdom 12–18 år.
- Lag omsorg; ansvar for barn med omsorgsvedtak

Tenesta har eigne stillingar som inngår i eit arbeidslag for familierettleiing. Målsetjinga med rettleiinga er å styrka omsorgskompetansen til foreldra.

I 2022 hadde tenesta god måloppnåing i høve lovkrav, samstundes som tenesta registrerer høgare aktivitet med omsyn til meldingar inn. Dette har tidvis utfordra kapasiteten i tenesta, sidan tenesta og i periodar har hatt auka sjukefråvær. Tiltak for å avgrensa konsekvensar av koronasmitte har vore gjennomført. Det har i perioden vore registrert meir sjukefråvær grunna korona, enn året før. Samstundes har ein gjennom iverksette tiltak klart å oppretthalda drifta.

I 2022 registrerte barneverntenesta 321 bekymringsmeldingar, noko som er ein oppgang på 56 meldingar samanlikna med tal frå 2021. Dette tilsvara ei auke på vel 20 prosent. Del barn 0–17 år med barneverntiltak viser om lag same talet som i 2021.

Barnevernet sine driftsutgifter var om lag på snittet som for landet. Dette syner kva ressursar kommunen nyttar til barnevern og indikerer ei kostnadseffektiv teneste. Driftsresultat i høve kostnad per barn med hjelpetiltak og omsorgstiltak ligg framleis høgare enn snittet i landet. Dette kan indikera at barn med tiltak i vår teneste har omfattande behov for hjelp.

Tenesta har gjennomført utviklingsprosjekt i samarbeid med KS-konsulent for å analysa tenesteutfordringar og vurdere organisasjonsendringar og tiltak for møte desse. Tenesta har og gjennomført prosjekt med mål om å forbetra kvaliteten på tenesta sitt fosterheimsarbeid. Sentrale tema i kvalitetsarbeidet handlar om system og prosedyrar for foreldresamarbeid og meir metodisk analysearbeid i saksbehandlinga. Gjennom samarbeid med barneverntenestene i Haugesund og Karmøy kommune, er det teke initiativ til utvikling av eit intensivt tiltak for familie-/foreldreoppfølging i familiar der barn vert utsett for alvorleg omsorgsvikt. Tiltaket Multisystemisk terapi – child abuse and neglect, (forkorta til MST-CAN) fungerer som eit klart alternativ til å flytte barn ut av heimen.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	29,6 %	31,6 %	35,8 %	34,9 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	245 199	359 039	305 791	269 752
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	10 811	12 622	13 168	12 292
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	10 811	12 622	13 155	12 290
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	18,3	14,3	14,7	16,3
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	236 770	287 137	208 613	186 555
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	2,0 %	2,4 %	2,6 %
Andel meldinger av meldinger i alt (prosent)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	3,7 %	3,5 %	3,9 %	3,8 %
Kvalitet				
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,3	4,7	5,6	4,8
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
0-17 år Antall barn med barnevernstiltak per 31.12.	109	89	23 823	3 266
0-17 år Barn med barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet i løpet av året	115	81	25 153	3 428
0-17 år Barn med barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet per 31.12	67	48	15 114	2 113
0-17 år Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet i løpet av året	52	52	9 863	1 308
0-17 år Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet per 31.12	42	41	8 709	1 153
0-17 år Hjelpetiltak Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	133	96	28 243	3 803
0-17 år Hjelpetiltak Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	76	54	17 293	2 372
0-17 år Omsorgstiltak Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	34	37	6 773	933
0-17 år Omsorgstiltak Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	33	35	6 530	894
0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	167	133	35 016	4 736

0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)	167	133	35 016	4 736
0-17 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)	109	89	23 823	3 266
0-17 år Tiltak i alt Personer (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
0-17 år Tiltak i alt Personer (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
0-17 år Undersøkingar (antall)	168	172	40 183	5 106
0-17 år Undersøkingar starta (antall)	139	139	32 553	4 203
0-17 år. Antall innbyggere	4 332	4 352	979 946	124 338
0-22 år Barn med tiltak som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)				
0-22 år Barn med tiltak i løpet av året				
0-22 år Barn med tiltak per 31.12				
0-22 år Barn med tiltak som er plassert av barnevernet (funksjon 252)				
0-22 år Barn med tiltak som er plassert av barnevernet (funksjon 252) per 31.12				
0-22 år Barn med tiltak som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) per 31.12				
0-22 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak i løpet av året (antall)				
0-22 år Tiltak i alt Barn med barnevernstiltak per 31.12. (antall)				
0-22 år Tiltak i alt Personer (antall)	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-22 år Tiltak i alt Personer (antall)	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-22 år Undersøkingar (antall)				
0-22 år Undersøkingar starta (antall)				
0-22 år. Antall innbyggere	5 528	5 539	1 266 695	158 335
0-5 år Undersøkingar (antall)	52	47	10 495	1 400
0-5 år Undersøkingar starta (antall)	44	38	8 730	1 154
13-17 år Undersøkingar (antall)	34	41	12 240	1 499
13-17 år Undersøkingar starta (antall)	27	33	9 781	1 222
18-22 år Undersøkingar (antall)				
18-22 år Undersøkingar starta (antall)				
6-12 år Undersøkingar (antall)	82	84	17 448	2 207
6-12 år Undersøkingar starta (antall)	68	68	14 042	1 827
Antall 0-5 år	1 331	1 253	290 321	36 169
Antall 13-17 år	1 195	1 286	296 278	37 694
Antall 6-12 år	1 806	1 813	393 347	50 475
Antall barn 0-17 år	4 332	4 352	979 946	124 338
Antall barn 0-22 år	5 528	5 539	1 266 695	158 335
Barn med bare hjelpetiltak i løpet av året				
Barn med hjelpetiltak per 31.12				
Barn med melding (antall)	179	174	38 407	4 967
Barn med omsorgstiltak i løpet av året				
Barn med omsorgstiltak per 31.12				
Barn med tiltak beredskapshjem i løpet av året	8			
Barn med tiltak beredskapshjem per 31.12				

Barn med tiltak bolig i løpet av året	9			
Barn med tiltak bolig per 31.12	5			
Barn med tiltak for å styrke barnets utvikling i løpet av året	115			
Barn med tiltak for å styrke barnets utvikling per 31.12	71			
Barn med tiltak for å styrke foreldreferdigheter i løpet av året	103			
Barn med tiltak for å styrke foreldreferdigheter per 31.12	61			
Barn med tiltak fosterhjem i løpet av året	52			
Barn med tiltak fosterhjem per 31.12	45			
Barn med tiltak institusjon i løpet av året	4			
Barn med tiltak institusjon per 31.12				
Barn med tiltak nettverksarbeid/samarbeid med andre tjenester i løpet av året	41			
Barn med tiltak nettverksarbeid/samarbeid med andre tjenester per 31.12	28			
Barn med tiltak tilsyn og kontroll i løpet av året	6			
Barn med tiltak tilsyn og kontroll per 31.12				
Barn med tiltak undersøkelse og behandling fra andre tjenester i løpet av året				
Barn med tiltak undersøkelse og behandling fra andre tjenester per 31.12				
Barn med undersøkelse	160	152	37 819	4 764
Barnevern brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	59 348	62 258	13 835 491	1 637 719
Barnevern korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	46 752	48 898	9 279 475	1 115 790
Barnevern Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	37 682	37 777	7 171 955	854 359
Barnevern nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	46 833	54 933	12 903 749	1 528 412
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	36 513	36 600	7 228 887	852 331
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. brutto investeringsutgifter beløp (1000 kr)	0	0	1 269	503
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	26 193	25 062	4 012 896	500 195
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	20 631	18 952	2 895 720	366 241
Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	27 478	32 743	6 800 323	806 376
Barnevernstiltak når barnet ikke er plass. av barnev. Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	5 745	5 094	756 768	85 633
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet brutto	8 710	7 332	1 574 178	204 688

driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)				
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet brutto	0	0	23	0
investeringsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)				
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	6 500	5 562	979 988	120 239
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp (1000 kr)	5 492	4 814	1 480 582	188 629
Barnevernstjenesten organisert i interkommunalt samarbeid	1	1		
Barnevernstjenesten organisert i NAV	0	0		
Barneverntjeneste brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	14 125	18 326	5 032 426	580 700
Barneverntjeneste brutto investeringsutgifter beløp (1000 kr)	292	0	88 321	13 322
Barneverntjeneste korrigerte brutto driftsutgifter beløp (1000 kr)	14 059	18 274	4 286 591	495 356
Barneverntjeneste Lønn ekskl. sykelønn Beløp (1000 kr)	11 306	13 731	3 519 467	402 485
Barneverntjeneste nettodriftsutgifterbeløp (1000 kr)	13 863	17 376	4 622 844	533 407
Benyttet brukerundersøkelse siste år	0	0		
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	1	1		
Meldingar til undersøkelse innen 7 dager (antall)	139	140	33 009	4 250
Meldinger i alt	261	320	71 134	8 887
Stillinger knyttet til saksbehandling og administrasjon (funksjon 244)	16,3	18,4	4 535,0	529,7
Stillinger knyttet til tiltak fra barnevernstjenesten (funksjon 251)	2,8	2,8	860,5	83,4
Stillinger knyttet til tiltak fra barnevernstjenesten (funksjon 252)	1,3	1,3	493,2	31,3
Stillinger med fagutdanning	18,5	20,5	5 478,4	600,4
Sum stillinger i alt	20,4	22,5	5 905,0	644,4
System for brukerundersøkelse i barnevernstjenesten	1	1		
Talet på barn 0-17 år (antall)	4 332	4 352	979 946	124 338
Årsverk knyttet til saksbeh. og tiltak fra barnevernstj. (f244 unntatt støttefunksj. f251 og 252)	18,5	20,5	5 498,1	605,0

Eining for kultur

Året som gjekk

Skildring av tenestene

Eining for kultur har tre avdelingar: Stord folkebibliotek, Stord kulturskule og drift av Stord kulturhus og kino. I tillegg har eininga ein fagstab som handsamar kulturminne og kulturvern, tilrettelagt fritid (støttekontaktordninga), fritidsklubbar, Ung kultur møtes (UKM), Den kulturelle spaserstokken, Den kulturelle skulesekken (DKS), teaterfestivalen, Falturiltu nynorsk barnebokfestival, Frivilligsentralen, BUA, idrett- og friluftsliv, prisar og stipend, turistinformasjon, kunst i offentleg rom, Fritidskasse, kontakt med lag og foreiningar m.m..

Eining for kultur famnar eit særst breitt og mangfaldig fagmiljø og tilbod. Eininga har som mål å leggja til rette for eit mangfald av kulturelle tilbod for kommunen sine innbyggjarar i tråd med nasjonale og lokale føringar.

Eining for kultur held til i Stord kulturhus og storparten av aktiviteten i eininga går føre seg der. Stord kulturhus skal vera ein trygg, god og viktig møteplass for alle innbyggjarane i kommunen. Kulturhuset skal leggja til rette for eit mangfald av kvalitativt gode kulturelle aktivitetar, det skal vera ein stad der menneske samlast til opplevingar, for å læra, for å ytra seg og vera ein av del av fellesskapet.

Utvikling og utfordringar

2022 har vore eit godt år i eininga, med jamn auke i aktivitet og arrangement. Koronapandemien har begynt å sleppa taket og «verda» begynner å likne på slik ho var før. Avdelingane og fagstaben har arbeidd systematisk med sine arbeidsoppgåver og me ser fine resultat.

Det vart i 2021 sett i gang eit forstudie som skulle kartlegga ei mogeleg ombygging/opprusting og utbygging av Stord kulturhus. Bakgrunnen for saka var ønskje om betre utnytting og modernisering av allereie eksisterande areal i kulturhuset, samt å utvikla kulturhuset til å bli ein enda meir synleg og aktiv samlingsstad for alle innbyggjarane i kommunen. Saka var opp til politisk handsaming i september, og kommunestyret tok forstudien til vitande og såg det som mest realistisk med ei etappevis modernisering. I budsjett for 2023 er det ikkje langt inn midlar til dette formål.

I juni 2022 opna heile aktivitetsparken utanfor kulturhuset. Her finn ein skatepark og parkouranlegg, i tillegg eit klatrestativ og utescene. Anlegget vert mykje nytta.

Stord kommune var ein av pilotkommunane som testa ut Fritidskortet. Diverre vart ordninga lagt ned våren 2022. Frå hausten 2022 har Stord kommune etablert ei anna ordning, Fritidskassa, med støtte frå Bufdir. Fritidskassa er ei behovsprøvd ordning som gjev økonomisk støtte til deltakaravgift, utstyr og/eller reiser, cupar, leirar med meir for barn og unge i alderen 5–24 år, som bur i Stord kommune.

Arbeidet med utarbeiding av ny kulturplan er i gang, planprogrammet vart vedteke våren 2022. Diverre er arbeidet blitt noko forseinka. Vonleg vil ny kulturplan vera klar våren 2024.

Nokre resultat/viktige hendingar

Stord folkebibliotek: det er registrert ein auke i besøkstal på om lag 20 prosent frå 2021 til 2022. I løpet av 2022 er det registrert 28 455 besøk mot 22 576 i 2021. Utlånet går noko ned frå 15 128 i 2021 til 14 750 i 2022.

Biblioteket har gjennomført ei rekke klasse- og barnehagebesøk, og 32 arrangement for vaksne med godt oppmøte. Faste arrangement er mellom anna konseptet Bok & bolle for dei minste, språkkafé for nye landsmenn og girl-tech for jenter 10–13. Biblioteket har eit godt samarbeid med fleire frivillige organisasjonar på Stord som hjelper til på arrangement.

Sommarles-kampanjen har hatt ein enorm auke i 2022 til heile 770 brukarar (kampanje for barn i barneskulealder), i 2021 var det registrert 386.

Stord kulturskule: Elevtalet har gått noko ned i 2022, og ved GSI-rapporteringa (grunnskulens informasjonssystem) 01.10.2022 var det registrert 473 individuelle elevar, fordelt på 595 elevplassar. I Stord kommune har i underkant av 20 prosent av grunnskuleelevane elevplass i kulturskulen. Gjennomsnittet for landet ligg på om lag 16 prosent. Det er jamn fordeling av kulturskuleelevar i grunnskulane i kommunen. Gjennom året har kulturskulen ei rekke konsertar, framsyningar og utstillingar. Kulturskulen har i periodar av 2022 måtta permittera enkelte elevgrupper, grunna mangel på vikar. Dette er ein ny situasjon for kulturskulen, og det vert arbeidd med å sikra rekruttering av vikarar/lærarar.

Stord kulturhus: Kinoen har hatt ei fin utvikling i 2022, med heile 31 424 kinobesøk, ein auke på heile 50 prosent frå 2021. Kommunebarometeret frå august 2022 syner at det i Stord var 1,09 kinobesøk per innbyggjar. Kommunen ligg difor høgt i tal kinobesøk, samanlikna med andre kommunar.

Tala for offentleg bading og andre arrangement som konsertar og liknande syner oppgang frå 2021. Det var 15 914 besøk på offentleg bading og 13 816 har løyst billett til andre kulturarrangement. Stord kunstlag har hatt ei kunstutstilling i kunsthallen.

Det vart i 2021 sett i gang eit forstudie som skulle kartlegga ei mogeleg ombygging/opprusting og utbygging av Stord kulturhus. Bakgrunnen for saka var ønskje om betre utnytting og modernisering av allereie eksisterande areal i kulturhuset, samt å utvikla kulturhuset til å bli ein enda meir synleg og aktiv samlingsstad for alle innbyggjarane i kommunen. Det er og ønskje om å samla fleire aktivitetar i kulturhuset, t.d. danse- og parkourundervisninga til kulturskulen, Frivilligsentralen og BUA. Saka var oppe til politisk handsaming i september, og kommunestyret tok forstudien til vitande og såg det som mest realistisk med ei etappevis modernisering. I budsjettet for 2023 er det ikkje langt inn midlar til dette formålet. Grunna dette er det heller ikkje kome på plass ny vass-sklie.

Falturiltu 2022: i løpet av festivalveka nådde ein ut til eit publikum på 7 324 fordelt på 118 arrangement. Dette er det største besøkstalet festivalen har hatt sidan 2018. Falturiltu er framleis den største reine barnebokfestivalen i landet og 45 kunstnarlege gjester besøkte festivalen. Festivalen hadde produksjonar i 10 ulike kommunar i Vestland og Rogaland, og dette er eit viktig samarbeid for heile Sunnhordlandsregionen. Falturiltu deltok aktivt på Kulturtanken sin konferanse «Den mangfaldige nynorsken» både med innlegg og samtaleinnspel, og har i 2022 starta arbeidet med å fornya festivalen sin strategiplan og programråd.

Barne- og ungdomsteaterfestivalen: Teaterfestivalen 2022 skulle etter planen gått føre seg i april, men arrangementet vart avlyst grunna nok ei korona-stenging i januar og februar.

Den kulturelle skulesekken: DKS Stord hadde 65 ulike arrangement for grunnskulen, som dekket omtrent alle trinn. Produksjonane inneheldt uttrykk som kulturarv, litteratur, film, musikk og scenekunst. Skulane på Stord har jamt over høg grad av deltaking på DKS-produksjonar og det er sjeldan at det blir takka nei til å delta.

Den kulturelle spaserstokken: Det vart arrangert 15 ulike kunstnarlege tilbod for den eldre målgruppa i 2022, i samråd med institusjonane i Stord kommune. Tilboda var konsertar innan ulike musikkuttrykk, samt litteratur, alle med profesjonelle utøvarar.

UKM: UKM vart gjennomført i februar i samarbeid med Bømlo og Fitjar kommune. Det var ei fin samling, men diverre med veldig få deltakarar. Me opplever at UKM ikkje heilt treff målgruppa og ein vurderer korleis UKM kan gjennomførast i framtida.

Kulturminnevern: Arbeidet med kulturminneplanen er noko forseinka grunna stort arbeidspress på andre oppgåver som har måtta bli prioriterte. Vonleg vil kulturminneplanen bli ferdig i løpet av våren 2023. I september markerte me Kulturminnedagen med flott arrangement i Gruvene på Litlabø. Arrangementet var og i samarbeid med lag og organisasjonar og vart ein del av markeringa av Frivilligheita sitt år.

Skjøtsel av kulturminne: Me jobbar med å få på plass avtale med grunneigarar der kommunen ikkje er eigar. Det har i perioden vore skjøtsel av kulturminna i Gildeskålbakken og i Hystadmarkjo.

Leirvik fyrstasjon: Det har i perioden vore stor interesse frå privatpersonar som ville leiga fyrstasjon, både lokale men og frå andre kommunar/område. Diverre var det ein vasslekasje tidleg i 2022. Dette vart utbetra og sesongen kunne gå tilnærma normalt.

Utsmykkingsfondet/Kunstordning for Stord kommune: I 2021 vart det etablert "Kunstordning for Stord kommune" som erstatning for "Utsmykkingsfondet". Jamfør reglementet for kunstordninga skal det no settast av ein prosent av samla investering til kunst i investeringsbudsjettet og det er opning for å setja av midlar til kunstkjøp til den kommunale kunstsamlinga i driftsbudsjettet. Fire kunstprosjekt er sett i gang i løpet av 2022. Desse skal vidareførast og ferdigstillast i 2023. Desse prosjekta gjeld kunst i Sævarhagen, Stord sjukeheim, Bandadalsplassen, Leirvikstova og Nysæter ungdomsskule.

Prisar og stipend:

- Kulturprisen: Olsen og Jensens Viseklubb
- Eldsjelprisen: Torbjørn Martinssen
- Målprisen: Åtgaum
- Kulturstipend: Magnhild Halland
- Pris for godt tilgjenge: Stord flyktningeteneste
- Seniorprisen: Leirvikstova

Tilskot til lag og organisasjonar: I utvalsmøte for oppvekst og kultur vart det vedteke slik fordeling av midlane:

- Musikk: kr 126 000
- Idrett: kr 126 000
- Almenne/Barn og unge: 98 000

Totalt kr 350 000.

Måndags- og onsdagsklubben: Klubbane er fritidsklubbar for unge og vaksne med funksjonshemming. Klubbane held til i kultursenteret i underetasjen i Stord kulturhus. Medlemene vert involverte i drifta og aktivitetane så langt som mogeleg. Det er jamt over godt oppmøte og tilbodet er særst godt likt.

Tilrettelagt fritid: Det har vore vanskeleg å få tak i arbeidskraft og dette medfører noko ventetid for nokre av brukarane. Gruppeaktivitetane har fått fleire deltakarar, og me får positive tilbakemeldingar på dette tilbodet.

Frivilligsentralen og BUA: Det har vore høg og god aktivitet gjennom heile året, med datatreff for seniorar i delar av året, middagsservering for eldre i Leirviksstova, sommarleir, leksehjelp og natteravn. Frivilligsentralen har vore samarbeidspartnar for Folk i sentrum og TV-aksjonen. BUA har stort utlån og plasserer seg høgt oppe på dei nasjonale listene for utlån.

Idrett, friluftsliv og spelemidlar: Kommunen har fått tilsegn på siste del av spelemidlane til fleirbukshall Nysæter på 3,9 mill. kr. Deltilsegn for symjehall Nysæter på 4 mill. kr, 75 000 kr til gapahuk i Hustrudalen (Stord-Fitjar Turlag). 350 000 kr til lys på turveg Grønevika–Øvre Økland. Øklandsmarkjo Vel har fått bygd og utbetalt 299 000 kr til ballbane og me har fått tilsegn på midlar til sandvolleyballbana ved Nordbygdo ungdomsskule og rehabilitering av ballbinge på Leirvik skule med 300 000 kr på kvar.

Samarbeid med Frivillige lag og organisasjonar: «Frivilligstrategi – Saman om inkluderande fellesskap» er skriven og vart politisk vedteken i desember 2022. I samband med Frivilligheita sitt år arrangerte me ei flott samling i storesalen i kulturhuset.

Samarbeidet med det frivillige organisasjonslivet er styrka då me har tilsett (etter omorganisering) ein fritidskoordinator.

Fritidskassa: Fritidskassa er ei behovsprøvd ordning som gjev økonomisk støtte til deltakaravgift, utstyr og/eller reiser, cupar, leirar med meir for barn og unge i alderen 5–24 år, og som bur i Stord kommune. Stord kommune har fått midlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) til Fritidskassa ut 2024. Ordninga skal årleg evaluerast og i 2024 vurderast om den skal vidareførast utover prosjektperioden. I løpet av hausten 2022 fekk 60 barn/ungdom støtte.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune	1,4 %	1,3 %	2,0 %	1,9 %
korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)				
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune	1 078	1 086	1 601	1 461
korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)				

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 920	2 228	2 874	2 429
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	3 118	3 019	2 942	2 926
Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år	2	2	1 095	157
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	19 365	21 988	24 326	22 847
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	2,7 %	4,0 %	3,2 %	3,1 %
Kvalitet				
Besøk i folkebibliotek per innbygger	1,1	1,5	3,8	3,7

Utval for rehabilitering, helse og omsorg

Året som gikk

Tenestemrådet rehabilitering, helse og omsorg (RHO) omfattar heimebaserte tenester, institusjonstenester, eining for habilitering, eining for aktivitet og rehabilitering, psykisk helse og rus, NAV kommune, tildelingskontoret og legetenester.

Rekneskapen syner at RHO-einingane har eit samla negativt avvik på 7,2 mill. kr som utgjer 1,24 prosent av totalbudsjettet for tenestemrådet. Dette er noko meir enn det som var varsla i budsjettrevisjonen. Avviket skuldast i hovudsak vikarkostnader knytt til ledige stillingar og sjukefråvær, men også auka grunnbemanning for særskilde behov i tenestene og kostnader knytt til utskrivingssklare pasientar.

Det vart opna ni nye sjukeheims plassar i 2022. Det var likevel 15 personar på venteliste til langtids plass i institusjon i desember 2022 mot ni i byrjinga av januar same året.

Rekruttering av fastlegar er framleis ei stor utfordring. Det er ein ledig fastlegeheimel og denne vert dekkja ved bruk av vikarar frå vikarbyrå framover. Dette gjer at det mot slutten av året ikkje var ledige listeplassar. Folk som ville byta fastlege vart ståande på venteliste utan å få stetta ønsket om byte og det er stadig fleire innbyggjarar som står utan fastlege. Det vert kontinuerleg arbeida med å finna ei løysning for å auka fastlegekapasiteten. Det er etablert eit mellombels avgrensa fastlege tilbod til nybusette flyktningar og bebuarar på mottakssentera.

Året 2022 har vore utfordrande for heimebaserte tenester ved at brukarar som mottar tenester stadig er sjukare og har komplekse behov. Det er auke i tal tryggleiksalarmar som må handterast, og i ei måling vart over 80 alarmer per døgn registrert. Venteliste til institusjonsplass gjer at fleire brukarar vert verande heime lengre enn det som er optimalt.

2022 har vore prega av høgt sjukefråvær i dei ulike RHO-einingane. Samla fråvær har vore heile 14,85 prosent i 2022, mot 12,9 prosent året før.

I 2022 var det 29 tenestemottakarar som kom inn under tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester. Ordninga gjeld brukarar under 67 år, som er særleg omsorgstrengande og som kommunen får ekstra tilskot til. For desse brukarane hadde kommunen i fjor ei samla netto lønsutgift på om lag 106,5 mill. kr og får refundert 38,2 mill. kr av desse frå staten.

Når Helse Fonna melder til kommunen at pasientar er utskrivingsklare, må kommunen ta imot desse eller betala døgnpris for dei. Det var budsjettert med 90 døgn, men viste seg å bli heile 532 døgn. Det vart overført 2,76 mill. kr til Helse Fonna for utskrivingsklare pasientar i 2022. Dette var 1,61 mill. kr meir enn i 2021.

Kommunen har 11 samarbeidsavtalar med Helse Fonna som skal medverke til god samhandling rundt pasientane. I 2022 meldte Stord kommune om 20 avvik på desse avtalane mot 16 i 2021. Helse Fonna meldte om seks avvik til Stord kommune mot tre året før. Dei fleste avvika går på manglande eller mangelfulle medisinsopplysningar, manglande epikrise og for dårleg kommunikasjon ved inn- og utskriving. Det vert freista å lukka avvika etter kvart som dei oppstår, og det er god dialog mellom kommunen og sjukehusa.

I 2022 vart 11 nye lærlingar teke opp i helsearbeidarfaget. I tillegg er det rekruttert inn to menn i samband med prosjektet «Menn i helse». Kommunen er med vidare i dette prosjektet. I samband med forventa utfordringar knytt til framtidig rekruttering, fekk 50 ungdommar mellom 16 og 18 år for andre året sommarjobb ved institusjonane. «Ung i helse» var svært vellukka og vert vidareført i 2023.

25 mellomleiarar innan RHO avslutta våren 2022 ei lokal leiarutdanning. Denne har gått over to år og har vore eit samarbeid med Høgskolen i innlandet og Fagakademiet. Den har vore støtta økonomisk av KS og Statsforvaltaren, og har gitt formell leiarkompetanse til deltakarane.

19 fagarbeidarar og 28 tilsette med høgskuleutdanning har teke forskjellige vidareutdanningar i 2022. 12 tilsette har starta opplæring i velferdsteknologi, Velferdsteknologiens ABC. Denne opplæringa held fram i 2023. Det har vore deltaking på ei rekke ulike webinar gjennom året. I tillegg vart det gjennomført lokale fagdagar, og samarbeidsavtalen med helseføretak vart nytta i høve opplæring i relevante prosedyrar.

Fleire einingar arbeidar med arbeidsdeling slik at ein jobbar mest mogleg effektivt samtidig som rett kompetanse vert brukt på rett stad. Dette medfører mellom anna opplæring i nye arbeidsoppgåver for helsefagarbeidarar og assistentar.

Det at tilsette får tilbod om heile stillingar er viktig for å skapa kontinuitet, stabilitet og pasienttryggleik for tenestemottakarar i alle aldrar. Det å ha heile stillingar er og eit viktig rekrutteringstiltak. Stord kommune har i følge KS (PAI-registeret) litt høgare heiltidsandel blant turnustilsette innan helse og omsorg (29,8%) enn nabokommunane, men har stort utviklingspotensiale. Kommunen har arbeidd aktivt med dette i 2022, og det er laga ein eigen rapport som synleggjer utfordringane med stort omfang av deltid og tiltak knytt til dette. Rapporten syner og at ein er komen godt i gang med tiltaka, men at det framleis er nokre einingar som ikkje har fått på plass vikarstab. Dette vil ha merksemd i 2023.

Velferdsteknologi og digitalisering

Det har vore ein jamn auke i bruk av velferdsteknologi i alle einingane. Tal tryggleiksalarmar held seg stabilt, medan talet på dørsensorar, fallsensorar, røyksensorar, GPS, digitale tilsyn og medisindispenserar aukar. Auka bruk av velferdsteknologi har positiv effekt både for brukar og drift av

tenesta. Brukar og pårørande kjenner på auka tryggleik, sjølvstende og meistring. Til dømes det å kunne ta medisinen sjølv i staden for å venta på tenesteytar. Eller framleis å kunne vera aktiv og bevege seg ute i samfunnet med GPS og vera trygg på å bli funnen om ein går seg bort. Bruk av digitale tilsyn gir brukar god nattesøvn, då dei får tilsyn utan å bli vekka på natta. Natt-tenesta kan gjera fleire andre tilsyn på natta utan å auka ressursane.

Hausten 2022 vart alle tryggleiksalarmar med tilhøyrande utstyr byta ut. Kommunen nyttar same responscenter som før. Tidlegare leverandør hadde serviceteknikar som plasserte ut teknologi hos brukarane våre, denne tenesta gjer no kommunalt tilsette sjølv. Dette har ført til endring i ressursbruk ein på sikt reknar med vil gje gode synergieffektar. Ressursane kan nyttast på ein betre måte då serviceteknikarane allereie er ute med hjelpemiddel hos brukarane i dag.

I nye Sævarhagen avlastning og barnebustader er det installert velferdsteknologi som til dømes dørsensor og rørslesensor. Dei tilsette har armband som opnar alle dørane, medan brukar har armband som berre opnar døra til eige rom og andre førehandsbestemte dørar. I tillegg kan brukar nytta armbandet til å tilkalla tilsette og dei tilsette kan varsle kvarandre. Ein kom så vidt i gang med testing i 2022 og vil i 2023 arbeida vidare med bruken slik at teknologien kan gi gevinstar som tryggleik både for brukar og tilsette samt betre utnytting av ressursane.

Knutsaåsen omsorgssenter har fått oppgradert sjukesignalanlegget i samband med oppussing. Det nye anlegget har fleire velferdsteknologiske løysingar. Mellom anna er det montert dørsensorar på alle utgangsdører og trapperom som kan varsle dersom bebuar som nyttar armband/smykke går forbi. Alle rom har mogleik til å nytta rørsle- og dørsensor. Målet er at også her vil teknologien gi gevinstar som tryggleik for brukar og tilsette samt betre utnytting av ressursane våre.

I prosjekt «Opplæring og styrking av den digitale helsekompetansen hos seniorar i Stord kommune» er det gjennomført informasjonsmøte om både BankId og Helsenorge.no. Om lag 70 møtte, og det var i etterkant av kursa høve til å melda seg på kurs i bruk av Helsenorge.no. Fleire meldte seg på, og det er gjennomført tre slike kurs. Fleire kurs er planlagde i 2023. Det er og gitt informasjon om DigiHelse, som er digital innbyggjardialog via Helsenorge.no, på alle pårørandemøte på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter. Det er kjøpt inn 15 KOMP, som er eit enkelt kommunikasjonsverktøy for videosamtale og bildedeling. Bebuarane på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter kan låna KOMP for meir kommunikasjon med sine pårørande.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	28,6 %	30,4 %	41,6 %	38,8 %
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	64,9 %	64,0 %	53,0 %	55,8 %
Oppvekst og levkår				
Oppvekst og levkår - Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år	80,0			
Produktivitet				
Netto utgift per beboer på sykehjem (B)	1 342 714	1 481 141	1 461 130	1 500 647

Dekningsgrad

Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	39,8 %	40,8 %	31,1 %	29,8 %
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold (B)	97,4 %	96,5 %	88,4 %	87,8 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	29,8 %	28,0 %	18,7 %	18,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	26,9 %	27,2 %	15,9 %	16,6 %
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)	3,5 %	3,9 %	4,9 %	4,9 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)	2,3 %	2,5 %	4,1 %	3,8 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	4,9	4,4	5,8	5,5
Reservekapasitet fastlege (B)	98,3	98,6	100,5	99,5

Miljø

Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert)	65,0
---	------

Kvalitet

Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	81,5 %	78,8 %	78,0 %	78,7 %
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,6	7,2	9,6	9,2
Gjennomsnittlig listelengde	921,0	910,0	994,0	977,0
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,39	0,47	0,64	0,59
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helseper 10 000 innbyggere (helse og sosial)	17	15	9	8
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial)	8,1	9,9	3,4	3,1

Helsetilstand

Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	22,0	23,0
--	------	------

Fagavdeling rehabilitering, helse og omsorg

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Oppvekst og levekår				
Oppvekst og levekår - Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år	80,0			
Miljø				
Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert)	65,0			
Kvalitet				
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	81,5 %	78,8 %	78,0 %	78,7 %
Helsetilstand				
Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	22,0	23,0		

Heimebaserte tenester

Året som gjekk

Hovudtenestene innanfor området er personretta tenester (heimesjukepleie) og praktisk bistand (heimehjelp). Heimesjukepleien gjev pleie og omsorg til sjuke og funksjonshemma i eigen heim. Tenesta kan og inkludera personleg stell, medikamenthandtering, sårbehandling med meir. Heimehjelp kan gi praktisk hjelp til reingjering, klesvask og anna. Andre tenester som vert gitt eller formidla er mellom anna tryggleiksalarm, omsorgsstønad, dagaktivitetstilbod, hjelpemidlar, brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og avlasting. Tenestene vert gitt etter behov og vurdert i samråd med søkjar. Det er tildelingskontoret som vurderer behova og gjev vedtak.

Tenesteoppgåvene i eininga har auka i omfang og kompleksitet og i 2022 er det gjort ei omorganisering for å tilpassa struktur og oppgåver. Det vart oppretta ei eiga avdeling for personar med demens. Ved å samla kompetanse i høve demensomsorg vil utfordrande tenester omkring demens handterast i ei avdeling med rett kompetanse. Lokala til heimebaserte tenester (HBT) ligg no tre forskjellige stadar, og det er sterkt ønskjeleg å samla desse i eitt bygg.

Eininga har hatt stort press på tenestene i 2022, og det har vore eit år med stort utskifte og høgt sjukefråvær. Det er starta opp eit prosjekt saman med NAV arbeidslivssenter i samband med dette («Ein god dag på jobben»).

Mottak av ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset, mangel på avlastnings- og korttidsplassar og at HBT er eit ope system utan «tak» har ført til avvik i rekneskapen. Mangel på sjukepleiarar har ført til behov for dyre innleige av personell frå byrå og er hovudårsaka til eit negativt økonomisk avvik på 2,7 mill. kr.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	64,9 %	64,0 %	53,0 %	55,8 %
Dekningsgrad				
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	39,8 %	40,8 %	31,1 %	29,8 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	29,8 %	28,0 %	18,7 %	18,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	26,9 %	27,2 %	15,9 %	16,6 %

Institusjon

Året som gjekk

Stord sjukeheim har 99 institusjonsplassar og åtte plassar med heildøgnsomsorg. Knutsaåsen omsorgssenter har 46 plassar. Institusjonstenesta tilbyr langtidsplassar, korttidsplassar, utgreiing og behandling av personar med demens og medisinsk behandling.

Sjukeheimen har i 2022 hatt eit overforbruk på rundt 4 mill. kroner. Styrka nattdrift som følgje av fleire bebuarar frå Knutsaåsen, behov for mellombels styrka bemanning knytt til enkeltbrukarar, prisauke for forbruksvarer og ekstra vikarutgifter for unormalt høgt sjukefråvær er grunnar for overforbruket.

I samarbeid med eining for aktivitet og rehabilitering er det blitt innreia treningsrom ved sjukeheimen. Dette vil ein nytta mellom anna til pasientar som har rehabiliteringsopphald. Det er også etablert ei gruppe som arbeidar særskilt med innhald til tilbod til yngre bebuarar med demenssjukdom.

Det vert gjennomført ulike aktivitetar som kino med snacks, dans og andre arrangement ved institusjonane. I tillegg er det eit godt samarbeid med lag og organisasjonar om regelmessige, sosiale aktivitetar.

Det er gjennomført ei større oppgradering av avdeling 2 ved Knutsaåsen omsorgssenter i 2022, samtidig vart sjukehusanlegget på heile huset oppgradert. Medan avdelinga vart pussa opp, nytta ein ledige rom på sjukeheimen til bebuarane. På grunn av drift ved to lokasjonar, men også grunna periodevis auka bemanning knytt til behov hos enkeltpersonar, har Knutsaåsen eit negativt avvik i 2022 på vel 3,67 mill. kr.

Ved Knutsaåsen omsorgssenter er kjøkkenpersonell no med ved innsamlingssamtale med nye bebuarar. Sjukeheimen gir tilbod om pårørandesamtale kvart halvår og har samarbeidsmøte med bebuar, pårørande og andre helseinstansar ved behov.

Institusjonane har over fleire år hatt eit godt samarbeid med barnehagar og det er gode, positive møte mellom barn og eldre.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Prioritet				
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	28,6 %	30,4 %	41,6 %	38,8 %
Produktivitet				
Netto utgift per beboer på sykehjem (B)	1 342 714	1 481 141	1 461 130	1 500 647
Dekningsgrad				
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold (B)	97,4 %	96,5 %	88,4 %	87,8 %
Kvalitet				
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,39	0,47	0,64	0,59

Rehabiliteringstenester

Året som gjekk

På Stord kommunale rehabiliteringssenter vert det drive dagrehabilitering. Eininga har ergo- og fysioterapiavdeling med kommunalt tilsette fysioterapeutar og ergoterapeutar, varmtvassbasseng og treningsavdeling.

Eininga organiserer elles transport for funksjonshemma, frisklivssentral, ulike trenings- og aktivitetstilbod, administrerer varmtvassbasseng og formidlar hjelpemiddel (både kommunale og NAV-finansierte). Eininga vart miljøfyrtårn-sertifisert i 2022.

Ergo-/ og fysioterapiavdelinga gir tenester i brukar sin heim, i barnehage, i skule, på langtids- og korttidsavdelinga på sjukeheimen, på Knutsaåsen, på interkommunal døgnavdeling (IDA) og gjennom poliklinisk verksemd. Avdelinga har mange gruppetilbod til forskjellige brukargrupper, mellom anna parkinsongruppe, muskel- og skjelettgruppe og open treningssal. I tillegg har Friskliv og meistring mellom anna kurs i meistring av langvarige smerter, kurs i røyke- og snuslutt og depresjonsmeistringskurs.

Drift og ansvar for kommunalt lager for hjelpemiddel er overført frå ergo- og fysioterapitenesta til servicetenesta. Terapeutane får no arbeida meir målretta med sine oppgåver der det er behov for ein

terapeut. Hausten 2022 vart utplassering og vedlikehald av tryggleiksalarmar og anna velferdsteknologi lagt til servicetenesta. Oppdraga vart auka frå 1457 i 2021 til 1636 i 2022. Denne tenesta vert styrka med 20 prosent stilling i 2023.

Det er ein ergoterapeut, ein fysioterapeut og ein sjukepleiar som driv heimerehabilitering. Alle har 60 prosent stilling til dette føremålet. Det var 55 brukarar som fekk denne tenesta i 2022 mot 62 året før. Gjennomsnittleg alder var 76 år. Samtidig var det 75 brukarar som fekk dagrehabilitering.

Eining for Aktivitet og rehabilitering har eit positivt økonomisk avvik på kr 0,9 mill. kr. Grunna behov for spesialisert kompetanse som ein ikkje har sporadisk tilgang på, vert det i liten grad nytta sjukevikar i denne eininga, sjukefråvær gjev dermed ei økonomisk innsparing, men med risiko for å belasta dei som er att på jobb. Det er også økonomisk innsparing knytt til bassengdrift.

Tenester til personar med utviklingshemming

Året som gjekk

Eining for habilitering organiserer tenester til personar med utviklingshemming. Felles for alle som mottek habiliteringstilbod er at dei treng planlagde, samansette og samordna tenester for å nå sine egne mål.

Eininga driftar bufellesskap seks stadar i kommunen. I tillegg har dei ansvar for dagtilbod og avlastingstilbod for personar med utviklingshemming og gjev time- og døgnbaserte tenester til personar som ikkje bur i bufellesskap.

I 2022 hadde eininga eit overforbruk på 0,24 mill. kr. Stort sjukefråvær med innleige av vikarar er medverkande årsak til overskridinga.

Ny barne- og avlastingsbustad stod ferdig i Sævarhagen i slutten av 2022. Her er fire barnebustader og 10 avlastingsbustader. Nybygget vart teke i bruk ved årsskiftet. Saman med ei foreldregruppe er det under planlegging nytt bufellesskap i Kårevikmarka.

På oppdrag frå kontrollutvalet har revisjonsfirmaet Deloitte gjennomført forvaltningsrevisjon på kapasitet og effektivitet i eininga. I tillegg har Statsforvaltaren, i samband med eit landsomfattande tilsyn, hatt tilsyn med barne- og avlastingsbustader. Rapportane etter revisjonen og tilsynet kjem våren 2023.

Kvar avdeling har laga ein kompetansebank. Her får avdelingsleiarane oversikt over kompetanse i eigen avdeling og i dei andre avdelingane i eininga. Slik vert det enklare å nytta kompetanse på tvers av avdelingar. Tilsette sin kompetanse vert mellom anna nytta til internundervisning i avdelingane, t. d. førebygging av vald og truslar, om ryggombod og miljøarbeid. Eininga har halde fram med implementering av «Positiv adferdsstøtte» (PAS), ein metode for å auka livskvalitet og handtera utfordrande åtferd. Eininga har motteke kr 500 000 i tilskot frå Helsedirektoratet til dette arbeidet.

Eininga har hatt generelt høgt sjukefråvær i 2022 med auke mot slutten av året. I samband med dette har fleire avdelingar samarbeidd med NAV arbeidslivssenter for råd og rettleiing. Saman med at det har blitt vanskelegare å rekruttera, så har dette ført til stort forbruk på vikarar og mykje overtid.

Tildelingskontoret

Året som gjekk

Tildelingskontoret har ansvaret for å sakshandsama søknader og tildela kommunale helse- og omsorgstenester og kommunale bustader. Kontoret er og koordinerande eining. Det vil sei at dei har det overordna ansvaret for å koordinera tenestene til dei som har behov for langvarige og samordna tenester. Tildelingskontoret er den «eine døra» innbyggjarane møter for å få naudsynte helse-, rehabilitering- og omsorgstenester.

Bustadkontoret, som er del av tildelingskontoret, handsamar søknader om bustønad, kommunale bustader, startlån og tilskot. Bustadkontoret deltek i bustadrådgjevingstenesta og bidrar i utviklinga av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Bustadrådgjevingstenesta gjev råd i samansette og kompliserte bustadsaker, der det er behov for kompetanse innan funksjonsvurdering, tilrettelegging, økonomi og byggteknikk. Tenesta omfattar husbankkonsulent, prosjektleiar frå tekniske tenester og ergoterapeut.

I 2022 vart det utbetalt 48 startlån på til saman 76 mill. kr. 56,3 prosent av utlånet gjekk til barnefamiliar. Resten er for det meste gitt til einslege uføretrygda. 413 hustandar fekk bustønad i 2022, mot 383 året før. Bustadrådgjevingstenesta har vore på fleire synfaringar, og det vart utbetalt fem tilskot på til saman over 0,57 mill. kr i løpet av året. Ei brukarundersøking ved bustadkontoret i desember viste at brukarane var svært nøgde med måten dei vart møtt på.

Det var i 2022 totalt 2386 saker om helse- og omsorgstenester som vart handsama. 2124 søknader vart innvilga og gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 22 dagar. 10 klagesaker som omhandla tenesteområdet vart handsama. Ei klage vart trekt og ein klagar fekk medhald av kommunen. Dei resterande åtte klagane gjekk vidare til Statsforvaltaren, som i ei sak gav klagar medhald. I to saker oppheva Statsforvaltaren kommunen sitt vedtak og i fire saker stadfesta Statsforvaltaren kommunen sitt vedtak. Ei klagesak vart ikkje ferdighandsama i 2022.

På bakgrunn av mangel på institusjonsplassar og knappe ressursar i utførareiningane, er det vorte meir krevjande for sakshandsamarane å handsama søknader om helse- og omsorgstenester av di sakene då vert meir komplekse og tidkrevjande.

Når Helse Fonna melder til kommunen at pasientar er utskrivingsklare, må kommunen ta imot desse eller betala døgnpris for dei. Det var budsjettert med 90 døgn, men viste seg å bli heile 532 døgn. Det vart overført 2,76 mill. kr til Helse Fonna for utskrivingsklare pasientar i 2022. Dette var 1,61 mill. kr meir enn i 2021.

Tildelingskontoret hadde eit underskot på 0,9 mill. kr i 2022. Dette var knytt til meirforbruk for utskrivingsklare pasientar. Talet hadde vore høgare dersom det ikkje var mindreforbruk ved BPA (brukarstyrt personleg assistent) og lønskostnader (vakante stillingar).

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Året som gjekk

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS (SIL) er eit godt etablert selskap som har vore i drift sidan 2014. SIL leverer legevaktteneste i 1.etasje og har kommunale akutte døgnseger (KAD) og intermediærseger ved døgnavdeling IDA i 2.etasje. Sidan opninga av legevaktbygget i 2017 har SIL svara legevakttelefonen heile døgeret for kommunane Fitjar, Bømlo og Stord, medan det er ope for pasientar med lege i vakt kl. 15.00–08.00 på vekedagar og kl.08.00–08.00 på helg og helgedagar. I tillegg svarar ein legevakttelefon for kommunane Tysnes og Kvinnherad i heile eller deler av døgeret. Legevakta har ei stabil og røynd bemanning av både sjukepleiarar og legar. Dei fleste vaktlegar ved legevakta er fastlegar som er pålagde ei vaktteneste i tillegg til arbeidet på fastlegekontoret. Med ein legevakt der sjukepleiar er til stades heile døgeret, får ein god tilgjenge til rådgjeving ved akutt helsehjelp. Legevakta skal tilby naudsynt hjelp ved akutt sjukdom eller skade som ikkje kan venta til første kvardag.

Legevakta har i 2022 svara på 26697 henvendingar frå alle fem kommunane. Ein auke på 2639 henvendingar sidan 2021. Det er frå alle kommunane ein auke i telefonråd, men ein ser også at stadig fleire pasientar må ta turen innom legevakta. Me ser ein auke i tal henvendingar innan alle hastegrader, men særleg vanleg- og hastegrad som skal ha tilsyn av lege innan to timar. Det er merkbar at samfunnet er opna opp att og på veg attende til normale rutinar etter pandemien. Kontaktflater er større og folk «lever som normalt», men etter år med pandemi og strenge hygienereglar og reduserte sosiale aktivitetar viser det seg at infeksjonar og sjukdom generelt aukar. Samtidig påverkar fastlegekrisa i kommunane våre pågangen på legevakttenesta.

Interkommunal døgnavdeling (IDA), for Bømlo, Fitjar og Stord, fungerer svært godt. Denne har kommunale akutte døgnseger og intermediærseger. Lokaliseringa i nærleiken av legevakta og sjukehuset har vist seg vellukka og har gitt gode høve til samdrift og glidande overgangar for pasientane, alt etter trong hjå dei som er sjuke. Det er høg grad av sjukepleiardekning i avdelinga grunna aktiv behandling for KAD-sengene (kommunale akutte døgnseger). Det er eit vidt omgrep av diagnosar som vert behandla i avdelinga innan ålmenntmedisinen. Bruk av sengene har auka gjennom det siste året, mykje grunna komplekse pasientar som vert utskriven frå sjukehus som ein har vanskar med å ta ut til heimen. KAD-sengene er godt brukt siste året.

Lokaliseringa i nærleiken av legevakta og sjukehuset har vist seg vellukka og har gitt gode høve til samdrift og glidande overgangar for pasientane, alt etter trong hjå dei som er sjuke. Dette, og det at avdelinga informerer ut til fastlegar, legevakslege og sjukehus ved ledige seger gjer at bruken aukar.

Eining for psykisk helse og rus

Året som gjekk

Eininga organiserer tenester til personar med psykiske- og/eller rus-vanskar i Stord kommune og driftar dagsenter, gjev oppfølging i bustad, støttesamtalar og ulike gruppetilbod. I tillegg driv eininga lågterskel helsestasjon.

Oppsøkande tenester og lågterskel helsestasjon har vore drifta frå Lønningsåsen. Lokale parkeringsutfordringar og HMS- tiltak knytt til dette vart ikkje ferdigstilte, noko som har vore ei utfordring for optimal drift. Det føregår eit samarbeid med tekniske tenester i høve dette, og det er venta at arbeidet vert ferdig sommaren 2023.

Lågterskeltenestene har hatt eit høgt aktivitetstilbod gjennom 2022. Eininga fekk tilskot frå Helsedirektoratet til ei midlertidig styrking av lågterskeltilbod innan psykisk helse i 2022. Det har mellom anna vore arrangert skrivekurs, brukarturar, aktivitet som Petanque, kino, trening, i tillegg til innkjøp av aktivitetsutstyr.

Hamna kontaktsenter har opplevd ein stor auke i antal brukarar. Mykje av grunnen til dette er krigen i Ukraina. Frå september/oktober vart det stor pågang med ukrainske flyktningar som hadde behov for dette tilbodet.

Eininga har gjort ei satsing knytt til kompetanseheving for dei tilsette i høve vald og aggresjonsproblematikk. Målet var å bidra til auka tryggleik for pasientar og personalet, samt redusera førekomst av aggresjon og valdelege episodar. 40 tilsette har gjennomført kurs om møte med aggresjonsproblematikk (MAP) i 2022. Eininga hadde eit mindreforbruk som i hovudsak skuldast tilskotsmidlar knytt til koronasituasjonen og lågterskeltilbod samt nedtrapping av omsorgsteam.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Kvalitet				
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helseper 10 000 innbyggere (helse og sosial)	17	15	9	8
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial)	8,1	9,9	3,4	3,1

Legeteneste

Året som gjekk

Kommunane i landet slit framleis med å få fastlegar. Det same gjeld for Stord kommune. Samarbeidsutvalet mellom fastlegane på Stord og kommunen har drøfta ulike lokale ordningar for utviding av kapasitet og betre grunnlag for rekruttering. Stord kommune har næringsdrivande fastlegar som hovudordning, men tilbyr også praksis som kommunalt løna ved rekruttering. Dette kan gjerast mellombels eller varig og det vert gjort gjennom innløyising av ledige praksisar og ved at kommunen leiger seg inn i eksisterande praksisar og ber ein del av driftskostnadane.

Stord kommune har 22 fastlegeheimlar fordelt på 5 legekantor. To av kontora er drifta reint privat, for dei andre tre har kommunen avtale om å betala del av driftsutgifter. Det er 17 sjølvstendig næringsdrivande og 5 fastlønna legar i Stord kommune. Ei av listene er ubesett og vert bemanna med langtidsvikar. Det er også nytta vikar i andre lister, det gjeld i hovudsak permisjonar og sjukefråvær for kommunalt løna legar. Tal innbyggjarar utan fastlege i Stord kommune var ved utgangen av 2022 212 personar, tilsvarande tal i juni 2022 var 21. Ved utgangen av 2022 var det registrert 1232 personar som ønskjer å byta fastlege. Av dei 22 fastlegelistene i kommunen er tolv lister låst, medan ein kan setje seg

på venteliste på dei ti andre. Den største lista er på 1300 personar, den minste på 600 personar og gjennomsnittleg listestorleik er på 897 personar. Total listekapasitet er 19730.

Det er gjort ei rekkje forsøk på å lysa ut fastlegeheimlar gjennom året. Frå september og oktober vart det tilsett to nye kommunalt løna legar. Det er kontinuerleg arbeid med å finne ei løysning for å auka fastlegekapasiteten og redusera vikarbruken i tenesta. For å sikra særleg sårbare grupper, er det etablert eit mellombels avgrensa fastlegetilbod til nybusette flyktningar og bebuarar på mottakssentera.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Dekningsgrad				
Reservekapasitet fastlege (B)	98,3	98,6	100,5	99,5
Kvalitet				
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,6	7,2	9,6	9,2
Gjennomsnittlig listelengde	921,0	910,0	994,0	977,0

Nav kommune

Året som gjekk

På NAV-kontoret arbeidar tilsette frå kommune og stat side om side for å finne gode løysingar for brukarane. Her vert det vurdert arbeidserfaring, utdanning, kompetanse, ferdigheitar, interesser og moglegheitar eller utfordringar for å komma i jobb. NAV gjev og økonomisk rådgeving.

NAV har ei eiga avdeling for oppfølging av flyktningar. Flyktingtenesta buset overføringsflyktningar eller flyktningar som har budd på asylmottak. Dei vert busette i kommunale eller private bustader. I tillegg gjennomfører og følgjer flyktingtenesta opp introduksjonsordninga i samarbeid med andre tenester i NAV og vaksenopplæringa. Introduksjonsprogrammet skal gjera det enklare for flyktningar å ta del i arbeidslivet og skal gjera dei meir økonomisk sjølvstendige.

Det har og i 2022 vore fokus på tryggleik for dei tilsette i NAV etter den tragiske hendinga ved NAV Årstad hausten 2021. Lokalt er det gjennomført kurs i konfliktdempande kommunikasjon, og det har vore arbeid med NAV sin tryggleiksnorm.

Nav har gjennom året hatt særleg fokus på barn sine oppvekstvilkår. Det er i denne samanhengen gjort utvida kartlegging av barnefamiliar. Målet for 2022 har vore at færre enn 15 barnefamiliar skal motta økonomisk sosialhjelp i seks av tolv månader i året. Resultatet vart akkurat 15 familiar.

Eininga hadde i 2022 eit mindreforbruk på 2,86 mill. kr. Årsaka er hovudsakleg busetjing av færre flyktningar enn budsjettert .

Integreringsrapport 2022

Anmodning frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI)

Hausten 2021 vart Stord kommune anmoda av IMDI å busetja 22 personar i løpet av 2022. Stord kommune vedtok å busetja anmodningstalet på 22, det gjaldt for vaksne og familiar. Einsleg mindreårige er ikkje med i dette talet.

Den 24. februar braut krigen ut i Ukraina. Det vart raskt eit auka behov for å ta imot fleire fordrevne ukrainarar til Noreg. IMDI sendte tilleggsoppmodning til Stord kommune på 153 flyktningar, familiar og vaksne. Stord kommune vedtok å busetja til saman 175 flyktningar/personar i 2022.

Familiesameiningar og sekundærbusetjing kom i tillegg. Kommunen hadde også personar busette på alternativ mottaksplassering (AMOT) i 2022.

Det vart behov for å auka opp ressursar/tilsette i flyktingtenesta. Dette vart gjort gjennom å omplassera tilsette i kommunen, mellom anna for at tilsetjingsprosessen då kunne gå raskt. Tenesta var raskt i gang med å skaffa og klargjera bustadar.

Det vart lagt til rette for at innbyggjarane i Stord kommune kunne melda inn ledige bustadar via Stord kommune si heimeside, og det var mange som melde inn ledige bustadar, både hus, leilegheiter og fleire opna opp for å ta imot flyktningar i eigen heim. Flyktingtenesta prioriterte å leiga sjølvstendige leilegheiter og hus.

Ein del av utleigarane ønskte å stilla bustadar til rådvelde til dei som kom frå Ukraina medan andre ønskte å leiga ut til flyktningar, uavhengig av nasjonalitet.

Flyktingtenesta opplevde at konkrete førespurnader om busetjing frå IMDi ikkje kom i det tempoet som var førespegla.

Busetjing

Det vart busett til saman 105 flyktningar i 2022. Blant desse er det tre familiar frå Syria og to familiar (i same busetjing) frå Eritrea, som kom som overføringsflyktningar. Resten kom som flyktningar frå Ukraina.

- seks vaksne og åtte barn frå Syria
- fire vaksne og tre barn frå Eritrea
- 48 vaksne og 36 barn frå Ukraina . Av desse kom elleve som sjølvbusett. Det vil seia dei kom direkte til Stord og hadde bustad inntil vidare. Stord kommune meldte til IMDI om at me var positive til å busetja desse.

I tillegg vart to personar sekundærbusette.

Me ser at dei ukrainske flyktingane reiser både til andre land og tilbake til heimlandet. Dei reiser mellom anna for å besøka familie, for å skaffa naudsynste dokument, for å få oppfølging av helse m.m.. Nokre har også returnert til heimlandet.

Barnehage/skule

Flyktingtenesta søkte barnehageplass for barna før busetjing, og barnehagane i Stord kunne tildela plass til alle innan kort tid. Det vart avtalt mottaksmøte på skulane før innkomst, slik at barna skulle få byrja på skulen kort tid etter busetjing.

Det vart bestemt at skuleborna frå Ukraina ikkje skulle gå i innføringsklasse slik flyktingar frå andre nasjonalitetar gjer. Ukrainske born skal gå på den skulen som er i deira skulekrins. Det er berre ein barneskule og ein ungdomskule som har innføringsklasse i kommunen. Det er også innføringsklasse på vidaregåande. Me melder inn barn/ungdom som er ferdige på ungdomskule, etter busetjing, ettersom vidaregåande skule ikkje er obligatorisk.

Flyktingane er busette i ulike krinsar i kommunen. Langeland og Leirvik skule har frå før mange elevar, både norske og dei som kjem som flyktingar. Me prøvde å busetja i andre krinsar, samstundes var me avhengig av å få bustad i rett krins. Me ser at mange vart busette i Langeland og Leirvik krinsane.

Helse

Det var mange flyktingar som kom til mottaka i Noreg på kort tid i 2022. Det var dels usikkert om alle hadde fått den helsesjekken dei skulle få på mottaket før busetjing i kommunane, difor kalla Stord helsestasjonen inn alle til sjekk i ein periode. Dei flyktingane som kom til kommunen som sjølvbusett i byrjinga av året, måtte vente noko lengre før dei fekk helsesjekken enn det som er ideelt. I ein ekstraordinær situasjon der ein også mangla listeplass i ordinær fastlegeteneste, vart det frå hausten 2022 etablert eit mellombels legetilbod for nybusette flyktingar for mellom anna å sikra oppfølging av kronisk sjukdom og andre behandlingsskrevjande tilstandar.

Frivillige organisasjonar og fritidsaktivitetar

Dei frivillige organisasjonane har gjennom 2022 mobilisert stort og oppretta fleire tilbod og aktivitetar til flyktingar. Mellom anna er det etablert ein møtestad for flyktingane i Stord, i Leirvikstova, kvar fredag frå kl. 15.00–17.00. Det vert organisert av frivilligsentralen, Norsk folkehjelp, Røde kors, Mental helse og Bygdekvinnelaget. Det har vore jamlege møte med frivillige gjennom 2022.

Elles har mange av barna starta i idrett eller andre fritidsaktivitetar.

Prisen for god tilgjenge

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har tildelt Pris for god tilgjenge 2022 til Stord flyktingteneste.

Grunngjeving for tildelinga: «Stord flyktingteneste har gjort ein enorm jobb i så kort tid for å ta imot mange flyktingar som er ramma av krig, både i Europa og andre deler av verda. Dei gjer sitt beste alltid for å gi ein god start i samfunnet for alle, særleg barnefamiljar.»

Introduksjonsprogram

Også introduksjonsprogrammet vart prega av situasjonen med dei mange fordrevne frå Ukraina med opphald i Noreg etter utlendingslova § 34, «kollektiv beskyttelse». Med verknad frå 1. juni 2022 vart det innført særlege reglar for introduksjonsprogram og opplæring i norsk for denne gruppa (kapittel 6A i integreringslova). Tilpassinga vart gjort for å bidra til raskare busetjing av ukrainske fordrevne og for at

kommunane skulle kunna handtera situasjonen på best mogleg måte med tanke på rask integrering og sysselsetjing. Programmet for dei ukrainske fordrivne har vore ulikt samanlikna med dei som har fått vern på individuelt grunnlag. Dei ukrainske fordrivne har mellom anna rett, men ikkje plikt til introduksjonsprogram. Ein annan viktig skilnad er at dei ukrainske flyktningane med kollektivt vern ikkje har hatt rett og plikt til karriererettleiing, men kan få dette som ei frivillig ordning ved behov. Programma til dei ukrainske fordrivne skulle heller ikkje vera like omfattande som dei andre programma, men samstundes skulle dei minst omfattast av språktilbod og arbeids- eller utdanningsretta element og foreldrekurs for dei med barn under 18 år. Me har også nytta jobbspesialist frå NAV i oppfølginga av nokre av deltakarane med slutt mål om å skaffa arbeid.

I tillegg til mykje jobbing kring ukrainske introduksjonsdeltakarar også i 2022 er det etablert foreldrerettleiing for introduksjonsdeltakarar med barn under 18 år. Familierettleiar ved førebyggjande tenester heldt desse kursa i samarbeid med flyktningtenesta. Den første gruppa med arabiske deltakarar starta i september 2022 opp med COSP foreldrerettleiingskurs, eller Tryggleikssirkelen som det heiter på norsk.

Forutan dei ukrainske fordrivne som starta i introduksjonsprogrammet frå og med august månad, har dei andre deltakarane i introduksjonsprogrammet kome til kommunen direkte gjennom FN-systemet som overføringsflyktningar frå ulike land, samt frå asylmottak eller som familiesameinte. Lengda på introduksjonsprogrammet til dei nybusette flyktningane etter den nye integreringslova skal differensierast frå tre månader til fire år ut frå kva bakgrunn den einskilde har av utdanning og yrkeserfaring, samt kva slutt mål deltakaren har for sitt introduksjonsprogram. Dei fleste av deltakarane med innvilga vern på individuelt grunnlag har hatt toårige program med moglegheit for forlenging i ytterlegare eitt år. Etter gjennomføring av karriererettleiing hos Karriere Vestland og utarbeiding av integreringsplan, startar deltakarane i introduksjonsprogrammet sitt. Innhaldet i programma er vanlegvis dei ulike obligatoriske elementa som IMDi har fastsett, som norskopplæring, livsmeistringskurs, foreldrekurs, samfunnskunnskap, samt arbeids- eller utdanningsretta element (til dømes språk- eller arbeidstreningsplass, AMO-kurs i NAV m.m.).

Det har i tillegg vore arbeidd med å få til gode overføringar til NAV for dei av deltakarane som har hatt behov for arbeidsretta oppfølging utover introduksjonsprogrammet. Flyktningtenesta i NAV Stord har vore ansvarleg for å gjennomføra dei ulike elementa i introduksjonsprogrammet saman med vaksenopplæringa i kommunen.

Talet på deltakarar i 2022 har vore mellom 20 og 40 personar kvar månad. Det er framleis nokre deltakarar etter den gamle introduksjonslova, men flest har no vedtak etter den nye integreringslova.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stord 2021	Stord 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 07
Dekningsgrad				
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)	3,5 %	3,9 %	4,9 %	4,9 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)	2,3 %	2,5 %	4,1 %	3,8 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	4,9	4,4	5,8	5,5

Årsrekneskap

Oversyn investeringar og konsolidert rekneskap (Stord hamn)

Investeringar per program

Andre investeringar

Formannskap og driftsutval

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Agresso	693	1 407	-714
økonomistyringsystem			
Arkiv sortering,	1 719	1 434	285
registrering og			
deponering			
Breibandsutbygging	1 210	2 583	-1 373
Byromstrategi	760	16	744
Digitalisering	451	517	-66
Digitaliseringsstrategi	891	28	863
Fastsamband Huglo,	213	0	213
planprogram			
Finansiering investering	3 376	14	3 362
Forstudie bilordning	191	0	191
Forstudie nytt basseng	300	0	300
Forstudie underjordisk	613	495	118
parkeringsanlegg			
Fotballbane ved Hystad	285	0	285
skule			
Frugarden gravplass –	988	0	988
prosesjonsveg			
IKT infrastruktur	1 856	1 567	289
Innkjøpsløyving (EHF)	92	8	84
Justeringsavtale 2020,	0	1 875	-1 875
Solbakken AS			
Regulering	85	275	-190
prosesjonsveg Stord			
kyrkje			
Reguleringsplan	300	0	300
næringsområde			
Grunnavågen			
Rehabilitering kyrkjene	7 521	2 322	5 198
ROS analyse, revisjon	107	14	92
Startlån	0	28	-28
Utlån kraftsalsfond	0	1 090	-1 090
Utstyr kyrkjeleg	840	0	840
fellesråd			
Utstyr/maskiner	3 400	3 064	336
lån/fond			
Vår digitale framtid	4 009	8 486	-4 477
Sum	29 898	25 223	4 675

Utval for plan og utvikling

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Asfaltering kommunale vegar	10 657	9 512	1 145
Ballplassar og nærmiljøanlegg	928	0	928
Brann, innemiljø, enøk kommunale bygg	15 484	14 965	519
Dagkasernering, renovering av brannstasjon, bilordning	4 893	839	4 054
Dagsturhytta Stord kommune	0	24	-24
Digitalisering byggesaksarkiv	991	19	972
eByggesak	240	177	63
Forsikringsaker	742	0	742
Geodataplan for Hordaland (nykartlegging/flyfotografering)	332	50	283
Grunnkjøp	8 831	0	8 831
Inventar og utstyr VTP	1 545	991	555
Investering utstyr brann	922	810	111
Kartlegging av lokale friluftsområde	0	19	-19
Kjøp/sal av eigedom	0	1 086	-1 086
Ladestasjonar for kommunale el. bilar	495	487	8
Ny barnehage bydel Sagvåg	841	0	841
Ny brannbil	1 188	0	1 188
Ny rackethall	695	0	695
Ny veg til Grunnavågen	0	560	-560
Nye institusjonsplassar	10 616	0	10 616
Oppfølging Lønningsåsdammen	0	804	-804
Park- og friluftssareal	916	0	916
Parkeringsplass Heio	2 916	210	2 706
Reguleringsplan	0	209	-209
Skotaberg/Sponavik			
Renovering skeisebanen	4 696	0	4 696
Rullering av trafikkisikringsplan SK	236	164	72
Rådhuset ombygging 2017-2021	6 357	1 569	4 788
Sikring av kunstgrasbaner mot forureining (granulat)	673	0	673
Skog - prosjekt	159	0	159
Skyttarhaugsvegen	990	15	975
Solidhuset - rehabilitering garderobar	1 188	104	1 084
Sponavik camping - kloakk ny pumpestasjon	594	524	70
Stord kommunale eigedom utstyr	1 192	1 203	-11
Tiltakspakke 2020 VTP	0	1 478	-1 478
Toalettbygg Åsbanen	990	0	990
Trafikkisikring	3 056	2 820	236
Veganlegg/utbetring	4 215	2 851	1 364
Veglys	5 198	1 411	3 787
Vikahaugane rehabilitering	2 403	2 574	-170
Vognskur og miljøstasjonar	1 574	323	1 251
Øvrige investeringer	0	2 602	-2 602
Øvrige investeringer	342	0	342
Sum	97 099	48 401	48 698

Utval for oppvekst og kultur

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Aktivitetspark Stord kulturhus	3 008	3 950	-942
Felleskonto idrettsanlegg	6 915	0	6 915
Forprosjekt ombygging kulturhuset	41	127	-86
Hystad skule uteamfi	296	297	-1
Klatrehall	13 959	0	13 959
Knutsatunet, inventar og utstyr	123	0	123
Kommunedelplan for kultur	99	0	99
Kulturhus rehabilitering symjehall	3 358	1 075	2 283
Kulturhuset rehabilitering	199	0	199
Kulturhuset undervisningsrom	332	0	332
Kulturskolen			
Kulturtenester, inventar og utstyr	1 546	527	1 019
Kvalitetsutviklingsplan oppvekst og kultur	198	0	198
Langeland skule - lærararbeidsplassar	730	0	730
Langeland skule ny gymsal	28 157	1 432	26 725
Leirvik skule ombygging lærararb.plassar/nye klasserom modular	1 516	460	1 056
Ny vassklie symjehall kulturhuset	975	0	975
Nye lærebøker	4 370	4 370	0
Nysæter Ungdomsskule	171 881	153 024	18 857
Ombygging Langeland skule gymsal til tre klasserom	10 073	0	10 073
Ombygging Leirvik skule	990	0	990
Rehabilitering uteareal skular og barnehagar	1 683	891	792
Skular og barnehagar, inventar og utstyr	1 749	1 094	655
Skuleadministrativt system	217	791	-574
Uteareal Langelands skule, masseutskifting	9 540	7 094	2 447
Uteareal Rommetveit skule	1 000	998	2
Utgreiing grunnforhold og konstruksjon rundt kulturhuset	198	0	198
Utsmykking	6 010	602	5 409
Sum	269 164	176 731	92 434

Utval for rehabilitering, helse og omsorg

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Avlastningsbustad	26 372	21 583	4 789
Sævarhagen			
Bustadar for vanskeligstilte	3 361	1 272	2 089
Elbilar/ transportbilar	6 701	6 627	74
RHO			
Fortetting kontor plassar	297	0	297
NAV			
Inventar og utstyr, samlepotte under utval for rehabilitering, helse og omsorg	6 131	2 925	3 206
Knutsaåsen	400	0	400
omsorgssenter - utvendig renovering			
Nytt bufellesskap for funksjonshemma (Leirvik-Heiane-Langeland området)	490	61	430
Omsorgsbustader	12 403	515	11 887
Bandadalsplassen			
Personalbase Studalen (Tunet borettslag)	6 045	5 784	261
Planlegging utbygging inst.-baserte omsorgsplassar	300	0	300
Planleggingsmidlar - utvikling av allmennlegetenesta i Stord Kommune	170	0	170
Rehabilitering gamle institusjonsplassar	9 405	6 705	2 700
Rehabilitering Stord sjukeheim	-3 811	3 365	-7 175
Renovering uteareal Knutsaåsen omsorgssenter	200	0	200
Saghaugen personalbase	988	0	988
Sæbø gard, ny løe	1 993	140	1 852
Utleigeboliger	2 406	1 836	570
Utleigebustadar for vanskeligstilte (inkl. Kleivane)	21 615	13 029	8 586
Velferdsteknologi	2 280	1 444	836
Ventilasjon Knutsaåsen omsorgssenter	2 110	0	2 110
Vurdere omlegging av matproduksjon til institusjon	200	0	200
Sum	100 054	65 286	34 769

Sjølvcost

Utval for plan og utvikling

Oversikt investering

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Båstø VA	2 000	0	2 000
Damvedlikehald	2 000	832	1 168
Djupavikjo RA (3.0)	2 000	499	1 501
E39-Litlabøkrysset	140	442	-302
omlegging VA			
Eldøy - Pumpestasjon	1 000	660	340
Eldøy VA, del 2	2 000	515	1 485
Falteinsvik VA	2 900	1 348	1 552
Flathaugane VA	7 000	3 936	3 064
Furulyvegen VA	7 000	5 962	1 038
Geitåsen Solhaug	0	889	-889
omlegging VVA			
Grunnateigen	100	27	73
pumpestasjon			
Grunnavågen VA	348	294	54
Grunnkjøp VA	6 000	0	6 000
Grønavikjo - Vatnadalen	1 500	869	631
HVL			
Hagalio VA	1 550	969	581
Heiane AP og VA-nett	360	235	125
Holevegen VA	7 960	3 427	4 533
HVL Nedre Litlabø til	320	325	-5
Stuva			
Inventar og utstyr VA	2 000	656	1 344
Kappelen AP	1 000	43	957
KDP Overvatn	1 130	451	679
Kjøtteinsvegen SP/OV	0	1 353	-1 353
(39/766)			
Kleivane VA	4 500	5 355	-855
(samarbeidsprosjekt)			
Klingenberg AP/VM	1 450	622	828
Lyngneset	640	570	70
pumpestasjon, utskifting			
Mosahaugen VA -	1 910	2 685	-775
anlegg			
Nattrutekaiaen VA	1 020	14	1 006
Ny Hamnegata	12 585	16 639	-4 054
pumpestasjon			
Nysætervegen VA	2 000	1 530	470
Oppgradering	12 989	4 376	8 613
driftskontroll			
Presthaugshavet-	1 220	666	554
Lundsåsen VL utskifting			
Rammeavtale	0	102	-102
entreprenør VA/Veg			
Ravatnet	11 660	923	10 737
reservevassforsyning			
Rehab. HVL Lundsåsen -	8 740	5 938	2 802
Lunde VM			
Rehabilitering Båtsvikjo	360	273	87
AP			
Rehabilitering	5 700	3 685	2 015
Samfunnshuset AP/VA			
Renseanlegg	4 000	5 272	-1 272
Grunnavågen (1.0)			

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Resipientgransking	2 000	1 133	867
Stord kommune			
Rindane VA	1 000	1 164	-164
rehabilitering			
Rundeheugen VA	3 500	1 344	2 156
(samarb. Jula)			
Sagvåg pumpestasjon	400	374	26
Sagvåg sentrum VA	940	339	601
Skifte av vasskummar	2 000	1 996	4
Sponavikdalen VA	2 500	2 149	351
Sveinslio VA del 2	6 200	7 403	-1 203
Sævarhagen RA (4.0)	1 000	182	818
TS-tiltak X	0	60	-60
Langelandsstølen			
Tysevegen/Rusti	2 000	1 732	268
omlegging VA			
Utbetring Vaulane	10 000	8 812	1 188
Vabakkjen sør VA	9 380	8 810	570
VA-sanering Borggata	1 600	1 653	-53
Nord			
Vassverk oppgradering	1 500	89	1 411
Øvrige investeringer	1 234	1 851	-617
Øvrige investeringer	2 500	153	2 347
Øvrige investeringer	1 000	0	1 000
Øvrige investeringer	2 000	1 030	970
Sum	167 836	112 657	55 179

Forskriftsskjema for konsoliderte selskap

Stord Hamn

Stord hamn skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune.

Dagens rutetrafikk går over Leirvik hamn, Natrutekaien (hurtigbåt) med 5 849 anløp og ferjekaiene Skjersholmane og Jektevik med 14 514 anløp. Det har vidare frå Skotabergkaia vore rutebåt i arbeidsrute for Aker Solutions AS med 461 anløp frå september 2022 og ambulansebåten Rosedoktoren som har registrert 1 185 anløp i 2022. Offshore- og større stykkgodstrafikk går stort sett over Eldøyane, brønnbåtar og mindre fartøy via Leirvik Hamn.

Av andre anløp enn rutetrafikk, var 1 432 frå innanriks- og 358 frå utanriksfart. Totalt antal anløp av alle typar fartøy i 2022 var 23 799.

Samla gjekk det 22 023 tonn gods over offentleg kai i 2022 mot 26 200 tonn gods i 2021. Gods over offentleg kai gjekk noko ned i volum med 4 177 tonn.

Stord Hamn har to godkjente ISPS-hamner (International Ship and Port Security), Stord Hamn, Eldøyane og Leirvik Hamn ISPS-terminal. Det er også tre godkjende privateigde ISPS-terminalar i Stord.

I 2022 har beredskapsbåten «Blåtass» vore i beredskapsteneste. Blåtass vert nytta av hamnestellet og brannstellet til hamnedrift, utrykking ved forureiningar, ulykker og elles ved førespurnad frå politi eller annan offentleg styresmakt. Ein godkjent beredskapsbåt i kommunen sitt sjøområde er ein styrke for beredskapen i kommunen.

Hamnesjefen er nestleiar i Interkommunalt utval mot akutt forureining for Haugesund-regionen (IUA). Dette er et samarbeid mellom 16 kommunar. Stord kommune har også eigen beredskap, og har utstyr til å rykka ut i akutt-tilfelle. Oljevernberedskapen for sjø er det hamnestellet og brannstellet som står for.

Leirvik småbåthamn har over 200 båtplassar og omlag 170 leigetakarar. Stord hamn har ein stabil kundemasse i småbåthamna i Leirvik. Småbåthamna har per i dag ikkje venteliste for båtplass og har 48 ledige båsar i variabel storleik.

Strandpromenaden går frå kunstverket Storddøra ytst på moloen i Leirvik via småbåthamna, bustadsameiget Teinevikjo og Hamnegata, gjennom gjestehamna og over til Natrutekaien. Ein samanhengande promenade har gitt ei trygg, roleg og publikumsvennleg hamn. Det er ute ved Storddøra opparbeida ein park kalla Onarheimsparken med leikeapparat, og satt opp «Mesternes mester» treningsapparat samt ein «utsiktstol» i betong. Ein slik «utsiktstol» er og montert inne ved Leirvik Gjestehamn.

Stord hamn har som mål å liggja i toppen blant dei populære gjestehamnene. Stord hamn har i 2022 hatt sommarvikarar som har sytt for reinhald og orden, og om fredagen har dei laga til servering av vaflar, kaffi og saft. Utanom sommarsesongen er det hamnevakta som er ansvarleg for gjestehamna. Gjestehamna var i 2022 godt besøkt, også utover hausten. Grillhuset og leikeplassen i gjestehamna er i bruk heile året av fastbuande og båtgjester. Betalingssystemet i gjestehamna i Leirvik og i Sagvåg er GoMarina med betalingsautomat og mobilapp. Servicebygget i Leirvik tilbyr besøkande tre garderober samt vaskemaskinar og tørketromlar. Det er og bygd ei søppelbod der gjestene kan kjeldesortera. Veteranbåten Sunnhordland har fast plass i gjestehamna og ligg til kai ved Ventekaien i sentrum av Leirvik. Båten har fått tildelt to parkeringsplassar i samband med dette.

Antal båtar som ligg over natta i Leirvik gjestehamn var i 2022 på 2 367. Dette er akkurat same antal som i 2021. I Sagvåg Gjestehamn er straum og vatn tilgjengeleg samt at det er sett opp skilt ved

innseglinga til Sagvåg om gjestehamna. Her vart det i 2021 opna for at båtgjestene kan betala for opphaldet via appen GoMarina og det vart i 2022 registrert 187 overnattande båtar, ein auke på 51 overnattingar.

Stord hamn signerte avtale med Knapphus Energi AS som drivar av bunkersanlegget i Leirvik Hamn i 2022. Det er gjennomført ei god oppgradering av bunkersanlegg og brygge med nye slangetromlar og nye automatar.

Ad-hoc utval for utvikling av indre Leirvik hamn ferdigstilte sitt strategiarbeid i 2022. Kommunestyret tok strategi for utvikling av indre Leirvik Hamn til vitande.

Kommunestyret har vedteke at Stord Seilforening får løyve til å nytta deler av Skotabergkaien for å legge ut ei flytebrygge. Brygga skal vera eit tilbod til laget sine medlemmer. Sauna og Velvære Stord har fått løyve til å leggja ut ein flytande sauna ved Skotabergkaien, saunaen skal leggst ved flytebrygga til Stord Seilforening når denne er lagt ut.

Leirvik terminal på Nattrutekaia hadde i 2022 ein lekter til kai i seks veker der Stord Innkvartering AS bygde ein brakkerigg om bord.

Eigen app for utrekning av hamnevederlag er no utarbeida og gjort tilgjengelig på Stord Hamn sine heimesider.

I ankringsområdet på Vikafle var eit av verdas største fartøy, Pioneering Spirit, oppankra nokre veker sommaren 2022. Fleire av dei store kranfartøya i verda som til dømes Pioneering Spirit, Sleipnir og Gulliver har hatt anløp og virke på Stord i 2022. Det har til tider vore svært høg hamneaktivitet både i kommunen sitt sjøområde og ved alle offentlege kaianlegg.

Stord Hamn erverva i 2022 et brakkebygg. Brakkebygget er plassert på hamn sitt areal på Eldøyane. Det skal byggast hotell på Nattrutekaia der hamn har kontor i dag og Stord Hamn skal i dette brakkebygget ha mellombels kontorlokale.

REN AS skal utvida sitt beredskapslager på Eldøyane. Dette vert utført ved å bygga nytt bygg i samband med eksisterande bygg. Utløysing av opsjonsavtale for kjøp av tomt samt reguleringsendring er godkjent gjennom politiske vedtak.

Stord Hamn har utført støymålingar i samband med hamneaktivitet på Eldøyane. Månadlege rapportar har blitt levert frå konsulent Asplan Viak til Stord kommune, og det har vore halde nabomøte med berørte innbyggjarar i Stord Rådhus.

Stord Hamn har to landstraumanlegg for større fartøy etablert på Eldøyane og på Nattrutekaia i Leirvik. Det har i 2022 vore fleire fartøy som har kopla seg til straumanlegga på Nattrutekaia.

Stord Kommune disponerer eit samla område på 42 mål på Eldøyane med sjøline og bakareal samt hamneterminal. Alt tilgjengeleg bakareal og hamneterminalen på Eldøyane er leigd ut. ISPS-terminalen og det eksisterande kaianlegget ved Stord Hamn Eldøyane har i 2022 hatt 159 anløp mot 69 anløp i 2021.

Bygging av Kai 3 på Eldøyane har vore eit stort økonomisk løft for Stord hamn. Det er inngått leigeavtale med NorSeaGroup Logistics AS (Stordbase). Stordbase legg til rette for drift av Kai 1, Kai 2 og Kai 3 (nye kaia). Det meste av gods via båt går over dette terminalanlegget. Kai 3 har også vore nytta av verdas største kranfartøy Pioneering Spirit. Ved Kai 1 har det i november og desember blitt montert helidekk

om bord på nybygget/fartøyet Edda Spynx. Dette er eit prosjekt som Stordbase kan gjennomføra då bygging og ferdigstilling av Kai 3 har gjeve ein vesentleg auke i kaikapasitet.

Stord Hamn har dialog med eksterne leverandørar om levering av alternativ energi, som til dømes biogass, til fartøy som anløper Stord Hamn Eldøyane. Det er og dialog om levering av straum til fritidsbåtar.

Stord Hamn sitt areal i Grunnavåg, Sagvåg har blitt makebytta med anna sjønært areal i kommunen utan nærare spesifisert adresse.

Driftsrekneskap (i heile 1000 kroner):

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift				
Rekneskap				
Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Regulert budsjett 2022	Opphavelg budsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter				
Rammetilskot	-	-	-	-
Inntekts- og formuesskatt	-	-	-	-
Eigedomskatt	-	-	-	-
Andre skatteinntekter	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskot frå staten	-	-	-	-
Overføringer og tilskot frå andre	- 77	-	-	- 2
Brukarbetalingar	-	-	-	-
Sals- og leigeinntekter	- 17 085	- 12 303	- 12 303	- 11 178
Sum driftsinntekter	- 17 162	- 12 303	- 12 303	- 11 179
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	3 192	3 489	3 489	3 344
Sosiale utgifter	1 004	1 112	1 112	1 155

Kjøp av varer og tenester	6 589	3 821	3 821	4 164
Overføringer og tilskot til andre	15	-	-	- 7
Avskrivingar	3 122	-	-	3 177
Sum driftsutgifter	13 922	8 423	8 423	11 834
Brutto driftsresultat	- 3 240	- 3 880	- 3 880	655
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	- 255	- 95	- 95	- 109
Utbytter	-	-	-	-
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
Renteutgifter	1 852	1 375	1 375	1 021
Avdrag på lån	1 923	1 965	1 965	1 782
Netto finansutgifter	3 520	3 245	3 245	2 693
Motpost avskrivingar	- 3 122	-	-	- 3 177
Netto driftsresultat	- 2 842	- 635	- 635	171
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 842	635	635	- 171
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk	-	-	-	-
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-

Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	2 842	635	635	- 171
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	-	-	-	0